

”Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka  
strilsk om hondra år”

Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden

Silje Villanger



Mastergradsoppgåve i nordisk språk  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Universitetet i Bergen  
Hausten 2010



# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>VII</b>
<b>Liste over figurar og tabellar</b> .....	<b>IX</b>
<b>Oversyn over vedlegg</b> .....	<b>XII</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.2 Målet med arbeidet .....	1
1.3 Problemstillingar .....	1
1.5 Dialektendringsprosessar .....	2
<b>2. Øygarden – bygda og språket</b> .....	<b>3</b>
2.1 Næringsliv og sysselsetjing .....	4
2.2 Demografi.....	7
2.3 Øygardstalemålet.....	9
2.3.1 Sosiolingvistisk forskning på strilelandet .....	10
2.4 Grammatikkskisse .....	12
2.5.1 Lydverket .....	13
2.5.1.1 Foneminventaret .....	13
2.5.1.2 Fonologiske reglar .....	14
2.5.2 Bøyingsverket.....	14
2.5.2.1 Substantiv .....	15
2.5.2.1.1 Hankjønn .....	15
2.5.2.1.2 Hokjønn .....	15
2.5.2.1.3 Inkjekjønn.....	16
2.5.3.2 Verb .....	16
2.5.3.2.1 Svake verb .....	16
2.5.3.2.2 Sterke verb.....	18
2.5.3.3 Adjektiv .....	19

2.5.3.4 Pronomen .....	19
2.6 Dei språklege variablane .....	20
2.6.1 Bakgrunn for utvalet av variablar.....	20
2.6.2 Dei utvalde variablane.....	22
<b>3. Teori.....</b>	<b>25</b>
3.1 Sosiolingvistikk.....	25
3.2 Variasjon og endring i språket .....	25
3.3 Språkleg variasjon .....	26
3.3.1 Lokalitet .....	27
3.3.2 Kjønn.....	27
3.3.4 Alder.....	27
3.4 Språkendring: årsaker og forklaringar.....	27
3.4.1 Indre faktorar .....	28
3.4.2 Ytre faktorar .....	29
3.4.2.1 Mikronivå .....	29
3.4.2.1.1 Tilpassingsteorien.....	30
3.4.2.1.1.2 Tilpassing mellom språksamfunn.....	31
3.4.2.1.1.3 Alder og tilpassing .....	32
3.4.2.2 Identitet.....	32
3.4.2.3 Makronivå .....	33
3.4.2.3.1 Spreiing og endring av språkdrag.....	33
3.4.2.3.2 Modellar for spreiiing av språkdrag .....	34
3.4.2.3.3 Språksamfunn.....	34
3.4.2.3.4 Dominans .....	37
3.4.2.3.5 Regionalisering.....	38
3.5 Nivellering: endringsmønster .....	39
3.6 Hypotesar .....	40

<b>4. Metode .....</b>	<b>42</b>
4.1 Generelt om metode .....	42
4.2 Kvantitativ og kvalitativ metode .....	42
4.2 Undersøkingar i verkeleg eller tilsynelatande tid.....	43
4.3 Panel- og trendgranskingar.....	44
4.3.1 Trendstudie.....	44
4.3.2 Panelstudie .....	45
4.4 Dialektendringsprosessar .....	45
4.5 Metoden Antonesen brukte .....	46
4.5.1 Informantutval .....	46
4.5.2 Innsamlinga .....	47
4.5.3 Intervjusituasjonen .....	47
4.5.4 Samtalen .....	47
4.6 Min metode i høve til Antonesen sin .....	47
4.7 Denne granskinga .....	49
4.8 Øygarden som språksamfunn .....	49
4.9 Informantutval.....	50
4.9.1 Avgrensing av populasjonen .....	50
4.9.2 Talet på informantar .....	51
4.9.3 Yngre-gruppa .....	52
4.9.4 Mellom-gruppa og eldre-gruppa .....	54
4.9.4.1 Trendinformantar i mellom- og eldre-gruppa .....	54
4.9.4.2 Panelinformantane.....	55
4.9.4.3 Problem ved informantrekrutteringa .....	55
4.10 Innsamling av data .....	56
4.11 Samtalen .....	56
4.12 Handsaming av materialet.....	57

4.13 Språkhaldningar .....	58
<b>5. Resultat.....</b>	<b>60</b>
5.1 Innleiing .....	60
5.2 Feilkjelder.....	60
5.3 Repetisjon av hypotesar .....	60
5.4 Resultat frå trendgranskinga.....	61
5.4.1 Variabel 01: Ò-Ø-Å.....	61
5.4.2 Variabel 02: DN>NN>RN .....	63
5.4.3 Variabel 03: Palatalisering av velarar .....	65
5.4.4 Variabel 04: Tre til to kjønn .....	68
5.4.5 Variabel 05: Presens av verb .....	72
5.4.6 Variabel 06: Preteritum og perfektum partisipp.....	74
5.4.7 Variabel 07: Infinitivsendingar .....	76
5.5 Oppsummering av resultata frå trendgranskinga.....	78
5.6 Resultat frå panelgranskinga .....	81
5.6.1 Informant 1 .....	81
5.6.2 Informant 2.....	84
5.6.3 Informant 3 .....	86
5.6.4 Informant 4.....	89
5.6.5 Oppsummering av panelresultata .....	91
5.7 Reliabilitet og validitet .....	92
5.7.1 Signifikans.....	93
<b>6. Drøfting av resultata .....</b>	<b>95</b>
6.2 Resultata i høve til hypotesane.....	95
6.2.1 Alder og opptaksår: hypotese nr. 2 og 3.....	95
6.2.2 Opptaksår og lokalitet: hypotese nr. 5.....	97
6.2.3 Trend og panel: hypotese nr. 1 .....	97

6.2.4	Kjønn: hypotese nr. 4 .....	97
6.2.5	Oppsummering .....	98
6.3	Årsaksforklaringar .....	98
6.3.1	Innleiing .....	98
6.3.2	Indre årsaker: Forenkling .....	98
6.3.3	Ytre påverknader .....	100
6.3.3.1	Språkhaldningar .....	100
6.3.3.2	Kontakt og språksamfunn.....	102
6.3.3.3	Tilpassing og nivellering .....	106
6.3.3.4	Identitet.....	106
6.3.3.5	Dominans.....	107
6.3.3.6	Variasjon og endring .....	108
6.3.3.7	Ein spesiell variabel: V04.....	110
6.3.3.8	Livsfasespråk og språkending .....	110
6.3.4	Retninga i språkutviklinga .....	111
6.4	Tilbakeblikk på problemstillingane og samling av trådar .....	115
<b>7.</b>	<b>Avslutning .....</b>	<b>117</b>
7.1	Oppsummering av arbeidet .....	117
7.2	Vidare arbeid .....	117
	<b>Samandrag .....</b>	<b>119</b>
	<b>Abstract .....</b>	<b>121</b>
	<b>Litteratur.....</b>	<b>123</b>
	<b>Vedlegg 1: Kart over busetnadsmønsteret i Øygarden.....</b>	<b>128</b>
	<b>Vedlegg 2: Dialektbakgrunn .....</b>	<b>129</b>
	<b>Vedlegg 3: Samtykkeskjema, panelinformantar .....</b>	<b>130</b>
	<b>Vedlegg 4: Samtykkeskjema, trendinformantar .....</b>	<b>131</b>
	<b>Vedlegg 5: Samtykkeskjema, ungdomsskuleelevar.....</b>	<b>132</b>

<b>Vedlegg 6: Samtaleguid</b> .....	<b>134</b>
<b>Vedlegg 7: Spørjeskjema om personopplysninger</b> .....	<b>140</b>
<b>Vedlegg 8: Logg</b> .....	<b>142</b>
<b>Vedlegg 9: Tabell med kjønn som variabel</b> .....	<b>143</b>
<b>Vedlegg 10: Alle resultat på individnivå</b> .....	<b>144</b>
<b>Vedlegg 11: Signifikans</b> .....	<b>150</b>
<b>Vedlegg 12: Signifikans</b> .....	<b>152</b>

## Forord

Fleire har på ulike måtar vore viktige bidragsytarar til dette arbeidet.

Ei stor takk til:

- Professor Helge Sandøy for svært grundig, interessant og konstruktiv rettleiing.
- Prosjektet Dialektendringsprosessar for økonomisk stønad og mulegheit til å delta på konferansar, og for utviklande tysdagsmøte.
- Alle dei positive informantane mine som villig har stilt opp. Takk for mange gode samtalar!
- Bente Selback for uvurderleg hjelp med det aller meste.
- Ragnhild Anderson, Marianne Valeberg Nornes, Kristine Nymark Aasen, Rosa Doublet og Kathrine Aasmundseth for gode og interessante diskusjonar og ekskursjonar.
- Stein Vidar Risløw, rektor ved Øygarden ungdomsskule, for all hjelp med ungdomsinformantane, og for at du er den mest engasjerte og positive mannen eg har møtt.
- Kjell Alvheim, eldsjel og leiar i sogelaget, for oppsporing av informantar.
- Vigdis og Harald Villanger for åndeleg og materiell stønad, og for at de er skikkelege strilar som kunne hjelpa meg med merking av variablane.
- Jorunn Berentsen for motiverande samtalar og uunnverleg hjelp med engelsk.
- Edit Bugge for signifikanstesting.
- Råmund Skjold for hjelp til å finna demografiske opplysningar.
- Trond Minde for korrekturlesing og kaffi.

- Paul Meurer og Øystein Reigem for at de har vore tilgjengelege på e-post og telefon både kvardag, helg og ferie.
- Ann-Kristin Molde for mange gode faglege og progresjonsmessige innspel.
- Alle på lesesalen og kull-05 for nokre fantastiske år på masterstudiet.
- Alle vener og kjente som har lytta, forstått og oppmuntra i travle periodar.
- Marie Fossheim for at du er katakres.
- Kristoffer Setsaas for høg livskvalitet, for gode og kreative innspel og samtalar, for hjelp med prosentrekning og korrekturlesing av tabellar, for fantastiske middagar og for at du heile tida har hatt trua på meg og prosjektet mitt.

Bergen, 01.09.10

Silje Villanger

## Liste over figurar og tabellar

Figur 2.1	Kart over Hordaland. Kommunane etter 1964. ....	3
Figur 2.2	Kart over Hordaland. Kommunane før 1964. ....	4
Tabell 2.1	Oversyn over utpendlarar med bustad i Øygarden kommune til andre kommunar. (Frå folke- og bustadteljinga 2001.).....	5
Tabell 2.2	Oversyn over innpendlarar til Øygarden med bustad i annan kommune. (Frå folke- og bustadteljinga 2001.).....	5
Tabell 2.3	Sysselsetjing etter næring, 2007.....	6
Tabell 2.4	Pendlingsmønster 2001. Frå folke- og bustadteljinga 2001.....	6
Tabell 2.5	Pendlingsmønster 2009. ....	6
Tabell 2.6	Folketalsendring i Øygarden samanlikna med Noreg og Hordaland. ....	7
Figur 2.3	Illustrasjon over endringar i folketalet. ....	8
Tabell 2.7	Innflyttarar til Øygarden Kommune.....	8
Figur 2.4	Busetnadsmønsteret i Øygarden kommune.....	9
Figur 2.5	Dei ti vokalfonema i øygardsdialekten.....	13
Figur 2.6	Konsonantane i øygardsdialekten.....	13
Figur 2.7	Personlege pronomener i øygardsdialekten.....	19
Figur 2.8	Peikande pronomener i øygardsdialekten.....	20
Figur 4.1	Mønster for individuell og kollektiv endring. ....	44
Figur 4.3	Kart. Oversyn over stadene Antonesen delte inn i. ....	46
Figur 4.2	Metodiske skilnader mellom 1983 og 2009. ....	48
Tabell 4.1	Informantar frå Øygarden.....	51
Figur 4.3	Årsklasseinndeling. ....	52
Tabell 4.2	Kor lenge ungdomsskuleelevane har budd i Øygarden.....	53
Tabell 5.1	Variabel 01 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).....	61
Tabell 5.2	Variabel 01: opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).....	62
Figur 5.2	Variabel 01, opptaksår og alder. Skåring i prosent (belegg).....	62
Tabell 5.3	Variabel 01, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	63
Tabell 5.4	Variabel 02 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).....	64
Tabell 5.5	Variabel 02, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).....	64
Figur 5.5	Variabel 02, opptaksår og alder.....	64
Tabell 5.6	Variabel 02, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	65
Tabell 5.7	Variabel 03 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).....	66

Tabell 5.8	Variabel 03, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).....	66
Figur 5.8	Variabel 03, opptaksår og alder.....	66
Tabell 5.9	Variabel 03, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	67
Figur 5.9	Variabel 03, opptaksår, alder og stad. ....	67
Tabell 5.10	Variabel 04 og opptaksår (sterke subst.). Skåring i prosent og (belegg). ....	68
Tabell 5.11	Variabel 04 og opptaksår (svake subst.). Skåring i prosent og (belegg). ....	68
Tabell 5.12	Variabel 04, opptaksår og alder (sterke substantiv). Skåring i prosent og (belegg).....	69
Figur 5.12	Variabel 04, opptaksår og alder (sterke substantiv). ....	69
Tabell 5.13	Variabel 04, opptaksår og alder (svake substantiv). Skåring i prosent og (belegg).....	69
Figur 5.13	Variabel 04, opptaksår og alder (svake substantiv).....	70
Tabell 5.14	Variabel 04, opptaksår, alder og stad (sterke substantiv). Skåring i prosent og (belegg).....	70
Tabell 5.15	Variabel 04, opptaksår, alder og stad (svake substantiv). Skåring i prosent og (belegg).....	71
Tabell 5.16	Variabel 05 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg). ....	72
Tabell 5.17	Variabel 05, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg). ....	72
Figur 5.17	Variabel 05, opptaksår og aldersfase.....	73
Tabell 5.18	Variabel 05, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	73
Figur 5.18	Variabel 05, opptaksår, alder og stad. ....	74
Tabell 5.19	Variabel 06 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg). ....	74
Tabell 5.20	Variabel 06, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg). ....	74
Figur 5.20	Variabel 06, opptaksår og alder.....	75
Tabell 5.21	Variabel 06, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	75
Figur 5.21	Variabel 06, opptaksår, alder og stad. ....	76
Tabell 5.22	Variabel 07 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg). ....	76
Tabell 5.23	Variabel 07, opptaksår og alder. Skåring i prosent (belegg). ....	76
Tabell 5.24	Variabel 07, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).....	77
Figur 5.24	Variabel 07, opptaksår, alder og stad. ....	77
Tabell 5.25	Alt materialet og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).....	78
Tabell 5.26	Alt materialet, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).....	78
Tabell 5.27	Alt materialet, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg). ....	79
Tabell 5.25	Skåringar eldre variantar i 1983. ....	80

Figur 5.26	Skåringar eldre variantar i 2009. ....	80
Tabell 5.28	Panelinformant 1, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg). ....	82
Tabell 5.29	Panelinformant 1, enkeltvise variablar. Skåring i prosent og (belegg). ....	82
Figur 5.27	Skåringar eldre former 1983, informant 1. ....	83
Figur 5.28	Skåringar eldre former 2009, informant 1. ....	83
Tabell 5.30	Panelinformant 2, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg). ....	84
Tabell 5.31	Panelinformant 2, enkeltvise variablar. Skåring i prosent (belegg). ....	85
Figur 5.29	Skåringar eldre former 1983, informant 2. ....	86
Figur 5.30	Skåringar eldre former 2009, informant 2. ....	86
Tabell 5.33	Panelinformant 3, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg). ....	87
Tabell 5.32	Panelinformant 3, enkeltvise variablar. Skåring i prosent og (belegg). ....	87
Figur 5.31	Skåringar eldre former 1983, informant 3. ....	88
Figur 5.32	Skåringar eldre former 2009, informant 3. ....	88
Tabell 5.34	Panelinformant 4, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg). ....	89
Tabell 5.35	Panelinformant 4, enkeltvise variablar. Skåring i prosent og (belegg). ....	89
Figur 5.33	Skåringar eldre former 1983, informant 4. ....	91
Figur 5.34	Skåringar eldre former 2009, informant 4. ....	91
Tabell 5.37	Signifikansgrenser. ....	93
Tabell 5.36	Signifikans. ....	94
Tabell 6.1	Tabell med resultat for årsklassane. Resultat i prosent og (belegg). ....	96
Figur 6.1	Rangering av stemmene i masketesten i Øygarden - samla for alle gruppene. ....	101
Figur 6.2	Rangering av stemmene i masketesten i Øygarden – etter respondentgrupper. ....	101
Figur 6.3	Geografisk karakteristikk av variantane. ....	113
Tabell 6.2	Individuelle resultat, årsklasse IV. Resultat i prosent og (belegg). ....	113
Tabell 6.3	Snitt tradisjonelle (eldre) former i årsklasse IV. ....	114

## **Oversyn over vedlegg**

**Vedlegg 1:** Kart med busetnadsmønster

**Vedlegg 2:** Dialektbakgrunnsskjema

**Vedlegg 3:** Samtykkeskjema for panelinformantar

**Vedlegg 4:** Samtykkeskjema for vaksne trendinformantar

**Vedlegg 5:** Samtykkeskjema for ungdomsskuleelevar

**Vedlegg 6:** Samtalegaid

**Vedlegg 7:** Spørjeskjema med personopplysningar

**Vedlegg 8:** Logg

**Vedlegg 9:** Tabell over kjønnsvariabelen.

**Vedlegg 10:** Alle resultat på individnivå

**Vedlegg 11:** Signifikans

**Vedlegg 12:** Signifikans

# 1. Innleiing

## 1.2 Målet med arbeidet

Målet med dette arbeidet er å undersøkje kva som har skjedd med talemålet i Øygarden kommune på Vestlandet. Det gjer eg ved å samanlikna materiale frå i dag (2009) med materiale samla inn av Vidar Antonesen i 1983. Eg skal òg undersøkje den synkrone variasjonen i talemålet ved å samanlikna tre generasjonar.

Kommunen har gjennomgått store omkalfatringar i 26 år sidan Antonsen gjorde si gransking, både med omsyn til mobilitet, samferdsle og tilflytting. Utviklinga i flyttemønsteret har ført til stor dialektkontakt. Folketalet har auka med over seksti prosent, og kommunen har fått vegsamband til Bergen. Gjennom intervju med 24 informantar, der 4 er panelinformantar, søkjer eg å finna ut og forklara kva som skjer i talemålsutviklinga i kommunen.

Denne granskinga skal vera eit bidrag til eit overordna prosjekt, Dialektendringsprosessar, som forsøker å seia noko om den generelle tendensen i språkutviklinga på Vestlandet (sjå kapittel 1.5). Strukturen i oppgåva er slik at det først kjem ei innleiing, der eg skriv generelt om prosjektet og presenterer problemstillingar. Deretter presenterer eg Øygarden kommune i kapittel 2, både språkleg og samfunnsmessig. Kapittel 3 er ein teoridel. Der vil eg presentera ulike teoriar og modellar som kan brukast for å forklara språkending. I ei undersøking som dette er metode heilt sentralt, og det bruker eg kapittel 4 på å gjera greie for. I kapittel 5 presenterer eg resultata mine, og til slutt, i kapittel 6 og 7, kjem det ei drøfting av desse og eit forsøk på ei avslutning og ein konklusjon.

## 1.3 Problemstillingar

Eg har formulert to overordna problemstillingar for denne oppgåva. Det er ei deskriptiv problemstilling (nr. 1) og ei forklarande (nr. 2).

1. I kva retning går utviklinga i talemålet Øygarden?

Har det skjedd noko med språket sidan 1983, og i tilfelle kva? Ved å samanlikna Vidar Antonesen sitt materiale med mitt skal eg finna ut om det har skjedd ei språkending i tida mellom 1983 og i dag, og kva som i tilfelle pregar den. Studien er gjennomført i verkeleg tid og kan derfor gi oss eit godt bilete på om det skjer ei språkending. Gjennom panel- og

trendstudiar vil eg kunna sjå på språket på både mikro- og makronivå, altså både på individnivå og samfunnsnivå.

2. Korleis kan ein forklara eventuelle endringar? Kan ein finna sosiale/ytre forklaringar og/eller indre/språkstrukturelle forklaringar?

Det kan vera mange grunnar til at det skjer språkendingar, men det kan gjerne vera ulike forklaringar i ulike språksamfunn. Eg viser seinare i oppgåva korleis ein kan snakka om Øygarden som språksamfunn, og vil ved hjelp av teori, samfunnstype og faktiske funn freista å forklara dei eventuelle endringane og den variasjonen eg finn. Eg skal altså både beskriva og forklara ei eventuell språkending i Øygarden.

## **1.5 Dialektendringsprosessar**

Prosjektet Dialektendringsprosessar er eit omfattande prosjekt som tar føre seg både haldningsgranskingar og konkrete språkgranskingar på fem stader i landet. Stadene er valt ut fordi prosjektet har tilgang på tidlegare materiale, slik at me kan gjera undersøkingar i verkeleg tid (sjå kapittel 4.2). Hovudmålet med prosjektet er ”å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsending og språkending” (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2008:1). Dei fem plassane som skal vera med å danna dette biletet, er Øygarden, Midøya, Stavanger, Sirevåg og Bergen. Ein kan seia at prosjektet består av to hovuddelar, der den eine er å undersøkje medvitne og undermedvitne språkhaldningar, og den andre er å undersøkje konkret språkbruk på dei same stadene. Resultata frå dei respektive granskingane skal samanliknast for å finna ut om språkhaldningar og språkendingar korrelerer eller samsvarar. Kanskje kan ein del av forklaringa på eventuelle språkendingar vera nettopp språkhaldningar? I Danmark har Tore Kristiansen jobba mykje med språkhaldningar. Rett nok er dialektsituasjonen ein annan i Danmark enn i Noreg, men ved å tilpassa hans metode for undersøking av haldningar kan ein sjå om ein kan finna dei same mønstra her. Alle i Dialektendringsprosessar har vore med og utvikla denne testen for Noreg, og det har vore ein lang, men svært lærerik prosess.

## 2. Øygarden – bygda og språket


Øygarden kommune ligg nordvest for Bergen og er eit resultat av samanslåing av Hjelme kommune og ein del av Herdla kommune (sjå figur 2.1 og 2.2 under). Dette skjedde etter revisjonen i 1964. Kommunen er ei øygruppe som ligg ut mot havet. Tidlegare var ein avhengig av båt eller ferje for å koma seg til Øygarden, men i 1986 vart Øygarden ferjefritt. Då fekk dei fastlandsforbindelse. (Antonesen 1988:1.) Det vart sett på som nødvendig med eit ferjefritt samband til Bergen, mykje på grunn av den nye industrien, som består av to store ilandføringsanlegg for olje og gass. Det vart laga ein plan for samferdsle som innebar at Bergen måtte knytast tettare saman med nærområdet sitt, og dette kunne berre skje ved brubygging. Det som er aktuelt i denne oppgåva, er at Øygardsvegen fekk 12 nye bruer mellom 1956 og 1986. Etter kvart som det ”nye” samfunnet Øygarden tok form, vart det fastsett at Tjeldstø var det naturlege kommunesentret. (Ertresvaag 2001:170-182.) Dette er endra no, og Rong, som ligg lenger sør i kommunen, har vore kommunesenter sidan 2006.

**Figur 2.1 Kart over Hordaland. Kommunane etter 1964.**



(Ertresvaag 2001).

**Figur 2.2 Kart over Hordaland. Kommunane før 1964.**



(Ertresvaag 2001).

## **2.1 Næringsliv og sysselsetjing**

Næringslivet i Øygarden har endra seg mykje dei siste tjuåra. I 1988 opna Stureterminalen, som er eit ilandføringsanlegg for olje, og i 1996 var gassanlegget Kollsnes i drift (Petroleumskartet). Bygginga og drifta av desse to store anlegga har ført med seg mange mellombelse gjestearbeidarar og ikkje minst mange nye faste arbeidsplassar. Det kan ha ført til to ting. For det første kan det ha vore ei årsak til at folk frå Øygarden ikkje lenger hadde det same behovet for å pendla til andre kommunar, og for det andre kan det vera ein av fleire årsaker til det auka folketalet, som eg kjem tilbake til. Som eit tillegg til siste momentet skal det nemnast at det kan ha ført til langt større innpendling til Øygarden. Ifølgje SSB såg ut- og innpendlinga i 2001 slik ut:

**Tabell 2.1 Oversyn over utpendlarar med bustad i Øygarden kommune til andre kommunar. (Frå folke- og bustadteljinga 2001.)**

Til same fylke, same økonomiske region <sup>1</sup>	Til same fylke, annan økonomisk region	Til anna fylke
691 79,3 %	6 0,7 %	174 20,0 %

(Statistisk Sentralbyrå 2001)

**Tabell 2.2 Oversyn over innpendlarar til Øygarden med bustad i annan kommune. (Frå folke- og bustadteljinga 2001.)**

Innpendlarar frå same økonomiske region, same fylke	Frå annan økonomisk region, same fylke	Frå anna fylke
256 92,8 %	2 0,7 %	18 6,5 %

(Statistisk Sentralbyrå 2001)

Samanliknar ein desse to tabellane, ser ein at utpendlinga er langt større enn innpendlinga. I 1980 var det 112 personar i Øygarden som hadde oppmøtestad utafor kommunen i sitt daglege verke, medan det i dag er heile 871 personar som pendlar ut av kommunen, mot 821 som jobbar og bur i Øygarden (Statistisk Sentralbyrå 1981:25). Talet på sysselsette var 1034 menneske i 1980, og det betyr at 10,8 % av dei sysselsette pendla ut, medan det i 2001 var 1692 sysselsette og dermed heile 51,5 % som pendla ut.

Dette stemmer med det informantane rapporterer i intervju. Det var tidlegare mange fleire som hadde sitt daglege virke i primærnæringar, som jordbruk og fiske. Av dette kan ein trekkja den konklusjon at det i mindre grad er arbeidsplassar for folk i Øygarden no enn det var før. Tidlegare var det eit fiskar- og jordbrukssamfunn, medan det no er sekundær- og tertiærnæringane som er på topp (sjå tabell 2.3). Då må ein gjerne utafor kommunen sine grenser for å finna arbeid. Med dei endringane som har skjedd i forhold til veg og pendlingsmulegheiter, er det langt enklare å pendla no enn det var tidlegare, noko òg

---

<sup>1</sup> Inndelinga i økonomiske regionar er ei regional inndeling på nivået mellom fylke og kommune. Landet er delt inn i 89 økonomiske regionar. Namnet økonomiske regionar heng saman med at kriteria for å avgrensa regionane er knytte til områda sine økonomiske forhold (arbeidsmarknad, varehandel). Øygarden høyrer til den økonomiske regionen Bergen, Modalen, Vaksdal, Fusa, Os, Askøy, Radøy, Osterøy, Meland, Austevoll, Fjell, Sund, Masfjorden, Samnanger, Fedje, Lindås, Austrheim og Kvam ([http://www.ssb.no/vis/emner/00/00/20/rapp\\_9906/main.html](http://www.ssb.no/vis/emner/00/00/20/rapp_9906/main.html)).

pendlingsstatistikken over viser. Nokre informantar nemner til dømes i opptaka at det tidlegare var vanleg å ha ein hybel i Bergen for dei som jobba der. Båt- og ferjeopplegget førte til at det nesten ikkje var muleg å pendla fram og tilbake same dagen. Det var tidlegare, slik ein kjenner det frå andre stader, vanleg at kvinnene var husmødre og derfor hadde sin arbeidsstad i heimen.

**Tabell 2.3 Sysselsetjing etter næring, 2007.**

	Kommunen	Fylket	Landet
Primær	6,4 %	2,2 %	3,2 %
Sekundær	20,9 %	22,5 %	20,7 %
Tertiær	72,5 %	75,0 %	75,5 %

(Statistisk sentralbyrå 2007)

I samband med pendling og sysselsetjing er det òg interessant å sjå kor dei pendlar til<sup>2</sup>. Neste tabell viser det. Først kjem ein frå 2001 (same år som pendlingstabellane over (2.1 og 2.2)), deretter kjem det ein som viser kor dei pendla til i 2009, året eg samla inn materialet mitt.

**Tabell 2.4 Pendlingsmønster 2001. Frå folke- og bustadteljinga 2001.**

Til Oslo	Til Stavanger	Til Haugesund	Til Sola	Til Bergen	Til Sund	Til Fjell
31	9	3	16	433	9	231

(Statistisk Sentralbyrå 2001)

Frå 2009:

**Tabell 2.5 Pendlingsmønster 2009.**

Til Oslo	Til Stavanger	Til Haugesund	Til Sola	Til Bergen	Til Sund	Til Fjell
17	10	15	2	570	14	315

(Statistisk Sentralbyrå 2001)

<sup>2</sup> I tabellen har eg ikkje tatt med stader det pendlar mindre enn 10 personar til (bortsett frå enkelte gonger for å få tabellane samanliknbare).

Utpendling frå Øygarden skjer i størst grad til Bergen. Tabellen frå 2001 viser talet på utpendlarar av totalt 1657<sup>3</sup> sysselsette mellom 15 og 74 år som bur i Øygarden, medan tabellen frå 2009 viser utpendlarar av totalt 2058<sup>4</sup> sysselsette. Det er her dei aller fleste utpendlarane har arbeid. Ein ser òg at ein del pendlar til Fjell, der mellom anna CCB-basen (Coast Center Base) på Ågotnes og Sartor Senter er store arbeidsplassar.

## 2.2 Demografi

I følgje Statistisk sentralbyrå har folketalet i Øygarden auka mykje frå 1983 og til i dag. I 1983 var det 2595 fastbuande i Øygarden, og i 2009, då eg gjorde det meste av materialinnsamlinga, var folketalet 4223.

**Tabell 2.6 Folketalsendring i Øygarden samanlikna med Noreg og Hordaland.**

Endringar i folketalet frå 1983 til 2009	Noreg	Hordaland	Øygarden
Tal	<i>676741 fleire personar</i>	<i>75113 fleire personar</i>	<i>1628 fleire personar</i>
Prosent	<i>16,4 % auke</i>	<i>19 % auke</i>	<i>62,7 % auke</i>


(Statistisk sentralbyrå 2010)

Som ein ser av tabellen ovafor, har folketalet i Øygarden auka langt meir enn folketalet i Noreg og Hordaland. Det tyder på stor innflytting til kommunen, og det viser òg tal frå SSB at det er. Nettoinnflyttinga ligg på plussida alle år unntatt eitt mellom 1983 og 2009. Då Øygarden vart ferjefritt i 1986, var netto innflytting på heile 176 personar. Med tanke på at folketalet då var sirka to og eit halvt tusen, er det svært mange tilflyttarar. Hovudsakleg er innflyttarane i aldersgruppa mellom 25 og 45 år (Kommuneplan for Øygarden 2006-2014:5), altså relativt unge folk som gjerne er familiar. Tendensen i statistikken er at folketalet før 1986 ikkje auka noko særleg, og at det fleire år var nedgang i folketalet. Det er ein generell tendens i utkantkommunar at folketalet minkar, òg etter 1986. Slik sett skil Øygarden seg frå mange av desse.

<sup>3</sup> Av 3706 innbyggjarar totalt.

<sup>4</sup> Av 4223 innbyggjarar totalt.

**Figur 2.3** Illustrasjon over endringar i folketalet.



Som eg har antyda, trur eg at mykje av forklaringa ligg i at Øygarden har kome veldig nær Bergen. Den reisa som tidlegare tok halve dagen, tar no om lag ein halv time.

Dei aller fleste tilflyttarane kjem frå Bergen. Hordaland fylkeskommune (2010) har oversyn over kor folk flyttar til, som går tilbake til 1997. I tabellen under presenterer eg nokre av dei åra som døme. Eg har ikkje tatt med stader det har kome mindre enn fem personar flyttande frå.

**Tabell 2.7** Innflyttarar til Øygarden Kommune.

År	Frå Bergen	Frå Fjell	Frå Askøy
1997	118	40	13
2001	104	45	-
2005	131	38	-
2009	98	48	-

(Hordaland fylkeskommune)

Det er heilt klart at dei fleste som flyttar til Øygarden kjem frå Bergen. Ein del kjem frå Fjell, og eitt av mine utvalde år kom det òg 13 personar frå Askøy. Men dette er altså tendensen. Det er bergensarar som flyttar ut til øykommunen. Med tanke på at både innflyttinga til Øygarden og pendlinga ut av Øygarden har auka så kraftig, kan det tyda på at folk som flyttar

til Øygarden held på jobben sin i byen. No har dei mulegheit til å bu der ute utan at dei treng å skaffa seg ny jobb. Dersom det er slik, kan det minna om såkalla sovebyttendensar<sup>5</sup>.

Dei aller fleste som flyttar til Øygarden, buset seg i området rundt Rong og Torsvik, som er dei første stadene du kjem til når du køyrer over brua til Øygarden. På kartet under ser ein tydeleg kor det bur mest folk<sup>6</sup>.

**Figur 2.4 Busetnadmønsteret i Øygarden kommune.**



(Statistisk Sentralbyrå 2009)

## 2.3 Øygardstalemålet

Talemålet i Øygarden er det ein frå gammalt av har kalla strilemål. Det er namnet på mange av dialektane rundt Bergen, kanskje spesielt i nordhordlandsområdet. Tidlegare var det vanleg å kalla folk både fanastril og laksevågstril, men mitt inntrykk er at dette er på veg ut. Gunvor Rundhovde (1976) har i boka *Bygd og by i Norge. Hordaland og Bergen* beskrive målføra i Hordaland og Bergen. Ho skriv at det er vanleg å dela målføra i dette området inn i fem grupper, der Nordhordlands-mål (frå no Nh-mål) er ei av desse gruppene.

<sup>5</sup> Definisjon frå Store Norske Leksikon: ”tettbygd boligstrøk i utkanten av eller utenfor en større by, og hovedsakelig bebodd av folk som har sitt arbeid i byen. Sovebyene har serviceinstitusjoner, men ellers ingen næringsvirksomhet av betydning”. (Store Norske Leksikon 2010.)

<sup>6</sup> Sjå vedlegg 1 for større kart.

Rundhovde skriv at kløyving av *ll* til *dl* (sjå fleire døme i variablane under) er vanleg i Nh-mål. I bymålet er derimot slik kløyving ikkje vanleg. I Nh skjedde det ei utjamning av *ld* til *ll*, og dermed hadde dette området fått *ll* både av gamal *ll* og *ld*. Derfor følgde den nye *ll* av *ld* med i kløyvingsprosessen då gamal *ll* vart til *dl*. Dermed fekk Nh *dl* både av gamal *ll* og av *ld* (men det vart aldri *dl* når konsonant kom etter). Nh-målet har også fått samansmelting av *rn* til *nn* (kvern > kvenn), som førte til samanfall med gamal *nn* (finna). Også *nd* vart assimilert til *nn*. Deretter var dei kløyvd til *dn* (finna > fidna, korn > konn > kodn). (Rundhovde, 1976:394-408.) Palatalisering av velarane *g* og *k* før fremre vokal i hovudstaving og før fremre endingsvokal er vanleg i nordhordlandsmål. Døme på dette er at *taket* blir til *takje* og *dagen* blir til *dajen*. Dei lange vokalane vert i nh-mål svært opne, slik at det blir ein lyd som ligg mellom /æ/ og /ɔ/, /ø/. Døme kan vera verbet *å vera* i perfektum partisipp: /vò:re/. (Rundhovde 1964:25ff.)

Med utgangspunkt i variabellista lenger ned (underkapittel kapittel 2.6.2) trur eg at mange av desse særtrekka er på veg bort. For å kunna setja variablane inn i ein større samanheng er det teneleg med ei oversikt, ei grammatikkskisse (jamfør kapittel 3.4).

Ein kan dela inn strilemålet i yngre og eldre. Det Gunvor Rundhovde har beskrive, er det eg i dag vel å kalla den tradisjonelle øygardsdialekten.

### **2.3.1 Sosiolingvistisk forskning på strilelandet**

Det har vorte gjort ein del forskning i områda rundt Øygarden og Bergen som kan vera relevant for denne oppgåva. I det følgjande vil eg kort presentera dei granskingane som har tatt føre seg målføre i område som ein kan kalla for strilelandet.

I Nordhordland har mellom anna Mariann Birkeland (2008) gjort ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i kommunane Radøy og Meland. Mange av informantane eg har intervjuet, seier at dei meiner at dei snakkar ganske likt i Øygarden og på Radøy. Birkeland har undersøkt korleis samfunn og individ påverkar kvarandre, og korleis dette viser seg i talemål og haldningar hjå ungdomar i dei to kommunane. Ho fann ut at det er store talespråklege skilnader mellom ungdomane i dei to kommunane. Informantane frå Meland sitt talemål ligg nærare bergensk enn det Radøy-informantane sitt språk gjer. Alle informantane i granskinga er positive til eige talemål, men negative til nabotalemålet, som i denne granskinga er anten bergensk eller tradisjonelt nordhordlandstalemål. Ho har utvikla ein modell for samfunnstypar, og finn ut at det er samanheng mellom samfunnstype og

bevaring av talemålet. Radøy karakteriserer ho som eit fokusert samfunn med hovudsakleg negativ valør, og at det er samanheng mellom det og bevaring av det lokale talemålet.

Irene Revheim (1997) har undersøkt talemålet på Sotra, naboøya til Øygarden. Ho deler talemålet inn i tre kategoriar: 1) Tradisjonelt nordhordlandsmål/strilemål, 2) nordhordlandsmål og 3) bergensk. Revheim har funne ut at elevar frå Klokkarvik og Telavåg i Sund kommune ikkje lenger bruker tradisjonelt strilemål. Informantane frå Klokkarvik bruker meir bergensformer enn informantane frå Telavåg. Ho kjem fram til at dette kan ha samanheng med meir innflytting til Klokkarvik og ein sterkare identitet og tilknytning til heimstaden hjå Telavågsinformantane. (Revheim 1997.)

Beate Husa Marøy si hovudfagsoppgåve frå 1998 er ei sosiolingvistisk gransking av talemålet på Fedje, som er ei øy som ligg like nord for Øygarden. Mange av informantane uttrykkjer ei oppfatning om at dei snakkar ganske likt i Øygarden og på Fedje. Tradisjonelt sett ligg øya innafor området der ein kan kalla dialekten nordhordlandsdialekt, men Marøy vel å kalla dialekten for fedjedialekt. Fordi øya ligg geografisk isolert frå dei andre kommunane, meiner ho at talemålet på Fedje kan seiast å vera ein eigen dialekt. Eg vil likevel sjå på dialekten på Fedje på lik linje med dei andre nordhordlandsdialektane og plassera dialekten i den same gruppa.

Marøy sine undersøkingar av variablane *r* og *kj* i forhold til dei sosiale variablane alder, kjønn og region viser at skarre-*r* er vanleg i den yngre generasjonen, og at han førekjem hyppigare hjå kvinner enn hjå menn. Når det gjeld *kj*-lyden, held den seg godt, men ho kan visa til litt endringar i den yngste gruppa. Ho meiner at endringane spreier seg frå sør på øya og utover, då endringane er størst der. Haldningsmessig finn ho ut at fedjingane er positive til eige talemål og negative til bergensk.

Paul Kerswill gjorde i 1994 ei gransking der han undersøkte korleis vaksne folk endrar språket sitt når dei flytta til byen, altså var han oppteken av språkendring gjennom dialekt- og språkkontakt. Han har mellom anna undersøkt kva som skjer med talemålet til folk frå Øygarden når dei flyttar til Bergen.

Unge bruker meir strileformer, og det tolkar Kerswill (1994) som ein reduksjon i det opplevde presset mot å modifisera striledialekten. Utdanna menneske bruker meir former frå striledialekten enn ikkje utdanna. Denne korrelasjonen tolkar Kerswill som noko som avspeglar større sjølvtryggleik hjå utdanna. Alt i alt støttar dataa til Kerswill synet om at stigmatisering knytt til stril vert mindre og mindre. På grunn av nivellering forsvinn markerte former.

Etter å ha fått fascinerande resultat frå den kvantitative delen av studien, tok han dette ned på individnivå for å sjå om det var individuelle avvik frå mønstra. Språket til strilar som flyttar til Bergen, varierer ikkje så veldig, men er karakterisert av mellom anna kodeveksling. (Holmes 1996:301ff.).

Resultata hans viser at dei innfødde i Bergen og dei tilflytta strilane dannar separate språksamfunn. Innflyttarane sin språklege variasjon kan berre tolkast på bakgrunn av innflyttarane sitt tilhøve til Bergen. Det fører til ein språksamfunnsmodell på to nivå. Det eine nivået inkluderer alle gruppene på ein stad. Dette stemmer ikkje med Labov sin definisjon<sup>7</sup>, men språkvariasjonane som finst i dette språksamfunnet, vil stå innbyrdes i forhold til kvarandre på eit vis. Det andre språksamfunnsnivået består av fleire språksamfunn etter Labov sin definisjon, som vil vera fleire ulike grupper. Ei gruppe er dei innfødde, og så er det fleire åtskilte undergrupper. (Kerswill 1994.)

Andre granskingar som kan nemnast, men som eg ikkje går vidare inn på her, er Reidun Hernes (1998 og 2006) som har skrive om ungdomar på Os, Gunnstein Akselberg som har gjort granskingar av talemålet på Voss (mellom anna 1995), Trude Toreid (1999) i Jondal og Cathrine Bleikli (2005) på Vaksdal.

## 2.4 Grammatikkskisse

I Øygarden finn ein språkleg variasjon mellom bygdene. Det er ikkje grunna klasseskilnader, som ein gjerne finn i byane, men fordi at kommunen tidlegare (jamfør kapittel 3.2) var delt, og dei små øyane som kommunen består av, var utan forbindelse til dei andre. Derfor er det naturleg at talemålet er litt ulikt frå stad til stad. Den bygda som kanskje skil seg mest systematisk ut, er likevel Vik, som ligg på øya Toftøy (sjå kart). Det er den øya som ligg aller nærast Sotra og Bergen.

Grammatikkskissa nedafor skal fungera som referanseramme, slik at ein kan sjå variablane i ein grammatisk samanheng. Ho beskriv den tradisjonelle dialekten. ”Ein dialekt er eit eige sjølvstendig språk på den måten at det utgjør eit fullstendig språkssystem” (Sandøy, 1996:23). Derfor er det nyttig med den følgjande skissa over grammatikken i øygardsdialekten. Denne skissa viser eit talemål som er brukt av dei i Øygarden som er fødde før eller rundt 1950.

Å beskriva ein dialekt er å generalisera og oversjå individuelle avvik (Sandøy 1996:23). Eg skal i stor grad generalisera talemålet i Øygarden og snakka om det som ein einskapleg

---

<sup>7</sup> Samfunn der ein deler eit sett av felles normer og felles språk (Labov 1972:120f).

dialekt, sjølv om ein del variasjon mellom øyane eksisterer. Dei viktige forskjellane vert nemnt under det relevante punktet.

Grammatikkskissa for Øygarden er basert på Vidar Antonesen si hovudoppgåve frå 1988 og på Bente Selback si upubliserte skisse av talemålet frå 2006. I tillegg har eg brukt *Talemål* av Helge Sandøy (1996) som hjelp for å laga dei fonologiske reglane.

## 2.5.1 Lydverket

### 2.5.1.1 Foneminventaret

Vokalane:

**Figur 2.5** Dei ti vokalfonema i øygardsdialekten.

	Fremre		Midtre	Bakre
	+runda	-runda		
Høg	i	y	ɥ	ʊ
Mellomhøg	e	ø		ɔ
Låg	ɛ		ɑ	ò <sup>s</sup>

I tillegg til desse vokalane har talemålet desse diftongane:

/aɥ / / ei/ /øy/

Konsonantane:

**Figur 2.6** Konsonantane i øygardsdialekten.

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Palatal	Velar	Glottal
Plosivar	p / b	t / d			k / g	
Affrikatar				çç / j̥j̥		
Frikativar	f / v	s /	ʃ /	/j		h /
Nasalar	/ m	/ n			/ ŋ	
Lat.appr.		/ l				
Trill			/ r			

Ein ny variant som har kome inn i øygardstalemålet dei seinare år, er skarre-r.

Øygardsmålet har tradisjonelt ikkje tonemskilnad, som vil seia at det ikkje finst ordpar der tonegangen er den einaste tydingsskiljande faktoren.

<sup>8</sup> Eg følgjer vanleg tradisjon med å markera denne vokalen slik [ò]. I IPA burde symbolet vera [ö].

### 2.5.1.2 Fonologiske reglar

**F1:** Syllabisering. Vokalen fell vekk ved alveolar i ending. Etter /d, l, n, r, s, t/ blir den trykklette stavinga /ɛn/ uttalt som /ɲ/. Vokalen fell altså bort, og det heiter til dømes /vintern/ og ikkje /vinteren/. /n/ i ending blir assimilert til /ɲ/ slik at /ɲ/ blir syllabisk. Døme: /skʰɲ/ (skulen).

**F2:** Monoftongering. Diftongane /ei/ og /øy/ fell saman med monoftongane /e/ og /ø/ når dei er korte. Lang vokal dersom /t/ ikkje er ein del av stammen. Døme: greidde > /grɛde/. Hjø yngre ser det ut til å verta annleis, slik at dei held på lang diftong og lar endinga ha kort alveolar: /grɛi:de/.

**F3:** Avstemming. /g/ og /v/ blir ustemte, det vil seia til /k/ og /f/ framom den ustemte konsonanten /t/: /liʝja/ (inf.) mot /lakt/ (perf. part.), /ø:va/ (inf.) mot /ø:ft/ (perf. part.)

**Mf1:** Palatalisering av velarar. /k/ eller /g/ framom endingane nedafor vert bytta ut med ein annan konsonant, nemleg /tʃ/ eller /tʃ/ (/bu:ɕɕɛ/ (boka) og /uɛtʃɛn/ (veggen)). /k/ blir alltid skifta ut med /tʃ/, medan /g/ vert til /tʃ/ etter kort vokal, /j/ etter lang vokal og etter /ŋ/. I desse tilfella får substantiva palatalisering av velarar: I eintal av hankjønnsord, i fleirtal av hankjønnsord med /e/ og /ena/ som endingar i fleirtal (klasse to i underkapittel 3.5.3.1.1), i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på /a/ i oppslagsforma, i fleirtal av hokjønnsord med /e/ og /ena/ som endingar i fleirtal (klasse tre i underkapittel 3.5.3.1.2), i heile inkjekjønnsord.

**Mf2:** Vokalkorting i stammeutlyd. Trykktung vikalisme i stammeutlyd blir forkorta når han kjem beint framom endingar med /d/ eller /t/. Døme: /grɛde/ (greidde), /gret/ (greidd/greitt).

### 2.5.2 Bøyingsverket

I eksempla som er brukte nedafor er dei fonologiske reglane brukte, dei har altså verka.

### 2.5.2.1 Substantiv

#### 2.5.2.1.1 Hankjønn

Nokre ord i denne gruppa endar på /e/ i oppslagsforma, og derfor står /e/ i parentes i bøyingsmønsteret nedafor:

1. -(e)	-en	-a	-ane	
<i>bɔ:t</i>	<i>bɔ:tɲ</i>	<i>bɔ:ta</i>	<i>bɔ:tane</i>	båt
<i>da:g</i>	<i>da:jen</i>	<i>da:ga</i>	<i>da:gane</i>	dag
<i>nise</i>	<i>nisɲ</i>	<i>nisa</i>	<i>nisane</i>	nisse

Ei gruppe hankjønnsord har /e/ i fleirtalsendingane:

1. -	-en	-e	-ena	
<i>sɛɸ</i>	<i>sɛɸen</i>	<i>sɛɸe</i>	<i>sɛɸena</i>	sau
<i>sekk</i>	<i>seccɛn</i>	<i>seccɛe</i>	<i>seccɛena</i>	sekk

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn:

<i>bru:r</i>	<i>bru:rɲ</i>	<i>br:ør</i>	<i>brø:rɲa</i>	bror
<i>sɔ:n</i>	<i>sɔ:nɲ</i>	<i>sø:ne</i>	<i>søna</i>	son

Nokre ord med stavinga /er, ar, el/ følgjer det første bøyingsmønsteret, men dei får samandraging i fleirtal:

<i>vinter</i>	<i>vintern</i>	<i>vintra</i>	<i>vintrane</i>	vinter
<i>ɔ:ker</i>	<i>ɔ:kern</i>	<i>ɔ:kra</i>	<i>ɔ:krane</i>	åker
<i>spi:kar</i>	<i>spi:karɲ</i>	<i>spikra</i>	<i>spikrane</i>	spikar
<i>tistel</i>	<i>tistedl</i>	<i>tistla</i>	<i>tistlane</i>	tistel

#### 2.5.2.1.2 Hokjønn

Dei sterke hokjønnsorda har dette bøyingsmønsteret:

2. -	-e	-e	-ena	
<i>bygd</i>	<i>bygde</i>	<i>bygde</i>	<i>bygdna</i>	bygd
<i>brɸ:</i>	<i>brɸ:ne</i>	<i>brɸ:e</i>	<i>brɸ:ena</i>	bru

Dei fleste hokjønnsord med trykksterk vokal sist i ordet (til dømes *bru*), får endinga /ne/ i bestemt form eintal.

Dei svake hokjønnsorda vert bøyde slik:

3. -a	-ɔ	-e	-ena	
<i>fɛrja</i>	<i>fɛrjɔ</i>	<i>fɛrje</i>	<i>fɛrjena</i>	ferje

Mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, og har vokalen /a/ i fleirtal:

4.	-	-ε	-a	-ane	
	<i>my:r</i>	<i>my:re</i>	<i>my:ra</i>	<i>my:rane</i>	myr
	<i>kje:riŋ</i>	<i>kje:riŋje</i>	<i>kje:riŋa</i>	<i>kje:riŋane</i>	kjerring

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

	<i>bv:k</i>	<i>bv:c̄c̄ε</i>	<i>bø:k</i>	<i>bø:c̄c̄ena</i>	bok
	<i>rv:t</i>	<i>rv:tε</i>	<i>rø:t</i>	<i>rø:tŋa</i>	rot

Når det gjeld bygda Vik lengst sør i Øygarden, så har dei ei litt anna bøyning av sterke hokjønnsord enn resten av Øygarden. Der ser bøyinga av desse slik ut: /*bygd* – *bygda* - *bygde* – *bygdna*/. Endinga i bunden form eintal i sterke hokjønnsst substantiv skil seg såleis konsekvent (systematisk) frå det som er vanleg i resten av Øygarden, då endinga ikkje er lik endinga i tradisjonelt strilemål.

### 2.5.2.1.3 Inkjekjønn

Bøyingsmønstra for inkjekjønn:

5.	-	-ε	-	-ε	
	<i>ɔ:r</i>	<i>ɔ:re</i>	<i>ɔ:r</i>	<i>ɔ:rε</i>	år
	<i>ta:k</i>	<i>ta:c̄c̄ε</i>	<i>ta:k</i>	<i>ta:c̄c̄ε</i>	tak
6.	-(e)	-e	-(e)	-ε	
	<i>gadŋ</i>	<i>gadne</i>	<i>gadŋ</i>	<i>gadne</i>	garn
	<i>fjedl</i>	<i>fjedle</i>	<i>fjedl</i>	<i>fjedle</i>	fjell
	<i>mø:te</i>	<i>mø:te</i>	<i>mø:te</i>	<i>mø:te</i>	møte

For inkjekjønnsorda gjeld det same som over, ved at enkelte ord endar på /e/ i oppslagsforma.

Derfor har eg her òg med ein /e/ i parentes.

Visse ord får spesiell bøyning:

	<i>ba:dŋ</i>	<i>ba:dne</i>	<i>bɔdŋ</i>	<i>bɔdne</i>	barn
	<i>labŋ</i>	<i>labme</i>	<i>lɔbŋ</i>	<i>lɔbme</i>	lam

### 2.5.3.2 Verb

#### 2.5.3.2.1 Svake verb

Dei svake verba kan ein for øygardstalemålet setja opp i seks ulike klassar, med desse bøyingsendingane:

1. *Kasta*- klassen:

<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-a</i>	
<i>pasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	kasta
<i>pendla</i>	<i>pendla</i>	<i>pendla</i>	<i>pendla</i>	pendla

2. *Døma*- klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>	
<i>rei:sa</i>	<i>rei:se</i>	<i>reste</i>	<i>rest</i>	reisa
<i>kjø:pa</i>	<i>kjø:pe</i>	<i>kjøpte</i>	<i>kjøpt</i>	kjøpa
<i>le:va</i>	<i>le:ve</i>	<i>le:vde</i>	<i>le:ft</i>	leva
<i>grei:a</i>	<i>grei:e</i>	<i>grede</i>	<i>gret</i>	greia

Verba i *døma*-klassen som har konsonantane /g, m, n, r, v/ føre endinga, som i /spa:ra/, får endinga /de/ i preteritum. Har verbet ein av konsonantane /k, p, s/ føre endinga, blir preteritum laga med å leggje til /te/ som i /ta:pte/. Verb med konsonanten /l/ framom endinga får anten /de/ eller /te/ i preteritum. Døme: /tò:la/ – /tò:lde/, /spela/ – /spelte/.

3. *Meina*-klassen (blanda bøyning):

<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>	
<i>mei:na</i>	<i>mei:na</i>	<i>meinte</i>	<i>meint</i>	meina
<i>dansa</i>	<i>dansa</i>	<i>danste</i>	<i>danst</i>	dansa
<i>arbei:a</i>	<i>arbei:a</i>	<i>arbeide</i>	<i>arbet</i>	arbeida

Som ein ser, liknar desse verba på *kasta*- klassen i notid og *døma*- klassen i fortid. I denne klassen, som i *døma*- klassen, finst det to endingar i preteritum, alt etter kva for konsonant som står framom endinga, til dømes /ba:kte/ og /lò:vde/.

4. *Telja*- klassen:

<i>-a</i>	<i>-</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>	
<i>sømja</i>	<i>søm</i>	<i>sømde</i>	<i>sømt</i>	sømja
<i>selja</i>	<i>se:l</i>	<i>selde</i>	<i>selt</i>	selja

Som i *døma*- klassen, bukar ein òg her /te/ i ending i preteritum etter visse konsonantar.

5. *Nå*- klassen:

<i>-</i>	<i>-r</i>	<i>-dde</i>	<i>-tt</i>	
<i>bū:</i>	<i>bū:r</i>	<i>būde</i>	<i>būt</i>	bu

*sy:*            *sy:r*            *syde*            *syt*                            sy  
Her ser ein at ingen av verba har infinitivsending, og alle har endings- /r/ i notid.

### 2.5.3.2.2 Sterke verb

Det som skil sterke verb frå dei svake, er vokalskifte i stammen mellom bøyingsformene. Dei har inga ending i preteritum, og endings- /e/ i perfektum partisipp. Dei sterke verba blir delt inn i klassar etter vokalskifta.

#### 1. klasse

<i>i</i>	<i>i</i>	<i>ei</i>	<i>e</i>	
<i>bi:ta</i>	<i>bi:t</i>	<i>bei:t</i>	<i>be:te</i>	bita

#### 2. klasse

<i>y</i>	<i>y</i>	<i>au</i>	<i>ò</i>	
<i>bry:ta</i>	<i>bry:t</i>	<i>bræ:t</i>	<i>brò:te</i>	bryta

#### 3. klasse

<i>i/ε</i>	<i>i/ε</i>	<i>a</i>	<i># /ò</i>	
<i>fidna</i>	<i>fidn</i>	<i>fadn</i>	<i>fɪdne</i>	finna
<i>brødna</i>	<i>brødn</i>	<i>bradn</i>	<i>bròdne</i>	brenna

#### 4. klasse

<i>e</i>	<i>e</i>	<i>a</i>	<i>ò</i>	
<i>be:ra</i>	<i>be:r</i>	<i>ba:r</i>	<i>bò:re</i>	bera

#### 5. klasse

<i>e</i>	<i>e</i>	<i>a</i>	<i>ò</i>	
<i>dre:pa</i>	<i>dre:p</i>	<i>dra:p</i>	<i>drò:pe</i>	drepa

#### 6. klasse

<i>a</i>	<i>e</i>	<i>o</i>	<i>ò</i>	
<i>gra:va</i>	<i>gre:v</i>	<i>gru:v</i>	<i>grò:ve</i>	grava

Desse verba får ei litt meir spesiell bøyning:

<i>fð:</i>	<i>fð:r</i>	<i>fæk</i>	<i>fenje/føt</i>	få
<i>slð:</i>	<i>slɛ:r/slð:r</i>	<i>slu:</i>	<i>slɛ:(i)je</i>	slå
<i>sta:</i>	<i>stð:r</i>	<i>stuv:</i>	<i>ste:</i>	stå
<i>je:</i>	<i>je:</i>	<i>ga:(v)</i>	<i>git/gje:ve/gò:ve</i>	gi
<i>be:</i>	<i>be:</i>	<i>ba:</i>	<i>bò:</i>	be

### 2.5.3.3 Adjektiv

Adjektiva finst det hovudsakleg to typar av. Det er dei som endar på /en/ i oppslagsforma, og dei som ikkje gjer det. Adjektiva får samsvarsbøying med substantivet dei står til.

Bøyingsmønstera ser slik ut:

- |    |            |            |            |
|----|------------|------------|------------|
| 1) | <i>-en</i> | <i>-en</i> | <i>-e</i>  |
|    | <i>-ne</i> | <i>-ne</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>-</i>   | <i>-</i>   | <i>-t</i>  |
|    | <i>-e</i>  | <i>-e</i>  | <i>-e</i>  |

Døme på dette er tosken og stor saman med substantiva gut, kjerring og barn:

- |    |                       |                          |                       |
|----|-----------------------|--------------------------|-----------------------|
| 1) | <i>ein tòsken gʊt</i> | <i>ei tòsken c̄çeriŋ</i> | <i>eit tòse badŋ</i>  |
|    | <i>tòskne gʊta</i>    | <i>tòskne c̄çeriŋa</i>   | <i>tòskne bødŋ</i>    |
| 2) | <i>ein stur gʊt</i>   | <i>ei stur c̄çeriŋ</i>   | <i>eit sturt badŋ</i> |
|    | <i>sture gʊta</i>     | <i>sture c̄çeriŋa</i>    | <i>sture bødŋ</i>     |

Står substantivet i bestemt form, blir adjektivbøyinga slik:

- |    |            |            |            |
|----|------------|------------|------------|
| 1) | <i>-ne</i> | <i>-na</i> | <i>-na</i> |
|    | <i>-ne</i> | <i>-ne</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>-e</i>  | <i>-a</i>  | <i>-a</i>  |
|    | <i>-e</i>  | <i>-e</i>  | <i>-e</i>  |

Døme på dette er:

- |    |                          |                              |                         |
|----|--------------------------|------------------------------|-------------------------|
| 1) | <i>den tòskne gʊtn</i>   | <i>den tòskna c̄çeriŋe</i>   | <i>da tòskna ba:dne</i> |
|    | <i>dei tòskne gʊtane</i> | <i>dei tòskne c̄çeriŋane</i> | <i>dei tòskne bødne</i> |
| 2) | <i>den sture gʊtn</i>    | <i>den stura c̄çeriŋe</i>    | <i>da stura ba:dne</i>  |
|    | <i>dei sture gʊtane</i>  | <i>dei sture c̄çeriŋane</i>  | <i>dei sture bødne</i>  |

### 2.5.3.4 Pronomen

Dei personlege pronomena i Øygarden er desse:

Figur 2.7 Personlege pronomen i øygardsdialekten.

	Eintal					Fleirtal		
	1.pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3.pers.
			Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn			
Subjektsform	<i>e:g</i>	<i>dʊ:</i>	<i>han</i>	<i>hʊ:</i>	<i>da:</i>	<i>me:</i>	<i>de:</i>	<i>dɛ:i</i>
Avhengig form	<i>me:g</i>	<i>de:g</i>	<i>han</i>	<i>hɛ(d)ne</i>	<i>da:</i>	<i>òs</i>	<i>de:ke</i>	<i>dɛ:i</i>

Slik ser dei peikande pronomena ut:

**Figur 2.8 Peikande pronomen i øygardsdialekten.**

Eintal			Fleirtal
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankjønn/hokjønn/ inkjekjønn
<i>dɛn</i>	<i>dɛn</i>	<i>da:</i>	<i>dɛi:</i>
<i>dedne</i>	<i>dedna</i>	<i>detta</i>	<i>dese</i>
<i>dadne</i>	<i>dadna</i>	<i>data</i>	<i>dase</i>
<i>hin</i>	<i>hi:</i>	<i>hit</i>	<i>hi:ne</i>

## 2.6 Dei språklege variablane

### 2.6.1 Bakgrunn for utvalet av variablar

Då eg starta dette arbeidet, hadde eg heile 21 variablar som eg syntest var interessante. Men eg har måtta tatt fleire omsyn i høve til kva eg skal analysere for denne oppgåva. Ein kan ikkje undersøkje alle potensielle variablar, og eg vil no presentere bakgrunnen for korfor eg har tatt dei vala eg har gjort. Eg har eit svært stort materiale, noko som i utgangspunktet er positivt, men eg har måtta avgrensa variablane mine fordi at ein kan ikkje femna om så mykje innafør rammene for eit masterprosjekt.

Eg har lagt mest vekt på to ting når eg har valt ut variablar. Den første er frekvens. Eg meiner at dei mest frekvente variablane er viktigast, og det er det fleire grunnar til. Eg vil undersøkje det talemålet som er mest muleg naturleg, og det gjer at dei frekvente variablane som dukkar opp under første delen av intervjuet, er meir interessante enn dei eg har uteska ved hjelp av teikningar. Som ein kan lesa i underkapitlet om samtalen, så var han delt i tre, der siste del var ein slags biletleik, og det var ikkje heilt heldig. Derfor har eg ikkje lagt noka spesiell vekt på dei lite frekvente variablane eg har uteska der. Eg har heller ikkje mange belegg på dei variablane som eg har uteska, og det har eg merka av i transkripsjonen (jf. kapitla 4.7 om samtalen og 4.8 om handsaming av materialet). Frekvens vil òg vera viktig for å få gode resultat og eit godt grunnlag å rekna på. Frekvente variablar pregar dialekten og er såleis ein god indikator på kva som føregår i språket.

Det andre eg har lagt vekt på, er at det skal vera markerte trekk. Det vil seia at det er trekk som informantane sjølve har lagt vekt på å trekkja fram under samtalen. Markerte, eller

saliente, trekk er nettopp slike trekk som blir lagt merke til, og som språkbrukarane sjølve gjerne nemner når dei snakkar om sin eigen dialekt (jf. 3.4.2.1.1.2).

Endring og variasjon i språksystemet får ein i hovudsak eit bilete av gjennom morfologiske og fonologiske variablar. Derfor har eg i all hovudsak valt variablar av denne typen.

Først vil eg i stikkordsform presentera den variabellista eg i utgangspunktet hadde planlagt å operera med. Eg har delt dei inn i fire grupper. Det er dei fonologiske, ein morfofonologisk, dei morfologiske og dei leksikalske.

Fonologiske:

V01: Fonemsamanfall av /ð/ med /ø/ eller /å/, som i vore og oss: /vð:re, vå:re, vø:re / og /ðs, øs, ås/,

V02: Monoftongering av /ɛæ/ til /ø/ framom /dd/, /dt/, /tt/, som i raudt: /rɛæʔ, røʔ/.

V03: Samanfall av /cç/ og /sj/, oftast frå /cç/ til /sj/.

V04: Differensiering av /rn/, som i kverna: /kverna, kvena, kvædnə/

V05: Segmentering av /ll/, som i /kala, kadla/.

V06: Segmentering av /mm/ til /bm/, som i /hamar, habmar/.

V07: Segmentering av /nn/, som i /kæne, kædnə/.

Morfofonologisk:

V08: Palatalisering av velarar, som i [sa:jɛ] (saga), [bacçen] (bakken), [ta:cçɛ] (taket).

Morfologiske:

V09: Veike eller sterke perfektum partisipp, som i /grò:ve, gravd/ og /skò:re, fe:rt/

V10: Sterkt eller svakt pret. av 2. kl. st. verb, som i /sɛæ:g, sɛgde/

V11: Infinitiv -e/-a, som i /kɔma, kɔme/

V12: Delt femininum fell bort, tokjønnsystem overtek. /mu:re, mu:rn/, /jento, jentn/

V13: /-r/ i ending i presens av verb, kasta-klassen: /kasta, kastar/

V14: /-et/ i utlyd av preteritum og perfektum partisipp i kasta-klassen: /kasta, kastet/

Leksikalske:

V15: /me:/ > /vi:/

V16: /e:ta/ > /spi:se/

V17: /tå/ > /a:v/

V18: /gje:ra/ > /gjø:re/ (e>ø)

V19: /jek/ > /jik/ (knytt til preteritum av verb, ikkje til kategori. Derfor leksikalsk).

V20: /je:r/ > /ji:r/

V21: /sta:/ > /stå:/, /ga:/ > /gå:/

V22: /da/ > /de/ (det).

### 2.6.2 Dei utvalde variablane

Den nye variabellista inneheld langt færre variablar, men dette er dei eg intuitivt meiner er viktigast på bakgrunn av den føregåande argumentasjonen. V01 og 02 er fonologiske, V03 er morfofonologisk og V04, 05 og 06 er morfologiske. Variablane V05 og V06 gjeld berre kasta-klassen. Det er fordi det er den mest interessante klassen med tanke på bøyinga i bergensk og øygardsk. Variabelen V02 (bortfall av differensiering) bruker eg som ein peikepinn på både differensiasjon og segmentering. Som eg skriv i underkapittel 3.3, er dette to viktige fenomen. Det er fordi desse fenomena aldri har vore vanlege i bymålet, men det har dei tradisjonelt vore i strilemålet. Eg har berre merka og analysert variabelen med differensiasjon, fordi den er mest frekvent. Det er naturleg å tru at dei som har differensiasjon som ein naturleg del av sitt språk, òg vil ha segmentering.

**V01:** Fonemsamanfall av /ð/ med /ø/ eller /å/, som i /vò:re/ > /vø:re/ > /vɔ:re/ og /òs/ > /øs/ > /ɔs/ (vore, oss).

Fonema /ð, ø, o/ fell saman. Den /ð/-lyden det er tale om her, er i Hordaland spesiell for nordhordlandsmålet. Dette fonemet finst ikkje i andre målføre i Hordaland.

**V02:** Bortfall av differensiering av /rn/, som i /kverna/ > /kvena/ > /kvedna/ (kverna).

Differensiering betyr at skilnaden mellom to fonem i ei konsonantgruppe blir større (Skjekkeland, 2005:65, Torp og Vikør, 2003:74 og Sandøy, 1996:173). Saman med

mange andre vestlandsdialektar har øygardstalemålet fått denne differensieringa, og no skal denne variabelen visa om det framleis held seg i øygardsdialekten.

**V03:** Palatalisering av velarar i innlyd fell bort, som i /sa:jɛ/ > /sa:gɛ/ (saga), /bɑc̥cɛn/ > /baken/ (bakken), /ta:c̥cɛ/ > /ta:ke/ (taket).

Ved palatalisering av velarar i innlyd er det sluttkonsonanten som skiftar frå bøyingsform til bøyingsform. Velarane /k, g, ŋ/ går over til den tilsvarende palatalen (t.d heiter det /seŋ/ i ubestemt form eintal, medan det i tradisjonelt øygardsmål heiter /senjɛ/ i bestemt form. Dette skiftet til palatal skjer berre før visse bøyingsendingar, og det er grunnen til at denne variabelen er morfofonologisk. (Sandøy, 1996: 58.) Dette er ein svært kompleks og komplisert regel, som barn ikkje lett kan læra seg viss dei ikkje i eit homogent samfunn utan ”konkurrerende” bøyingsmåtar. Når barn lærer seg språk, lærer dei seg dei enklaste systema. (Sandøy 2010, munnleg opplysning.)

**V04:** Delt femininum fell bort, felleskjønnsystem overtek. /mu:rɛ/ > mu:rɲ/, /jentɔ/ > /jentɲ/ (mora, jenta).

Dette er interessant i høve til bergensk. Bergensk skil ikkje mellom kjønn når det gjeld substantiva, noko som tydeleg kjem til uttrykk i bunden form eintal. Tradisjonelt har stilemålet delt femininum, så det kan vera interessant å sjå om det endrar seg i Øygarden.

**V05:** Presens av verb får /-r/ i ending, eller ein slags mellomvariant, /-ɛ/. Døme: /kasta/ > /kastar/, /kaste/.

Kasta- klassen er interessant fordi at verba som høyrer til her får ulik bøyingsending i bergensk og strilemål. Tradisjonelt har ikkje strilemålet noka endings-r, men det har bergensk.

**V06:** Preteritum og perfektum partisipp av kasta-klassen får /-et/ i ending. Døme: /kasta/ > /kastet/

Her gjeld noko det same som for V05. Tradisjonelt sett har ikkje preteritum og perfektum partisipp i kasta- klassen /-et/ i ending i strilemålet, men /-a/.

**V07:** Infinitivar får –e som endingsvokal, som i /kɔma/ > /kɔme/.

Infinitivsendingar er det som avgjer om eit område vert karakterisert som a-målsområde eller e-målsområde. Øygarden har tradisjonelt a-mål, medan Bergen har e-mål. Det kan vera interessant å sjå om det skjer noko med dette i Øygarden, eller om dei held på a-målet.

## 3. Teori

### 3.1 Sosiolingvistik

Sosiolingvistik er eit relativt nytt fagområde, og nemninga sosiolingvistik slo ikkje skikkeleg gjennom før i 1964, på ein vitskapskongress i USA (Venås 1991: 13f). Den første ein kan kalla sosiolingvist, var William Labov. Han gav i 1963 (altså året før Venås meiner at nemninga sosiolingvistik slo gjennom) ut artikkelen ”The Social Motivation of a Sound Change”, som handlar om nettopp språkkontakt si rolle i språkendringa (Kerswill, 1994:1).

Dialektologane har kartlagt mange av dei norske dialektane, medan det ein kan kalla vidareføringa, sosiolingvistikken, ser meir på variasjon og endringar og bruker sosiale forklaringsmåtar på språkendring. Likevel kan ein sjå sosiolingvistikken som ei vidareføring av tidlegare disiplinær. Brit Mæhlum (1996:181ff.) argumenterte for at det i tidlege målføregranskingar har vore ei bevisstheit kring samfunnsmessige og sosiale endringar som forklaringsfaktorar, sjølv om fokus har vore å beskriva det ”genuine” og ”eigentlege” talemålet, på grunn av eit historisk perspektiv. Dette hang saman med lagnaden til det norske målet i unionstida, og målførestudia var såleis eit arbeid med språklege band mellom fortid og nytid. (Venås, 1982:13.) Mæhlum (1996:185) meiner at grunnen til at det var så viktig å finna det ”genuine” talemålet, kanskje var nettopp bevisstheita om at dialektane endrar seg. No er det slik at ein diskuterer om det er noko talemål som er ”ekte”. Det er endringane og variasjonen som er det interessante, og kvifor akkurat slik og slik variasjon oppstår. Kjell Venås (1982) peikar òg på at fleire greiner av tradisjonell språkvitskap enn berre målføregranskingar har krinsa om tilhøvet mellom språk og samfunn. Han nemner språkhistorie, stadnamnsgransking og ordtydingar, som alle legg vekt på kor mykje samfunnet har hatt å seia i slike granskingar. (Venås, 1982:11f.) Altså kan ein seia at det har lenge vore ei bevisstheit kring samanhengen mellom språk og samfunn, men ein seier at det var først på 70-talet Labov begynte med sine sosiolingvistiske granskingar.

### 3.2 Variasjon og endring i språket

Det finst mange teoriar og modellar som er utvikla for å kunna beskriva og forklara endring og variasjon i språket. I det følgjande kapitlet skal eg ta føre meg teori som eg meiner er relevant for det som er målet med denne granskinga. For å kunna forklara konkret språkendring må ein kjenna til korfor og korleis variasjon eksisterer, kva som generelt sett kan vera årsaker til variasjon og språkendring, og kva som kan påverka språket og språkbrukaren.

### 3.3 Språkleg variasjon

Det finst hovudsakleg to typar synkron variasjon. Det er intra-individuell variasjon, som er variasjon hjå enkeltindividet, og inter-individuell variasjon, som er variasjon mellom individ. Sjølv om ein har godt brukte termar som dialekt og målføre, så vil ein alltid finna variasjon innafor det ein gjerne kallar éin dialekt.

Som språkbrukarar er ein i stand til å endra språket sitt etter situasjonen, eller konteksten. Svært få (eller ingen) snakkar heilt likt i alle situasjonar. I samtalane mine får eg opplyst hjå dei fleste informantane at dei gjerne varierer talemålet sitt litt etter kven dei snakkar med, og kva situasjon dei er i. Stilvariasjon er svært vanleg og har gjerne vorte sett på som eit problem i strukturlingvistisk forskning, og det vanlege er å oversjå slik variasjon. Det er ikkje vorte rekna som regelmessige trekk, og derfor er det uinteressant for mange. (Labov, 1972:71.) Labov har i fleire undersøkingar (sjå mellom anna 1972:70ff) vist at informantar snakkar ulikt i intervju avhengig av samtaletema og samtalepartner. Labov (1994:157) viser til at det er kor mykje fokus språkbrukaren har på språket, som avgjer. Bell (1984) føreslår at den viktigaste grunnen til stilskifte er "audience design". Det vil seia at språkbrukaren tilpassar språket etter kven som høyrer på. Stilvariasjon er brukt i sosiolingvistikken som "varieties according to use." (Hudson, 1996:199.) Altså kan enkeltindividet variera språkbruk etter kven ein snakkar med, og kva situasjon ein er i, og dette kallar ein intra-individuell variasjon. Eg vil nemna at register òg er ein vanleg term å bruka. Hudson (1996:45ff) viser til at stilvariasjon er ein del av register, som er eit vidare omgrep enn stilvariasjon. Han legg vekt på skilnaden mellom dialekt og register, og seier at "(...) [y]our dialect shows who (or what) you *are*, whilst your register shows what you are *doing* (...)". (Hudson 1996:46.) Kort sagt har alle språkbrukarar eit register som dei kan gjera seg nytte av avhengig av ulike sosiale tilhøve og kontekstar. Eg har inntrykk av at desse to omgrepa er brukt litt om kvarandre og om det same, og vel derfor (som så mange andre) ikkje å gjera noko meir ut av den eventuelle skilnaden enn at han er nemnt her.

Inter-individuell variasjon kan ein mellom anna finna mellom folk i ulike aldrar, på ulike lokalitetar og mellom kjønn. Desse vil eg presentera nedafor, og det er òg det som eg kallar dei sosiale variablane i denne oppgåva.

### **3.3.1 Lokalitet**

Lokalitet er ein svært vanleg variabel i sosiolingvistiske granskingar. Det er naturleg nok fordi dialekten vil vera annleis på ulike stader. Han er ikkje lik i Øygarden og Bergen, men òg område som har den same dialekten, kan ha litt variasjon og forskjellar i språket.

### **3.3.2 Kjønn**

Dei vanlegaste funna i samband med kjønn i sosiolingvistiske granskingar er knytte til at kvinner bruker fleire prestisjeformer enn menn. Men det finst unntak, og det kan vera interessant å sjå om denne granskinga kan visa det same som andre granskingar har påvist, eller om det ikkje er nokon skilnad mellom kjønna.

### **3.3.4 Alder**

Forskjellar mellom ulike aldersgrupper er ein anna sosial variabel som er vanleg å ha med. Det som er dei vanlegaste funna, er at ungdom bruker fleire nye former enn vaksne og eldre.

Språkleg variasjon treng ikkje føra til språkending, men som me skal sjå lenger ned, så kan det føra til det. Når eg no har vist at språkleg variasjon eksisterer, kan ein spørja seg korfor det eksisterer. Eg skal behandla det temaet seinare i kapitlet, i underkapittel 3.4.2.1 om mikronivået. Grunnen til at det kjem inn under delen om språkending og ikkje variasjon, er at variasjon i mange tilfelle fører til språkending. For å få eit best muleg bilete på det meiner eg det er mest nyttig å handsama det seinare, i samband med korleis individuell variasjon kan føra til språkending.

## **3.4 Språkending: årsaker og forklaringar**

Språket endrar seg heile tida, og varietetar oppstår og forsvinn (Milroy, 1992:1). Akkurat korfor språket utviklar seg på ulike måtar, veit ein ikkje så mykje om. Men "[d]et vi kan gjøre, er å tenke oss årsakssamanhengar som verkar rimelige ut ifrå den innsikta vi alt har om språk og samfunn" (Sandøy, 1996:129). Først skal eg ta for meg det som vert kalla indre faktorar, altså årsaker til språkending som ligg i språket sjølv. Deretter skal eg sjå på ytre faktorar, der ein fokuserer på samfunnsforhold kring språket.

### 3.4.1 Indre faktorar

Alle nye språkbrukarar lærer språket gjennom prøving og feiling, og alle må systematisera språket på nytt. Derfor finst det ingen kontroll med at barn sitt språk vert det same som dei eldre generasjonane sitt. Grammatiske reglar er generaliseringar for å rasjonalisera innlæringa. Barn lærer dei enklaste reglane først, og unntak frå reglane er det vanskelegare og meir tidkrevjande å læra. Språkbyggnaden er komplisert, og i språket ligg det alltid ei mulegheit til endring. For å systematisera språket kan det vera nyttig å skilja mellom leksikalske og grammatikalske drag. Dei leksikalske er spesielle, for dei gjeld enkeltord, medan dei grammatikalske er generelle, då desse draga vil gjelda ei mengd ord, utan at dei treng å nemnast. Dette går altså inn i grammatikken som ei generalisering. (Sandøy 1996:128ff.)

I språket ligg det alltid ein tendens til nye grammatiske mønster, ofte forenkling (Sandøy, 2005:32). Forenkling er ofte eit resultat dersom språksamfunnet er utsett for stor mobilitet. Stader med stor tilflytting frå ulike stader i landet eller verda er ofte meir utsette for grammatisk forenkling enn språk som finst i meir isolerte samfunn. Trudgill har sagt at ”språk som er utsett for stor mobilitet, kan ikkje halda på ein komplisert morfologi. Forenklingar er typiske produkt av språklege smeltegryter.” (Sandøy, 2003:244-246.) Dette har med språksamfunn å gjera, og det tar eg opp lenger ned.

Regelinnsnevring vil seia at reglar (morfofonologiske, fonologiske, morfologiske eller syntaktiske) blir meir avgrensa, fordi kategoriar fell ut av verkeområdet for regelen. Motsett kan ein òg ha regelutviding. Då får regelen ei meir generell og generalisert form. Ein annan språkintern faktor kallar ein for analogi. Uproduktive ordklassar får ikkje fleire medlemmar, og då er det vanleg at medlemmar frå desse klassane går over til produktive klassar. Døme på dette kan vera den maskuline er-klassen, som inneheld ord som *sauer*. Den er ikkje produktiv, og i mange dialektar er orda i denne klassen på veg over i den produktive ar-klassen, slik at det blir *sauar*. Funksjonell tyngd er ein språkintern faktor som omhandlar opposisjonar i språket. Språket som eit system av motsetnader må ha ei språkleg markering. Nokre endringar som kjem, skaper tydelegare markering, andre tar vekk motsetnader. Ein del opposisjonar er lite brukt, og det vil seia at dei har lita funksjonell tyngd. Det kan føra til samanfall, fordi det ofte har småe konsekvensar. Til slutt ser det ut til at enkelte drag er meir frekvente i språket, medan andre drag sjeldan førekjem. Ein kan då seia at dei draga som er mest frekvente, er meir naturlege. Derfor er ein av dei språkinterne faktorane kalla for naturlegheit. Døme på

dette er skarre-r-en, som spreier seg raskt fordi han er enklare å uttala enn rulle-r-en. (Sandøy 1996:129ff.)

### **3.4.2 Ytre faktorar**

Årsakene til språkendring kan like godt liggja i samfunnsforhold kring språket som i språket sjølv. Det er dette ein kallar for ytre faktorar for språkendring. Desse ytre faktorane kan vera endringar i kultur – anten materiell eller åndeleg. Ord forsvinn ut av språket når ting dei refererer til, gjer det, på same måten som nye ord kjem inn med nye ting. (Sandøy 1996:135ff.) For å undersøkje kva ytre faktorar som kan påverka språket, kan det vera nyttig å skilja mellom makro- og mikronivå. Ein får då fram eit skilje mellom enkeltindivid og psykologi på den eine sida og storsamfunnet på den andre, og kan forklara språkendring på fleire nivå. Eg nyttar ei slik inndeling i dei følgjande underkapitla.

#### **3.4.2.1 Mikronivå**

Med språkendring på mikronivå siktar eg til det som føregår i kvart enkelt individ, eller som Kerswill (1994:7) seier det: ”Language change is the product of individual performance.” I dette ligg det at språkendring alltid startar med eitt individ og deretter spreier seg til andre. At ein person endrar språket sitt, treng ikkje føra til språkendring, men det kan det. Og når det skjer språkendring, er det slik det startar. Likevel er det slik at alle endrar språket sitt i visse situasjonar og gjerne livsfasar. Labov (2003:13) hevdar at eit av prinsippa for sosiolingvistisk forskning er at ”[t]here are no single-style speakers”. I dette ligg det at språkbrukarar vil ha ein viss variasjon i syntaks, morfologi og fonologi, avhengig av kontekst. Stilvariasjon er noko alle språkbrukarar har, og Labov nemner relasjonen mellom talar og mottakar, den sosiale konteksten og samtaleemnet som viktige faktorar som verkar inn på stilvariasjonen hjå den enkelte språkbrukar.

Livsfaseendring (age-gradig) vil seia at ein endrar språket etter kva alder eller livsfase ein er i. Det vil til dømes seia at unge folk gjerne kan gå inn i talemålsmønsteret til dei eldre når dei sjølve blir eldre. Når ein ser på ulike generasjonar i språksamfunnet, vil ein ofte finna det ein kallar synkron variasjon. Dette kan ein sjå på og tolka som reell språkendring, men det kan òg vera det som kallast livsfaseendring, at enkeltindivid endrar målet, mens samfunnet som heilskap gjer ikkje det. (Labov 1994:84.) Noko av det same skriv Milroy og Gordon

(2003:36). Dei skriv at synkron variasjon mellom generasjonar ikkje treng å bety at det skjer ei språkending, men at slike mønster gjentek seg i generasjon etter generasjon.

#### **3.4.2.1.1 Tilpassingsteorien**

Tilpassingsteorien, eller akkomodasjonsteorien (frå no kalla tilpassingsteorien), handlar om tilpassing i høve til andre talespråklege varietetar. Ein kan tala om konvergens og divergens. Konvergens vil seia at språkbrukaren nærmar seg ein annan varietet, medan divergens vil seia talespråkleg avstand til ein annan varietet. (Akselberg 2003:160.) Etter at Øygarden fekk bru, har det isolerte samfunnet vorte meir ope. Det har vorte ein del av noko større. I tillegg har det flytta ein del folk inn, og gjestearbeidarar sette nok også sitt preg på samfunnet mens dei var der. Denne tilpassingsteorien handlar om variasjon i talemålet avhengig av kven ein snakkar med. Men dette er trekk som kan ”festa” seg, og ein er då inne på den allereie nemnde skilnaden mellom variasjon og endring.

Ein talar om tre typar tilpassing. Over kort tid fører det til språkleg variasjon, over lang tid kan tilpassing føra til språkending. Røyneland (2005:120) seier det slik at korttidstilpassing er lågaste nivå, som kan vera ein interaksjonell episode, langtidstilpassing gjeld den einskilde språkbrukaren, og at eit individ endrar språket. Deretter kan ein tala om språkending hjå delar av kollektivet, og då er ein på høgaste nivå, altså samfunnsnivå (jf. mellom andre Kerswill 1994).

Sosialpsykologen Giles (1973) var den første til å setja namn på nettopp denne teorien (Trudgill 1986:2). Ein kan endra språket sitt etter kven ein snakkar med, ved å konvergera mot ein person som ein gjerne vil ha aksept hjå, medan ein kan divergera, snakka meir ulikt, dersom ein vil halda på avstanden til personen ein talar med. Tilpassingsteorien, slik Giles og hans medarbeidarar brukte han, søkte å forklara kvifor språkbrukarar modifierer språket sitt i den eine eller andre retninga i andre sitt nærvær. (Trudgill 1986:2.) Dette er eit grunnleggjande trekk ved tilpassingsteorien, at ein ser på språkleg åtferd som ein refleks. Det er basert på språkbrukaren sitt ønske om, som nemnt, identifikasjon eller distanse til andre menneske. (Mæhlum 2003:112.) Giles ser hovudsakleg på konvergens og divergens i kontakt over kort tid og langs ein akse mellom høg og låg prestisje. Men frå eit lingvistisk perspektiv, seier Trudgill (1986:3), er det klart at tilpassing òg kan føregå mellom språk som regionalt eller sosialt skil seg frå kvarandre, og over lang tid. Langtidstilpassing er meir interessant for ein lingvist enn korttidstilpassing, for som eg nemnde over, så er det langtidstilpassing som kan føra til språkending.

### ***3.4.2.1.1.2 Tilpassing mellom språksamfunn***

Paul Kerswill seier at språkbrukarar som akkommoderer til medlemmar av det same språksamfunnet, vil kunna modifisera dei lingvistiske variablane som er markørar innafor språksamfunnet. Dette er saliente, eller markerte, trekk, og slike modifiseringar skjer ofte på grunn av stigmatisering, fonetisk distanse og fonologisk kontrast. Kerswill definerer saliens som "a property of a linguistic item that makes it in some way perceptually and cognitively prominent" (Kerswill og Williams 2002:81). I dette ligg det at språktrekk som blir oppfatta som framtrudande av språkbrukarane sjølve, gjerne oppfører seg annleis enn trekk som ikkje blir oppfatta som framtrudande. Trudgill (1986:98) peikar på at "forms that are unusual or in a minority in Norwegian as a whole" kan oppfattast som markerte. På bakgrunn av dette meiner eg med eit salient trekk i denne oppgåva det som folk legg merke til og gjerne peikar på når dei snakkar om dialekten sin. Ein del trekk går att hjå nesten alle informantane mine når dei snakkar om dialekten. På spørsmål om dei endrar talemålet avhengig av situasjon og samtalepartner, spelar dei fleste at dei berre endrar slike ord som berre finst i strilemålet, og som ingen andre forstår. Altså meiner eg at det er saliente, eller markerte, trekk.

Når språkbrukaren tilpassar til medlemmar av andre språksamfunn, er det ikkje sikkert det skjer på same måte. Tilpassing mellom ulike språksamfunn (mellom ulike varietetar) skjer ofte på andre måtar enn akkommodasjon innafor det same språksamfunnet. Medan sistnemnde ofte skjer ved at språkbrukaren endrar bruken av spesielle variantar og variablar, vil tilpassing mellom to ulike språksamfunn ofte innebera val av heilt andre uttalemåtar og vera ein kollektiv tendens. Eit anna interessant spørsmål ved tilpassingsteorien er om det er saliente trekk ved dialekten som vert modifisert i alle typar akkommodasjon (Trudgill 1986:12).

Å verta forstått er ein viktig faktor. Vanlegvis skulle ikkje det vera noko problem i Noreg mellom norske dialektar, og det er det heller ikkje. Men i enkelte situasjonar kan det vera eit problem. Folk frå Øygarden har i samtalanene uttalt at dei legg litt om for at folk med andre dialektar skal forstå dei. Dette gjeld spesielt dei som har vore til sjøs saman med folk frå heile landet. Og då er det, som Trudgill (1986:21) skriv, at språkbrukaren i desse situasjonane er klar over kva for særdrag som kan skapa misforståingar. Det stemmer bra med det informantane frå Øygarden seier. Dei fleste som har vore mykje ute, mellom anna på fiske, nemner dei same særdraga. Denne bevisstheita kring kva som kan skapa misforståingar, treng ikkje stemma med røynda. Mange gonger kan det vera ei oppleving av underlegenheit som

ligg til grunn for at språkbrukaren endrar det han meiner kan misforståast, og det kan vera ei slags orsaking for å ”knota”.

### ***3.4.2.1.1.3 Alder og tilpassing***

Tilpassing er ulike fenomen for unge og vaksne. Barn har mykje større lingvistisk fleksibilitet enn vaksne, så tilpassing vil skje fortare og i langt større grad enn mellom vaksne. Dette gjeld spesielt fram til barna er åtte år. (Trudgill, 1986:31.) I Øygarden vil dette mest truleg visa seg mellom ungdomsskuleelevane. I og med at dei var barn då alle bruene var på plass, vil ein kanskje kunna anta at dei i langt større grad enn vaksne vil ha akkomodert til bergensk, jamfør hypotese om at barn bruker mindre tradisjonelle former enn dei vaksne. At mange flyttar ut i Øygarden, og at barn av foreldre frå Bergen og frå Øygarden i barnehagar og på skular omgåst med kvarandre, er nok ein viktig faktor.

Om det er muleg med total tilpassing, kan ein finna ut ved å sjå på barn, i og med at deira rolle er så viktig når det gjeld innovasjon og dialektblanding. Trudgill skriv at ”It is a matter of common observation, (...) that children use the dialect and accent of their friends, and not those of their parents or teachers” (1986:31). Trudgill peikar likevel på at det finst grenser for graden av fonologisk tilpassing sjølv for små barn (1986:32).

### ***3.4.2.2 Identitet***

Språket har ein identifiseringsfunksjon slik som så mykje anna. Det er slik at me gjerne vil vera som andre rundt oss, og det kan ein markera ved klesstil, frisyre – eller språk. Visse felles sosiale språknormer finst det, og det må det vera for at me skal kunna forstå kvarandre. Le Page og Tabouret-Keller (1985) seier at språkleg åtferd er identitetshandlingar. Individet synleggjer ved hjelp av språket identiteten sin og søket etter sosiale roller. Altså uttrykkjer me gjennom språket kven me er, og kven me vil vera. Dei språklege normene til den gruppa ein vil identifisera seg med, er dei ein følgjer. I stabile og homogene samfunn fungerer identifiseringsfunksjonen til språket som ei konserverande kraft, og det vil gjerne ikkje vera så aktuelt å velja mellom grupper å identifisera seg med, då språket og språknormene òg vil vera stabile. (Sandøy 1996:137.) Men som ein har lært i kapittel to om Øygarden kommune, så finst det lite grunnlag for å seia at det er slik i Øygarden. Ikkje berre har samfunnet fått mange nye innflyttarar, men det har òg vorte meir ope og heterogent. Det er tale om sosial og geografisk heterogenitet. Det er rimeleg å tru at det i Øygarden har oppstått nye sosiale

grupper og mønster etter at folketalet begynte å auka. I tillegg seier erfaringane frå den folkelingvistiske delen av intervjuet at mulegheitene til å orientera seg utover er langt større no. Det kan føra til eit ønske om ein ny identifikasjon, og det kan sjølvsagt påverka språkbruken, som er ein viktig markør i den samanhengen. Det har òg flytta svært mange ut til Øygarden, altså har den geografiske mobiliteten vorte større og ført til endringar i samfunnet. (Sandøy 1996:137.)

### **3.4.2.3 Makronivå**

Når ein talar om ytre faktorar i eit makroperspektiv, er det kva som skjer i storsamfunnet, ein er oppteken av. Som Ragnhild Haugen (2004:37) skriv, vil ein på makronivået ”gje ei generell framstilling av ytre faktorar som fungerer som deskriptive kulisser for alle individa i landskapet.”

Sosial og geografisk mobilitet, sosiale normer og kontakt er viktige faktorar for språkendringa. I tillegg til dette kan språkdrag ha ulik prestisje, som igjen kan tenkjast å bety noko. Ein kan tenkja seg at stigmatiserte språkdrag med låg prestisje var sterkt utsette for endring, men slik er det ikkje alltid. Nedvurderte språkdrag spreier seg ofte, og det kan ha samanheng med identifiseringsfunksjonen som språket har (sjå kapittel 3.4.2.5 om identitet). Prestisjespråk er den dialekten som er rekna som mest korrekt og mest sosialt akseptert (Sandøy, 1996:138f). Som me skal sjå seinare i oppgåva, viser masketesten at folk i Øygarden trur øygardsdialekten er vurdert lågt generelt i samfunnet, medan dei sjølve vurderer han høgt. Det kan ha samanheng med både identifiseringsfunksjonen (som øygardingar) og den generelle oppfattinga om kva som er det mest sosialt aksepterte. Først av alt skal eg visa til nokre modellar som gjeld spreieing og endring av språkdrag i samfunnet, og ta opp ein diskusjon om språksamfunn. Deretter gjer eg greie for korfor eg ser på Øygarden som eit språksamfunn.

Språkendring startar alltid på individplan, men dersom det spreier seg og fører til språkendring generelt i språksamfunnet, er me over på det me kallar makronivået.

#### **3.4.2.3.1 Spreieing og endring av språkdrag**

Korleis språkdrag spreier seg, kan det vera mange grunnar til. Ein plass må det starta. Språkendring startar med ein innovatør, ein person som introduserer og tar i bruk eit nytt språkdrag. Lat meg presisera først som sist at innovasjon og endring ikkje er det same, men at det som startar som ei individuell handling, kan påverka fleire, og dermed føra til kollektiv

endring. Ein innovasjon kan verta ein del av eit språkssystem, men det er slett ikkje alltid tilfelle, og det kallar ein for mislukka innovasjonar. (Milroy, 1992:169.)

#### **3.4.2.3.2 Modellar for spreining av språkdrag**

Helge Sandøy (2005) skriv i sin artikkel ”Språk og region i historisk perspektiv” om to ulike spreingsmodellar. Den eldste er bølgeteorien, som går ut på at draga spreier seg frå sentrum og utover, som ei bølge på vatnet (2005:31). I Øygarden kan ein tenkja seg at etter øyane vart fast knytte til fastlandet, har Bergen på eit vis kome nærare. Det er naturleg å sjå Bergen som regionalt sentrum i dette området, og at bergensdialekten kan ha spreidd seg utover mot Øygarden, er ikkje utenkjeleg. Den andre modellen Sandøy (2005:31) skisserer, er hopp mellom sentrum. I dette tilfellet kan ein då sjå for seg at språkdrag spreier seg frå Bergen til Straume (som er sentrum på Sotra) og deretter vidare til Rong, som er kommunesentrum i Øygarden. Dette er modellar som baserer seg på sosial kontakt mellom folk.

#### **3.4.2.3.3 Språksamfunn**

Før eg startar å skriva om språksamfunn, er det viktig å presisera at det er skilnad på endringsprosessen innafor eit språksamfunn og spreingsprosessen mellom ulike språksamfunn (Sandøy 2003:212). Eg skal undersøkje endringsprosessen innafor språksamfunnet Øygarden, men spreingsprosessen er viktig å ha med, fordi det kan forklara eller seia noko om årsakene til endring. I Øygarden kan det vera påverknad frå Bergen, endring grunna tilflytting og nye arbeidsplassar, eller ein kombinasjon.

Øygarden i 1983 og Øygarden i dag er nok ikkje det same språksamfunnet. Det er òg viktig å ha i tankane at det heilt frå kommunesamanslåinga i 1964 har vore eit samfunn i endring, og ein kan ikkje venta at desse endringane hadde fått ”fotfeste” allereie i 1983, sjølv om dei fleste bruene var på plass. Med Rongesundbrua i 1986 var heile Øygarden ferjefritt og vegsambandet til Bergen eit faktum.

Fordi eg legg vekt på sosiale faktorar når eg skal forklara språkendring og variasjon, meiner eg det er viktig å finna ut noko om kva for samfunn Øygarden er. Kva er rammene for språket i dette samfunnet, og korleis har det historisk sett vore?

Eit språksamfunn har ingen eintydig og enkel definisjon, og fleire forskarar har komne med forslag til definisjonar. Reidun Hernes (2006) skriv at eit språksamfunn er det sosiale rommet som språkendringane går føre seg i. Ho peikar på at omgrepet er viktig i

sosiolingvistisk forskning, men at det òg er problematisk, fordi det har vorte brukt på så mange ulike måtar. Hernes (2006:71) viser til at ikkje alle språksamfunn er like, og at det derfor er vanskeleg å koma fram til ein definisjon som gjeld alle. For det første har ein språksamfunn på fleire nivå. Ein kan kalla heile Noreg eit språksamfunn, og det er derfor viktig å hugsa på at alle er medlemmar av fleire språksamfunn på ulike nivå. William Labov (1972) har definert språksamfunnet som eit samfunn der ein deler eit sett av felles normer og felles språk. Han bind altså saman to ulike fenomen. Han hevdar at sjølve språkproduksjonen (lydbølgjene) og det kognitive (korleis dei sosiale antennene fungerer) heng saman. Labov gjer avgrensing av språksamfunnet ut frå "the participation in a set of shared norms", som så skulle kunna observerast gjennom "evaluative behavior" og gjennom "the uniformity of abstract patterns of variation" (Labov 1972:120f). I denne definisjonen blir altså språksamfunnet forstått som ei geografisk og sosialt avgrensa undersøkingseining som kan studerast uavhengig av storsamfunnet det er ein del av (Milroy og Gordon 2003:133f). Labov viser kva tilpassing individet har i den sosiale strukturen, men mellom andre Hudson (1996) stiller seg tvilande til dette, og definerer språksamfunnet slik:

" If we take the position that speech communities should have some kind of psychological reality for their members [...], then it follows that we must identify different speech communities in the same population according to the person whose viewpoint we are taking (Hudson 1996:27).

Han meiner at språkbrukarane sjølve avgjer kven som høyrer til deira språksamfunn, det lar seg ikkje avgjera utanfrå. Eit spørsmål i diskusjonen om språksamfunn har nettopp vore om omgrepet bør diskuterast med utgangspunkt i den individuelle språkbrukaren eller med utgangspunkt i kollektivet av språkbrukarar. Samspelet mellom språkbrukar og språksamfunn er komplisert. Ein kan beskriva språkbruken til individet som resultat av dei språknormene som er i samfunnet, men òg seia at språkbrukaren gjennom frie språklege handlingar er med på å forma språksamfunnet (Hernes, 2006:58-59).

Henning Andersen (1988) meiner at det er skilnad i utviklinga i ulike typar språksamfunn, og at ein må skilja mellom opne og lukka samfunn. Han meiner at språket endrar seg ulikt i meir opne språksamfunn enn i dei meir isolerte. Dei opne språksamfunna er meir orienterte utafor lokalsamfunnet, medan dei lukka orienterer seg innover. I tillegg viser han til at ein må skilja mellom eksosentriske og endosentriske. Med desse fire omgrepa meiner Andersen at ein skal kunna forklara eit språksamfunn. Dei opne vil ha større tendens til forenkling, på grunn av stor grad av språkkontakt, medan dei meir lukka vil kunna halda betre på kompleksiteten.

Skilnaden mellom endo- og eksosentriske er at i førstnemnde er samfunnet og innbyggjarane prega av skepsis til framande og stor tru på lokale verdiar. I eksosentriske er innbyggjarane meir positive til det som kjem utanfrå. Altså kan ein no setja desse omgrepa saman på ulike måtar og få lukka, endosentriske, der språkpåverknad ikkje er påtrengjande, ein kan ha lukka, eksosentriske, som er opne for påverknad, men det vil ikkje gå like raskt som i opne og eksosentriske (Andersen 1988). Men dette har sjølvsagt møtt kritikk. Mellom anna har Hudson (1996:27) kritisert dette for å vera for ”utanfrådefinert”, nettopp fordi han som nemnt meiner at språkbrukarane sjølv avgjer kven som høyrer til deira språksamfunn. Forskarar har altså brukt omgrepet språksamfunn ulikt, og tradisjonelt har det vore brukt som metodisk reiskap i granskingar innafor sosiolingvistik. Måten ein har definert språksamfunnet på, har dermed vore viktig for populasjonsstorleiken i granskinga og for informantutvalet som skal representera populasjonen. Sjølv om denne tilnæringsmåten metodisk sett er nødvendig, så er problemet dei teoretiske premissane når det gjeld oppfatninga av kva eit språksamfunn er (Hernes 2006:53).

I mitt tilfelle, med Øygarden, meiner eg det er fruktbart å skilja mellom fokuserte og diffuse språksamfunn, slik Sandøy (2003:238) og Mæhlum (2003:92) gjer det. Mæhlum seier mellom anna at eit karakteristisk trekk ved diffuse språksamfunn er at den tradisjonelle dialektnorma ikkje vert følgd fullt ut, sjølv om mange har ei oppfatning om korleis dialekten ”eigentleg” er. Grunnen til at eg vel å ha med desse omgrepa, er at eg meiner dei kan vera ganske beskrivande for den endringa Øygarden har gått gjennom. I mitt prosjekt er det slik at området, altså språksamfunnet som eg skal undersøkje, er ei geografisk og administrativt avgrensa eining, men det har det ikkje alltid vore. Tidlegare var Øygarden, som nemnt i kapittel to, to kommunar. Kommunane var Hjelme og Herdla, og folk frå Hjelme hadde langt meir med Nordhordland å gjera enn med resten av Øygarden. Etter kommunesamanslåinga i 1964 vart Øygarden ein kommune. Der er no felles styre, både politisk og administrativt, dei har skular saman, lag og organisasjonar held seg innafor kommunegrensene og så bortetter. Ein kan altså seia at dei har meir med kvarandre å gjera innafor kommunegrensene i Øygarden enn med til dømes nabokommunen Fjell. Dette fører til eit fellesskap, dei har noko meir saman innafor Øygarden sine grenser enn dei har utafør.

Øygarden kommune er samstundes eit samfunn som har endra seg mykje dei siste tiåra, både strukturelt, geografisk og kommunikativt. Gjennom samtalan med informantane kjem det fram at Øygarden ikkje lenger er eit ”gamaldags” strilesamfunn lenger. Mange tilflyttande menneske og kulturelle endringar er teikn på det. Fleire informantar snakkar om Øygarden før og no, og dei fortel at det tidlegare var heilt andre felles normer enn det er i dag. Den

strilekulturen som tidlegare prega Øygarden, er no ”vatna ut”, som fleire informantar seier, og det viser at den sosiale røynda har vorte meir kompleks.

Typisk for diffuse språksamfunn er at den tradisjonelle dialektnorma ikkje blir følgd fullt ut, og om det stemmer, skal resultatane i kapittel 5 få visa. Det er òg interessant med skilnaden mellom diffuse og fokuserte språksamfunn i forhold til Birkeland (2008) sin studie av talemålet i kommunane Radøy og Meland, der ho har funne ut at det er samanheng mellom fokuserte samfunn og bevaring av talemålet. I og med at eg meiner Øygarden no er eit meir diffust samfunn, kan det henda at det kan vera med å forklara språkutviklinga (jf kapittel 3.3.1).

#### **3.4.2.3.4 Dominans**

Eg reknar intuitivt med at det er slik at Bergen dominerer sosialt, økonomisk og kulturelt over Øygarden. Det er eit faktum at Bergen er viktig for Øygarden (og resten av strilelandet). Slik har det òg vore historisk sett. Bergen var lenge den viktigaste handels-, skipsfarts- og indistribyen i Noreg, og byen var hovudstad fram til 1299. Frå 1300-talet og nokre hundreår framover var Bergen ein viktig handelsby. Det var store skilnader mellom dei som budde i byen, og dei som budde på strilelandet. Folk på strilelandet var fattige og heilt avhengige av handel med/i Bergen. (Kerswill 1994:29f og Norsk Nettskole.)

I dag er det sjølvsagt ikkje slik, men som eg viste i kapittel 2 om Øygarden, er det svært mange som pendlar til Bergen for å arbeida. I samtalanane går det fram at mange av dei som kjem frå Øygarden, reiser til Bergen for å ta utdanning, og dei fleste ungdomane seier at dei har planar om det. Det er naturleg nok fordi at Bergen er den næraste staden det er muleg å ta høgare utdanning. I Bergen får folk frå kommunane rundt tak i det dei ikkje får tak i heime, det kan vera møblar, klede, sko osv. Dei som tar dei store avgjerdene når det gjeld oljelegga i Øygarden, sit i Bergen, og mykje av finanskapitalen når det gjeld desse ligg i Bergen. Avisa Bergens Tidende (BT) dominerer store delar av Vestlandet, inkludert Øygarden. Denne formidlar mykje bergensstoff ut til distrikta, og det er langt fleire i Øygarden som les BT enn det er i Bergen som les avisa for Sotra og Øygarden, Vestnytt. På Vestlandet er Bergen regionsenter, noko som inneber at det er her ein finn alle tilbod og mulegheiter som er tilpassa for regionen. Med litt større ord kan ein kalla det for ein regionshovudstad. Alle desse faktorane gir ei kjensle av at byen dominerer.

Som eg skreiv ovafor, er det vanlegvis slik at lokale språknormer gjerne må vika for dei som er meir utbreidde i regionen, og det same gjeld nok òg for andre samfunnsnormer når dei kjem i kontakt med kvarandre.

Sidan 1299 har Oslo (tidlegare Christiania) vore hovudstad. Mellom anna regjering, Storting og kongefamilien held til der, saman med dei fleste riksdekkande avisene, dei fleste radiokanalane og den største fjernsynsstasjonen. Det har òg vore diskusjonar om at regjeringa er dominert av folk som kjem frå Oslo (mellom anna Bergensavisen 2008). At Oslo på mange måtar dominerer over resten av Noreg, er noko som eg trur alle er klar over, og temaet har vore oppe til fleire diskusjonar (sjå mellom anna Regjeringa, Kommunal- og regionaldepartementet 2009 og Altaposten 2010). Eg skal ikkje gå inn på desse diskusjonane, men nøyer meg med å visa til dette som eg her vil kalla dominansforholdet mellom Oslo og resten av landet. I prosjektet har dette vore problematisert ved å leggja inn austlandsstemmer saman med bergensk og andre varietetar i dialektmasketestane (jf. 4.13).

#### **3.4.2.3.5 Regionalisering**

Regionalisering er eit vidt omgrep. Ofte viser regionar eller landsdelar fellesdrag i utviklinga. Dialektforskjellane mellom dei minste lokalitetane forsvinn ofte til fordel for språkdrag som dekkjer større område, som eit slags kompromiss. (Sandøy 2003:227.) Dei siste 30 åra har det i delar av landet vakse fram sterke regionscenter. Knutepunktet i kommunikasjonen ligg i slike senter, og ungdomar frå bygda flyttar dit for å gå på skule. I regionscenteret har gjerne dialekten allereie vore igjennom ein forenklingsprosess, og han kan dermed få ei medfart i samband med indre faktorar til språkending. (Skjekkeland 2005:23ff.)

På Vestlandet er det ikkje heilt klart at det skjer ei utjamning til eit regionaltalemål, for skilnadane er framleis store. Det viktigaste trekket som kan nemnast her, er skarre-r, som viser stor ekspansiv kraft. (Sandøy 2003:230.) Kulturlivet i byen dannar mønster og dominerer påverknaden (jf. 3.4.2.3.4), og språket påverkar dialektane kring byen. Det er gjerne ei modifisert form av bymålet som er norm, ikkje det høgare talemålet. (Skjekkeland 2005:24f.)

I ein region må det ikkje vera slik at byen og sentrum påverkar. Bygdene rundt byane kan få ei uavhengig utvikling. Det er ikkje berre byen og sentrum som har kontakt med bygdene rundt. Bygdene har òg kontakt utan at byen er involvert. Helge Omdal (1994) skriv i si doktorgradsavhandling om setesdølar som flyttar til Kristiansand. Han finn ut at setesdølane får språktrekk som er felles for eit større område, ikkje kristiansandsk bymål. Dialekttrekka

vert erstatta med regionalt og nasjonalt utbreidde språktrekk (Omdal 1994:225). Mellom bygder i Hordaland kan eg nemna eit døme på felles utvikling dei imellom med substantiv. Det ser ut til at ei ending med /-ena/ spreier seg. I utgangspunktet har ein del dialektar i Hordaland hatt /-ena/ som ending i hokjønnsord. Intuitivt meiner eg det ser det ut til at det spreier seg, men ikkje berre i hokjønn. Det finst både i inkjekjønn og hankjønn, slik at ein enkelte stader kan høyra *husena, jentena, guttana*. Dette trekket finst ikkje i bergensk bymål. Der heiter det *husene, jentene, guttene*.

Det er ikkje slik at regionalisering i seg sjølv er ein forklaringsmodell for språkending på lik linje med til dømes tilpassingsteorien, men det kan seia noko om retninga i språkutviklinga. Den språklege utviklinga heng saman med samfunnsutviklinga, og det har dei siste åra utvikla seg sterke regionscenter.

For å bruka omgrepet region i ei gransking som denne, må det definerast uavhengig av det språklege for å unngå sirkelslutningar. Omgrepet kan definerast på fleire plan. Det kan definerast som funksjonell, kulturell eller mental region. Kulturell og mental region er region på meso- og mikronivå, og samhandling mellom grupper og individ står i fokus. Indre krefter heldt regionen saman. Funksjonell region er region på makronivå, og er danna av ytre krefter. (Haugen 2004:38f.) Det er denne siste typen region eg bruker i denne oppgåva, og for å definera omgrepet region på dei premissane, må den knytast til kommunikasjon, kultur, økonomi osv. (Sandøy 2003:230.) Det kommunikative i regionen har ført til det sosiale. Som eg viste i førre kapittel (3.4.2.3.4) dominerer Bergen over Øygarden både sosialt, økonomisk og kulturelt. Det same gjeld for Bergen andre omland. Derfor meiner eg det ikkje er urimeleg å kalla i alle fall Hordaland for ein region.

### **3.5 Nivellering: endringsmønster**

Trudgill definerer omgrepet nivellering slik: ”implying the reduction or attrition of *marked* variants” (1986:98). Med dette meiner han at situasjonar med dialektkontakt og individuell akkomodasjon fører til at dei markerte formene forsvinn og blir erstatta av sosialt umarkerte former (jf. 3.4.2.1.1.2), og det handlar om prestisje, status og identitet. Vanlegvis er det slik at lokale språknormer må vika for former som er meir utbreidde i regionen eller landet. (Hernes 2006:43.) Ifølgje Paul Kerswill er resultatet av regional dialektnivellering at talet på aktuelle variantar av visse språklege variablar innafor eit dialektområde minkar. Det vil medføra mindre skilnader mellom dialektane i området, som igjen vil føra til ei homogenisering av talemålet. (Kerswill 2002b:671.)

### 3.6 Hypotesar

Eg har fem hypotesar om kva eg trur eg kjem til å finna ut om talemålet i Øygarden.

1. Eg trur at trendstudien i større grad enn panelstudien vil påvisa språkendring. Det er fordi at det dei siste åra har kome mykje tilflyttarar, hovudsakleg frå Bergen (sjå kapittel 3). Dette fører til at mange barn som er fødde i Bergen, går i barnehage og på skule i Øygarden. Det er eit kjent fenomen at unge har større lingvistisk fleksibilitet enn vaksne (Trudgill, 1986:31) (jamfør underkapittel 2.4.2.5), og når påverknaden vert så stor som den tilsynelatande er i dag, må ein rekna med at born og ungdom frå Øygarden gjerne får ein dialekt som liknar meir på bergensdialekten.
2. Dei yngre i Øygarden i 2009 har meir yngre former enn dei i midtgruppa og dei eldre i 2009 og alle informantane i 1983, delvis grunna stor tilflytting, delvis grunna store omkalfatringar i kommunen som har ført til at kommunikasjonen til Bergen har vorte betre. Dette skjedde etter at dei som no er i midtgruppa, var rimeleg vaksne, nærmare bestemt i 1986.
3. Strilemålet kan i stor grad delast i eldre og yngre stril, og eg trur det klåraste skiljet går mellom yngre-gruppa og resten av 2009-materialet (årsklasse IV og II/III). Det er fordi samferdsla i høve til Bergen har vorte mykje betre med veg. Det er næraste sentrum, og eg trur bergensk spreier seg utover. Med dei omkalfatringar som har funne stad i Øygarden, vil eg ut frå kunnskap om dette venta at språksamfunnet Øygarden i større eller mindre grad har vorte påverka av eit meir urbant språk.
4. Eg trur ikkje det er nokon signifikant skilnad mellom kjønna i bruken av dei aktuelle variantane. Som nemnt i kapittel 3.3.2 har det vore vist at kvinner bruker meir prestisjeformer enn menn, men eg trur ikkje det vil gi noko utslag i Øygarden.
5. Eg trur at det er fleire førekomstar av yngre former sør i kommunen enn nord i kommunen i 2009. Eg trur at det er større skilnad mellom nord og sør i 2009 enn i 1983. Sjølv om informantane opplever ein viss skilnad i talemålet, så trur eg at desse skilnadene ikkje vil gi store utslag for 1983. Det er same talemålet, og slik eg har oppfatta det, var skilnadene relativt småe. Etter 1986 har derimot Øygarden fått ferjefritt samband til Bergen, og svært mange folk har flytta til Øygarden. Dei fleste

har busett seg rundt kommunesenteret Rong, som ligg heilt sør i kommunen (jf. figur 2.3).

## 4. Metode

### 4.1 Generelt om metode

Metode er kanskje det aller viktigaste for kva ein får ut av ei gransking. Når ein skal velja metode, er det mange omsyn å ta. Problemstillinga som er valt, er det mest avgjerande for kva metode ein vel, fordi at metoden ein vel, er heilt avgjerande for kva ein kan finna ut noko om (Akselberg og Mæhlum 2003:71-72). Nokre grunnleggjande vitenskaplege krav må vera oppfylte når ein skal i gang med ei gransking, og dei to viktigaste kvalitetskriteria for datamaterialet er reliabilitet og validitet. Reliabilitet viser til kor påliteleg materialet er. Dette kjem til uttrykk i at ein skal få identiske data dersom ein bruker same innsamlingsmetode ved ulike datainnsamlingar om det same. Det handlar om samsvar mellom datasetta. Validitet viser til datamaterialet si gyldigheit for dei problemstillingane som skal svarast på, og validiteten er høg dersom ein har fått data som er relevante for problemstillinga. Ein kan seia at validitet er eit uttrykk for kor godt materialet spelar til intensjonen med granskinga og innsamlinga, og det inneber at validitet avheng av korleis undersøkingsopplegget er utforma. Validitet og reliabilitet både utfyller og delvis overlappar kvarandre, då dei refererer til ulike føresetnader for datakvalitet, samstundes som høg reliabilitet er ein føresetnad for høg validitet. Dette går ikkje motsett veg. Reliabiliteten er uavhengig av validitet, fordi datamaterialet kan vera påliteleg sjølv om det ikkje er relevant for problemstillingane. (Grønmo, 2004:217ff.)

### 4.2 Kvantitativ og kvalitativ metode

Eit svært viktig spørsmål når ein drøftar sosiolingvistisk metode, er om ein vil ha kvalitative eller kvantitative data<sup>9</sup>. Skilnaden mellom desse er at ein ved bruk av (frå no av kalla) kvantitativ metode vektlegg å få oversikt over språksituasjonen i eit samfunn. Ein kvantifiserar, eller tel opp, dei språklege og sosiale tilhøva ein vil undersøkje. Resultata vil i stor grad kunna generaliserast, slik at dei vert gyldige ut over akkurat dei informantane som er plukka ut, fordi ein har eit tilnærma tilfeldig og representativt utval. Objektive storleikar er vanlegast å ha med som sosiale variablar, slik som alder, kjønn og lokalitet. Om ein vel å bruka kvalitativ metode, er poenget for eksempel å få eit djupare innsyn i motiva for den

---

<sup>9</sup> Grønmo (1996:73) viser til at omgrepa kvalitativ og kvantitativ først og fremst refererer til ein eigenskap ved dataa som vert samla inn. Tilnærmingar kan derfor sjåast på som kvalitative eller kvantitative på bakgrunn av om dei omfattar innsamling av kvalitative eller kvantitative data.

enkelte informant sin språkbruk. Samanhengen mellom det einkilde individ og språkbruken er viktig. Ein har færre informantar, og ein kan derfor konsentrera studien om å synleggjera kva for mekanismar som bestemmer den enkelte sin språkbruk. Desse funna kan på grunn av dette vera gyldige ut over den enkelte informant. (Akselberg og Mæhlum, 2003:74-75.)

Det har lenge vore diskusjon innafor samfunnsforskninga om forholdet mellom kvantitative og kvalitative tilnærmingar. Tidlegare var det prega av å vera motsetnader som ikkje kunne forsonast. No vil derimot dei fleste vera samde i at dei to tilnærmingane ikkje er så ulike eller uforsonlege. Distinksjonen mellom det kvalitative og kvantitative er heller ikkje ein rein dikotomi. Det er to ytterpunkt på ein skala, slik at mange kvantitative forskingsopplegg vil gjerne ha innslag av kvalitative element. Dei to tilnærmingane vert gjerne sett på som komplementære i forhold til kvarandre. Dei kan ikkje erstatta kvarandre, men dei kan supplera kvarandre. Å velja mellom kvalitative og kvantitative data er ikkje eit prinsipielt val, men eit strategisk val. Det same gjeld sjølvstakt for kombinasjon av metodar. (Grønmo 1996:73ff.)

## **4.2 Undersøkingar i verkeleg eller tilsynelatande tid**

Ved undersøkingar i tilsynelatande tid må ein i langt større grad tolka seg fram til den diakrone språkendinga. Då samanliknar ein berre ulike aldersgrupper, men har ikkje tidlegare data å samanlikna med. Sjølv om ein finn samsvar eller signifikant korrelasjon mellom aldersgrupper og dei lingvistiske variablane, kan ein ikkje seia sikkert om ein har med språkending eller livsfaseending<sup>10</sup> å gjera. (Labov 1994:46.) Det har vore vanleg å gjera det på denne måten i sociolingvistikken, fordi området er så nytt og det finst avgrensa med materiale frå tidlegare granskingar. I Dialektendringsprosessar løyser me dette problemet, for heile grunnlaget for prosjektet er nemleg at me har høve til å gjera granskingar i verkeleg tid. Ifølgje Labov (1994:73-74) kan granskingar i verkeleg tid gjerast på to måtar. Ein kan finna litteratur frå same samfunn og samanlikna tidlegare funn med nye. Den andre tilnærmingsmåten er at ein etter ei tid reiser tilbake til det same (språk)samfunnet og gjer den same granskinga på nytt. Det er sistnemnde som er aktuell for vårt prosjekt. Eg reiste til Øygarden 26 år etter at den første granskinga var gjennomført, og gjorde nye intervju både med panel- og trendinformantar.

For å kunna tolka data frå studiar i verkeleg tid krevst det ein underliggjande modell som kan seia noko om korleis individa endrar seg eller ikkje, og korleis samfunnet endrar seg eller

---

<sup>10</sup> Språkending som heng saman med alder, og som gjentek seg i fleire generasjonar (sjå kapittel 2.4.2 om livsfaseending).

ikkje. Ein vil då kunna seia noko om resultat av ulike kombinasjonar individ og samfunn. (Labov, 1994:83.) Først presenterer eg Labov sin figur, deretter kommenterer eg han.

**Figur 4.1 Mønster for individuell og kollektiv endring.**

	Individual	Society
Stability	Stable	Stable
Age-grading	Unstable	Stable
Generational change	Stable	Unstable
Communal change	Unstable	Unstable

(Labov 1994:83).

Labov nemner, som ein ser, fire moglege relasjonar mellom individet og samfunnet: ”*Stability*” er at verken samfunnet eller individet endrar seg. ”[A]*ge-grading*”, som vil seia at individet endrar seg, men ikkje samfunnet. Vidare har ein ”*generational change*”, som er tilfellet når individ har sitt tidlegare språkbruksmønster, men samfunnet elles endrar seg. Den fjerde og siste kombinasjonen er ”*communal change*”, som inneber at individ og samfunn endrar seg saman. (Labov 1994:83-84 og 2001:76.) Fordelen med verkeleg tid i forhold til dette er at ein kan avdekka om det er livsfaseendring (”age-grading”), eller om det er generelle endringar som skjer. Panelgranskingar vil avdekka om individet endrar seg eller er stabilt. Når ein i tillegg supplerer med trendgransking, vil desse to undersøkingane i verkeleg tid saman kunna spora ustabile tendensar hjå individ, og skilja stabile frå ustabile samfunn. (Labov 1994:84f.)

### 4.3 Panel- og trendgranskingar

Grunnen til at både panel- og trendstudiar er gunstige, er at ein får eit bra bilete på korleis endring og variasjon har med kvarandre å gjera. Trendundersøkinga representerer kollektivet, medan panelgranskinga gjer at ein kan forstå språkendring som individuell prosess. Derfor har me verkeleg tid og aldersgrupper.

#### 4.3.1 Trendstudie

Dei ”nye” informantane me skal gjera opptak av, utgjer den delen av granskinga som ein kallar trendstudie (Meyerhoff, 2006:131f. og Labov, 1994:76). Då trekkjer ein ut folk som no er på same alder som dei informantane Antonesen tok opp i 1983, var. Det vil seia at ein

samanliknar eit utval av personar som no tilsvarar dei som Antonesen gjorde opptak med i 1983. Ein vil få eit diakront perspektiv på korleis språket varierer og endrar seg, og fordi det har gått tid sidan den første undersøkinga, kan ein ved denne typen undersøking seia noko om språklege trendar i samfunnet (Meyerhoff, 2006:131).

Trendstudien seier oss noko om kollektivet (jf. mikro- og makronivå i kapittel 3). Han viser oss den variasjonen som eksisterer mellom årsklassane og aldersgruppene i dag, og dei endringane som har skjedd i gruppene sidan 1983.

#### **4.3.2 Panelstudie**

Ein panelstudie er den delen der ein intervjuar informantar på nytt. Informantar som ein har opptak av frå tidlegare, og som ein gjer opptak med på nytt, er panelinformantar. Eg har opptak av informantar frå 1983, og hadde i utgangspunktet trekt ut åtte<sup>11</sup> av desse som panelinformantar. Ved å samanlikna gamle data med nye kan ein kan ein sjå synkron variasjon i eit diakront lys på individnivå. Denne typen studie kan vera eit supplement til trendstudien, for det seier noko om endring og variasjon på mikronivå i samfunnet.

(Meyerhoff 2006:130ff.) Panelstudien nærmar seg kvalitative studiar, på den måten at ein forstår enkeltindividua i stor grad.

På denne måten vil ein få eit svært nøyaktig og godt bilete på den eventuelle språkendinga som eventuelt har skjedd, både enkeltindivid si språkending, variasjon mellom aldersgrupper og kjønn, og den generelle endrings- og variasjonstendensen i samfunnet Øygarden.

### **4.4 Dialektendringsprosessar**

I prosjektet Dialektendringsprosessar har prosjektdeltakarane utarbeidd metoden saman. Dette er gjort for at han skal kunna brukast på fleire stader og i andre granskingar, slik at ein får samanliknbare resultat. I dette prosjektet er det hovudsakleg kvantitativ metode som er brukt. Grensene mellom det kvalitative og det kvantitative kan, som eg har vist i kapittel 4.2 diskuterast. I mitt prosjekt har eg talt opp og generalisert over resultata og funna mine, og laga statistikk over kva eg har kome fram til. Men eg har òg panelinformantar, noko som i større grad minner om det kvalitative. Eg vil likevel seia at denne granskinga i hovudsak er kvantitativ, men på grunn av det individuelle aspektet med panelinformantar er det innslag av det kvalitative. Det fungerer som eit slags supplement til den kvantitative delen. Gjennom å

---

<sup>11</sup> Sjå kapittel 4.9.2 og 5.6.

testa kvar enkelt panelinformant opp mot trendresultata kan ein sjå om desse følgjer trenden og analysa kva som eventuelt er avvikande, og kvifor.


## 4.5 Metoden Antonesen brukte

Vidar Antonesen sin metode er ikkje svært avvikande frå den metoden eg bruker i dag. Han opererte med 27 informantar (29 opprinneleg, men fjerna to grunna kodeveksling og talemålsbakgrunn frå Sunnhordland) (Antonesen, 1986).

### 4.5.1 Informantutval

Informantane vart geografisk grupperte etter øyane i kommunen, og Antonesen gjorde opptak med 3-5 personar frå kvart av dei sju områda (Hernar, Hellesøy/Seløy, Alvøy, Oen/Herdlevær, Blomøy, Rongøy og Toftøy).

Figur 4.3 Kart. Oversyn over stadene Antonesen delte inn i.



Begge kjønn var representerte i kvart område, og Antonesen hadde stor aldersspreiing, med informantar mellom 12 og 84 år. Han delte dei inn i tre grupper, som var 0-30 år, 31-60 år og

60 år og eldre. I kvar gruppe var det ni informantar, og i den yngste aldersgruppa var det ikkje jamn fordeling. Der var sju av informantane mellom fjorten og femten år.

#### ***4.5.2 Innsamlinga***

Språkprøvene for 21 av informantane er innsamla ved besøk og samtale i heimen. Desse var tilfeldig valde ut ved at han oppsøkte folk som var å treffa heime. Han gjekk rundt på ulike tider av dagen, slik at både heimearbeidande og utearbeidande vart representerte. For seks av informantane vart opptaket gjort på skulen, og desse var plukka ut av lærarane.

#### ***4.5.3 Intervjusituasjonen***

Alle vart intervjuja enkeltvis. Ved sju tilfelle var det andre i rommet, og det var alltid nære slektningar, som formelt sett ikkje er med på intervjuet. Ingen av dei som vart oppsøkte heime, vart opplyst om føremålet med opptaket. Emne for samtalen var ofte øygardsdialekten og dialektar reint allment, og Antonesen brukte innebygd mikrofon for at ikkje informantane skulle verta for opptekne av den.

#### ***4.5.4 Samtalen***

Antonesen sette i gang litt småprat før opptakaren vart starta. Dette var dels for å oppdaga gode samtaleemne, og dels for å skapa ein god samtaleatmosfære. Antonesen la vekt på interessene til informanten og kva som engasjerte dei, og brukte det som utgangspunkt for samtalen.

### **4.6 Min metode i høve til Antonesen sin**

Materialet frå 1983 har vorte transkribert på nytt, slik at det kan tena mitt føremål. Antonesen har brukt materialet sitt i ei fonologisk beskriving, eg skal bruka det for å sjå på utvalde variablar og finna variasjon i det og ha utgangspunkt for å studera endring i det materialet eg har samla inn. Sjølv om Antonesen ikkje har skriva ei sosiolingvistisk avhandling, er det slik at hans materiale gir meg eit godt bilete på korleis språket i Øygarden var for 27 år sidan. Metodane Antonesen og eg har brukt, er ulike, og det som står i avhandlinga hans, kan eg i

liten grad bruka. Likevel er materialet godt og lydopptaka jamt over gode og tener såleis mitt føremål, slik at dei er vorte digitaliserte, utskrivne og koda like eins som det nye materialet. Hovudskilnadene er at han hadde leseliste for dei yngste, eg har same samtale for alle. I tillegg delte han inn informantane geografisk, medan eg har prøvd å få eit så tilfeldig utval som muleg. Derfor bruker eg ei geografisk inndeling som berre skil mellom nord og sør i Øygarden<sup>12</sup>. Antonesen sine stader plasserer seg naturleg inn i den inndelinga, og det blir ei jamn fordeling av informantar frå nord og sør. Eg ville forsøkja å laga ein naturleg situasjon og valde av den grunn å la panelinformantane ta med seg ein kjenning, noko som òg førte til at eg har hatt parintervju, ikkje enkeltintervju (jf. kapittel om informantutval). Det siste som skil seg, er at han har med alle aldrar. Eg har delt gruppene mine inn på ein litt annan måte (jf. kapittel 4.5.1).

Ein kan kanskje diskutera datamaterialet sin reliabilitet med tanke på desse skilnadene i innsamlingsmetode. Det er bevisste val eg har gjort, og dei er det fleire grunnar til. Eg vil i mitt materiale søkja å få flest muleg belegg frå informantane gjennom ”naturleg tale” (om ein kan kalla det det). Derfor hadde eg inga leseliste til ungdomane slik Antonesen hadde. Sjølv om dette avvik noko frå Antonesen sin metode, er det òg i hans intervju ”naturleg tale” innimellom som eg samanliknar med. Det som ungdomane les opp i hans intervju, har eg markert i transkripsjonen (jf. kapittel 4.8). Det andre er at eg og Dialektendringsprosessar har forsøkt å utarbeida ein metode som kan brukast i ettertid. Det er òg viktig at ein skal kunna samanlikna dei fem ulike stadene prosjektet femnar om, for å kunna oppfylle hovudmålsetnaden, nemleg å seia noko om generelle endringsmønster på Vestlandet. Dei fåe og småe avvika som er mellom materialet frå 1983 og materialet frå i dag, trur eg ikkje har store konsekvensar. Vidar Antonesen sine informantar plasserte seg fint inn i dei aldersgruppene og årsklassane Dialektendringsprosessar opererer med, og første del av samtalan mine handlar om det same som samtalan handla om for 26 år sidan, nemleg laust og fast om arbeid, fritid og Øygarden.

**Figur 4.2 Metodiske skilnader mellom 1983 og 2009.**

<b>1983</b>	<b>2009</b>
Fonologi	Sosiolingvistikk
Leseliste for dei yngste	Same type samtale med alle
Enkeltintervju	Parintervju
Utval etter geografi	Tilfeldig utval uavhengig av geografi

<sup>12</sup> Eg bruker den tidlegare kommunegrensa, som går på Tjeldstø (sjå kart i kapittel 2).

## 4.7 Denne granskinga

Det som gjer denne undersøkinga ekstra interessant, er at endringane er studerte i verkeleg tid. Det har tidlegare ikkje vore enkelt å få til, då sosiolingvistikkk som nemnt er eit relativt nytt fagområde. Undersøkingar i verkeleg tid krev at det går ei tid mellom kvar gransking. Dette fører til at ein kan sjå synkrone språkendringar, som er språkleg variasjon på eitt tidspunkt, i eit diakront perspektiv (sjå teorikapittel). Slik kan ein få fram om det verkeleg har skjedd språkendringar over tid. (Meyerhoff, 2006:130.) Det er dette eg har gjort i mitt prosjekt, og det er eit bidrag til prosjektet Dialektendringsprosessar, som har som hovudmål å seia noko om språkendring på Vestlandet og å forstå meir av samfunnsvilkåra for språkendring. Ved å samanlikna Antonesen sitt materiale med mitt eige har eg funne informasjon som kan fortelja om det verkeleg har skjedd språkendringar på den tida det har gått mellom granskingane. I sosiolingvistikken er ein så langt som råd ute etter den naturlege daglegtaleten til folk, "the speaker's spontaneous, everyday speech" (Milroy, 1987:57). Dette er eit paradoks, for som Labov (1972:61) seier det: "(...) our goal is to observe the way people use language when they are not being observed." Dette blir kalla "Observer's paradox", og er noko ein må leva med, men effekten av paradokset kan reduserast, og det har eg forsøkt å få til i mine intervju. Det som kan gjera samtalen meir naturleg, sjølv om eg som intervjuar er til stades, er at informantane er intervjuar i par, og dei kjenner kvarandre. Dermed vil òg samtalepartnarane ha ein slags kontrollfunksjon overfor kvarandre, i og med at han eller ho veit korleis den naturlege daglegtaleten til partnaren er. Binding til gruppenorma er òg eit argument som talar for situasjonen med to som kjenner kvarandre. Eg reknar med at dei ville handla konformt i høve til kvarandre og ikkje avvika frå den eksisterande norma. (Mæhlum, 2003: 88.)

## 4.8 Øygarden som språksamfunn

Omgrepet språksamfunn må i kvart enkelt tilfelle operasjonaliserast. Som det står i kapittel 3, finst det ikkje nokon eintydig definisjon som automatisk gir ei geografisk avgrensing på kva eit språksamfunn er. Eg ser på Øygarden som eit språksamfunn, og dette er det fleire grunnar til. Når ein skal undersøkje språket i eit samfunn, vil ein oftast undersøkje språket til ei gruppe som har noko felles ut over sjølve språkbruken. Som Labov (1972) var den første til å snakka om, er det tale om eit normfellesskap. I hans definisjon blir altså språksamfunnet forstått som ei geografisk og sosialt avgrensa undersøkingseining som kan studerast uavhengig av storsamfunnet det er ein del av (jf. kapittel 3) (Milroy og Gordon 2003:133-134). Men det lèt

seg ikkje gjera å seia det. Føremålet med granskinga må avgjera kva ein definerer som språksamfunnet, for ein har språksamfunn på mange nivå, både globalt, nasjonalt og lokalt (Hernes, 2006:54) (jf. kapittel 2).

Når Øygarden no er ein samla kommune, har det ført til at mykje er felles. Det er eit større fellesskap innover enn utover. Dei har felles ungdomsskule, felles administrativt og politisk styre, felles basseng og bibliotek. Dei røyster ved dei same vala, dei vel deira felles styre. Fotballag, korps, kor, motorsykelklubb og dei fleste andre organisasjonar er ikkje felles med andre kommunar eller stader. Dei har sin felles strileidentitet. I samtalanane med informantane får eg vita at alle er svært opptekne av at dei er strilar og øygardingar. Mange peikar òg på ein strileidentitet og eigen kultur, og mange viser til at han har vorte utvatna dei siste åra både på godt og vondt.

Slik eg ser det, er det heilt legitimt å kalla Øygarden for eit språksamfunn. Som eg skriv i kapittel 3.4.2.2.3 om nettopp språksamfunn, så skjer det stadig ei utvikling i kommunen, men det er framleis slik at det dei har felles, det har dei felles. Og det er førebels ikkje endra av at det innafor dette samfunnet har skjedd store endringar i form av mellom anna tilflyttarar og samferdsle. Samfunnet endrar seg, men det ekspanderer ikkje.

## **4.9 Informantutval**

Det finst fleire måtar å velja ut informantar på. I kvalitative granskingar er det vanleg med eit strategisk utval. I og med at det er få informantar, er det viktig at dei fungerer som ”prototypar”, altså representantar for ulike og typiske språklege praksisar i området. (Akselberg og Mæhlum, 2003:77-78.) Skal ein derimot gjera ei kvantitativ gransking, har ein fleire alternativ. Ein kan gjera tilfeldig utval, slik at alle i populasjonen statistisk sett har like stor mulegheit til å koma med, eller ein kan gjera systematisk utval. Det kan til dømes vera å trekkja ut kvart 14. individ frå telefonkatalogen.

### **4.9.1 Avgrensing av populasjonen**

Dialektendringsprosessar bruker hovudsakleg kvantitativ metode. Me vel ut informantane tilfeldig i stor grad, men set likevel visse kriterium, slik at dei skal kunna verka som prototypar for Øygarden. Slik sett har ikkje alle som er ein del av språksamfunnet Øygarden, lik mulegheit til å koma med. Når ein skal velja ut informantar til ei kvantitativ gransking, er

det viktig å få eit breitt utval av befolkninga, slik at dei viktigaste språkgruppene i øygardssamfunnet kjem med. I og med at eg ikkje kan ha så mange informantar, har me sett opp visse kriterium som informantane må oppfylle. Eit kriterium er at dei må ha vakse opp i Øygarden sidan seksårsalderen, fordi me vil sikra oss om at informantane er ein naturleg og typisk del av språksamfunnet. Ein person som til dømes er oppvaksen i nabokommunen Fjell, vil ikkje vera ein prototype på øygardssamfunnet. Denne er sosialisert inn i eit anna samfunn både sosialt og språkleg, og vil derfor ikkje kunna gi eit godt bilete på utvikling og endring i Øygarden (sjølv om det er slik at personen bur i Øygarden no, og slik sett er ein del av det samfunnet). Eitt anna kriterium er at dei må vera i rett alder. Som eg skriv i kapittel 4.9.2 under, bruker eg aldersgrupper for at eg skal sikra meg at eg får folk frå ulike livsfasar og generasjonar for å visa eventuelle endringar og variasjon.

I tillegg har eg valt, så langt som råd, å trekkja ut dei panelinformantane (jf 4.3.2 og 4.9.4.2) som framleis bur i Øygarden, og altså framleis er ein del av språksamfunnet.

Av praktiske årsaker er den øvre grensa for informantane sett til åtti år. Det er slik at stemmekvaliteten hjå eldre folk vert dårlegare, og i tillegg finst det ingen garanti for at dei er klare i hovudet. Det ville vore etisk gale å intervjuja nokon som ikkje var ved sine fulle fem.

#### **4.9.2 Talet på informantar**

Kor mange informantar ein skal ha, er alltid eit viktig spørsmål, men det er vanlegvis slik at di fleire sosiale variablar ein har med, di fleire informantar bør ein ha (Akselberg og Mæhlum, 2003: 76). I prosjektet som mi masteroppgåve er ein del av, var det på førehand bestemt at me skal ha tjuvfire informantar frå kvar stad. Eg har åtte informantar som var med i Antonesen si undersøking, og seksten som er på same alder no som dei var då. Eg har tre aldersgrupper, der yngre-gruppa er 14 - 16 år, mellom-gruppa er 35 - 50 år, og eldre-gruppa er 65 - 80 år. I og med at Antonesen hadde 27 informantar og eg har 24, har eg valt vekk dei tre som avveik mest frå dei aldersgruppene eg nyttar. Då blir det best samanlikningsgrunnlag, og sellene i tabellen nedafor vert fylte opp på ein ideell måte.

**Tabell 4.1 Informantar frå Øygarden.**

	Yngre-gruppa	Mellom-gruppa	Eldre-gruppa
Panelinformantar <sup>13</sup>	0	4	4
Trendinformantar	8	4	4
Totalt	8	8	8

<sup>13</sup> Dette er ideelt sett. Eg har berre med fire av desse i resultat- og drøftingskapitla. Sjå kapittel 5.6 for forklaring.

I den store talemålsbasen til Norsk Talemålskorpus – Oslodelen er informantane delte i tre aldersgrupper med flytande alder. I staden for det ville me dela informantane inn i tre aldersgrupper som tydeleg gjenspeglar ulike livsfasar (sjå teorikapittel) og generasjonar. Denne inndelinga baserer seg på kva livsfase informantane er i ved opptaket, jf. termane yngre – mellom – eldre, der informantane flyttar seg mellom grupper frå opptaksår til opptaksår. Men i det historiske perspektivet har ein òg bruk for ei ikkje-bevegeleg inndeling, det vil seia etter fødselsår. I denne inndelinga talar ein om årsklassar (i motsetnad til aldersgrupper, som går etter livsfasar). Informantane mine samla sett utgjer fire årsklassar. Det har eg delt inn slik at årsklasse I er dei som er fødte mellom 1890 og 1919, årsklasse II er dei som er fødte mellom 1920 og 1949, årsklasse III mellom 1950 og 1979, årsklasse IV mellom 1980 og 2009.

**Figur 4.3**      **Årsklasseinndeling.**

	<b>1983</b>	<b>2009</b>
<b>Årsklasse I</b>	Eldre-gruppa	-
<b>Årsklasse II</b>	Mellom-gruppa	Eldre-gruppa
<b>Årsklasse III</b>	Yngre-gruppa	Mellom-gruppa
<b>Årsklasse IV</b>	-	Yngre-gruppa

Aldersgruppene forskyv seg altså slik at årsklassane ikkje er dei same på dei to opptakstidspunkta sjølv om aldersgruppene er det. På denne måten kan aldersgruppene spegla livsfaseendring, medan årsklassane kan spegla generasjonsendring.

I årsklassane fordeler ikkje informantane mine seg heilt jamt. Årsklasse I har berre seks informantar, medan årsklasse II har ti. Det er fordi årsklassane er bestemte av prosjektet for å passa dei nye informantane. No er det sirka 30 år mellom denne granskinga og den frå 1983, og om ein reknar med at ein skal ha 30 år mellom kvar gransking vil eit spenn på 30 år mellom årsklassane sikra oss at informantane er komne over i ein ny livsfase.

#### **4.9.3 Yngre-gruppa**

Dei yngste informantane er i ungdomsskulealder, frå niande og tiande klasse. I denne gruppa plukka eg i utgangspunktet ut åtte ”nye” informantar, då desse ikkje var fødte i 1983, og då heller ikkje deltakande i noka gransking. I materialet har eg likevel ti ungdomsinformantar. Det oppstod nokre misforståingar då eg var på ungdomsskulen, så for å få både fire jenter og fire gutar hadde eg fem ungdomsintervju i staden for fire. Eg hadde trekt ut nummera på dei

informantane eg skulle intervju, pluss ein del som kunne vera reserve. Det var for å unngå at opplegget skulle verta øydelagt dersom elevar var sjuke eller liknande. Dette førte til at elevane vart sette saman slik at det ikkje var nok gutar etter fire intervju. Derfor tok eg eitt til. I ettertid har det vist seg at det kanskje var gunstig, for elevane snakka ikkje så mykje, og då kan det vera godt å ha nokre ekstra. Eg har brukt ungdomsskuleelevar som informantar fordi at når ungdom frå Øygarden skal på vidaregåande skule, må dei til Straume, som er kommunesenteret på Sotra.

Ungdomsskuleinformantane vart valde ut ved at eg gjorde ei kartlegging av kven som kunne vera informantar. For alle informantane var kravet, som nemnt, at dei måtte ha budd i Øygarden sidan dei var minst seks år gamle (sjå underkapittel 5.5.2). Alle elevane fekk eit skjema der dei skulle fylla ut litt om seg sjølv og sin dialekt (sjå vedlegg 2). For at det skulle vera anonymt, var det klistra ein gul lapp på kvart skjema. Der skreiv dei namn og nummer, på sjølve skjemaet skreiv dei berre nummer. Rektor ved ungdomsskulen tok vare på dei gule lappane medan eg gjekk gjennom skjemaa for å finna ut kven som kunne vera informantar. Etter ein gjennomgang av desse skjemaa fann eg ut at det er omtrent like mange som oppgjev at dei snakkar øygardsk og ei blanding mellom bergensk og øygardsk, og frå dei skjemaa som oppfylte kriteria me hadde sett opp (jf 4.9.1), trekte eg ut elevinformantar. Rektor sendte deretter samtykkeskjema med elevane heim, slik at føresette fekk skriva under (sjå vedlegg 5). Dette skjemaet er godkjent av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Eit skjema med bakgrunnsopplysningar som eg samla inn i forkant av samtalen, vart berre brukt i ungdomsskulen, ikkje mellom dei vaksne. Det ville vera overflødig informasjon, i og med at me har gjennomført ein panelstudie der informantane sjølve fekk velja samtalepartnar (sjå underkapittel 5.5.4). Ut frå dette kravet ekskluderer me ingen ut frå foreldrebakgrunn, og me sikrar oss såleis eit meir påliteleg representativt utsnitt av populasjonen. Då vil med andre ord også born av innflyttarar og innvandrarar vera aktuelle som informantar basert på ei eigenvurdering av språket sitt. (Anderson 2009.)

I tillegg til gode bakgrunnsopplysningar om dialekten til ungdomane fekk ein òg godt innsyn i flyttemønsteret til ungdomsskuleelevane. Dette seier oss noko om kor dei kjem ifrå, og kor mange som flyttar.

**Tabell 4.2 Kor lenge ungdomsskuleelevane har budd i Øygarden.**

<b>Fødde i Øygarden</b>	<b>Kom til Øygarden før fylte seks år</b>	<b>Kom til Øygarden etter fylte seks år</b>
56 av 110 elevar	29 av 110 elevar	25 av 110 elevar
50,9 %	26,4 %	22,7 %

Som ein ser av denne tabellen, er det ikkje overraskande tal ut frå annan kunnskap og fylkesstatistikk. Det fordeler seg på sirka 50 % som har flytta til kommunen og 50 % som alltid har budd der.

#### ***4.9.4 Mellom-gruppa og eldre-gruppa***

Dei vaksne trendinformantane (mellom- og eldre-gruppa) vart valde ut ved hjelp av noko som kan minna om nettverksrekruttering. Eg ringte opp dei informantane som var med i 1983 (panelinformantane), og som endå bur i Øygarden og ikkje er for gamle. Ideelt sett skulle det vera fire panelinformantar i kvar aldersgruppe, men eg fekk tak i tre til eldre-gruppa og fire i mellom-gruppa (sjå kapittel 4.9.4.3). Frå lista over informantane eg hadde klart å spora opp, laga eg ei ny liste over kven som framleis bur i Øygarden. Då eg sat med den lista, var det i fleire tilfelle slik at eg måtte ta dei som var att, fordi det ikkje var så mange at det var nokon å trekkja mellom. Der det var muleg å trekkja, gjorde eg det. Desse fire fekk velja ein person som dei ville verta intervjuja saman med. Slik skulle me ideelt sett få fire ”nye” og fire tidlegare informantar i kvar aldersgruppe, som skulle vera fire kvinner og fire menn. Så langt som råd fekk dei tidlegare informantane velja fritt, så lenge den dei valte, oppfylte kriteriana (jf. 4.9.1). Også dei vaksne informantane skreiv under på samtykkeskjema godkjent av NSD (sjå vedlegg 3 og 4).

##### ***4.9.4.1 Trendinformantar i mellom- og eldre-gruppa***

Denne måten å velja ut informantar på liknar nettverksrekruttering. Dei informantane Antonesen (1986) brukte, måtte eg ringja, men kven dei valte å ha med seg, var heilt tilfeldig. Likevel kan ein seia at det er ein fare for at desse informantane i større eller mindre grad vil vera valde på bakgrunn av språk. Her måtte det gjerast ei overveging. Vil ein at samtalen skal vera naturleg ved at informantane kjenner kvarandre og er vane med å kommunisera, eller vil ein ha eit hundre prosent tilfeldig utval. Sjølv sagt begge delar. Men det lar seg vanskeleg gjera, og derfor har eg valt å bruka panelinformantane sitt nettverk som rekrutteringsgrunnlag. Det er i all hovudsak to grunnar til dette. Den eine er at det ikkje er noko unaturleg med samtalepartnaren. Det er unaturleg nok at eg stiller opp med opptaksutstyr. Den andre grunnen er den kontrollfunksjonen dei får i forhold til kvarandre. Det er ikkje naturleg å endra talemålet når du snakkar med ein du kjenner, og som veit korleis du snakkar i kvardagen.

Eg måtte styra det litt dei få gongane det ikkje gjekk opp med det bestemte talet kvinner, menn og alder, men det var berre i to tilfelle det skjedde (ein gong i midtgruppa og ein gong i den eldste gruppa). Det gjorde eg ved å gi panelinformantane beskjed om kva kjønn/alder personen måtte vera i.

To informantar måtte eg trekkja ut frå telefonkatalogen. To panelinformantar ville ikkje vera med i granskinga, og ein gong intervjuar eg to panelinformantar samstundes, utan at eg visste noko om det på førehand (jf. 4.9.4.3).

#### ***4.9.4.2 Panelinformantane***

Antonesen hadde heile 27 informantar. Av desse var 18 i live og dermed aktuelle for meg. Eg trekte ut informantar frå dei som framleis budde i Øygarden. Det er fordi det er mest praktisk, og fordi at dei som framleis bur der, er ein del av språksamfunnet i dag. Det meiner eg kan vera ein fordel, for dei som framleis bur der, vil i langt større grad vera med og påverka språket i tida framover. Folk som har flytta, kan gi ein god peikepinn på korleis det var, men desse vil ikkje vera ein del av den framtidige utviklinga, og dei er heller ikkje ein del av det eg i dag definerer som språksamfunnet Øygarden (sjå teorikapittel). Nokre av informantane hadde eg problem med å spora opp fordi eg ikkje fann dei i telefonkatalogen eller skattelistene. Nokre hadde bytt namn, nokre stod berre ikkje i desse listene, og nokre var sjølvsgat daude. Men ved hjelp av lokalbefolkninga, nærmare bestemt leiaren i sogelaget, Kjell Alvheim, fann eg fram til dei. Av dei som framleis bur i Øygarden, trekte eg ut informantar ved hjelp av den lista eg hadde over dei aktuelle.

#### ***4.9.4.3 Problem ved informantrekrutteringa***

Å rekruttera informantar på den måten som er beskriven ovafor, fungerte svært godt. Men to avvik oppstod. Den eine panelinformanten, ei kvinne i midtgruppa, tok med seg ei anna tilfeldig valt kvinne, som òg var tenkt som panelinformant. Altså vart dette eit intervju med to panelinformantar, og eg fekk ikkje den ”gratis” trendinformanten. Dette løyste eg ved å bruka telefonkatalogen for Øygarden. Eg valte talet femten, og trekte slik ut tjue kvinner ved å stoppa ved kvar femtande person i den alfabetiske telefonlista. Deretter sjekka eg i skattelistene om personane var i rett alder, og eliminerte dei som fall utafor mine aldersgrupper. Då sat eg att med ei liste på fem kvinner. Eg starta å ringa den som stod øvst. Ho var ikkje oppvaksen i Øygarden, men eg fekk snakka med ei som ho jobba saman med, og

som passa etter den første si meining. Dette er ikkje ein ”perfekt” informant, i og med at ho mest truleg var utvald på bakgrunn av språket. Derfor bestemte eg at denne informanten ikkje skulle brukast, ringte vidare og fekk tak i ein informant etter den ideelle framgangsmåten.

Det andre avviket skjedde i årsklasse III. Der var det to brør som var panelinformantar, og som skulle ta med kvar sin trendinformant. Begge desse syntest det var problematisk å finna nokon som kunne vera med, og derfor bestemte eg meg for å intervju dei saman. Det verka òg som dei syntest det var meir behageleg, og det er viktig for å få til ein naturleg samtale. Likevel gjekk ikkje dette etter planen, for det skulle visa seg at sjukdom hindra intervjuet i å finna stad. Eg hadde framleis ein panelinformant att, og han sa ja til å vera med. Dette medførte at eg i eldre-gruppa berre har ein mannleg panelinformant.

Igjen brukte eg telefonkatalogen for å finna to trendinformantar i same aldersgruppa. Eg trekte igjen ut namn ved hjelp av det tilfeldige talet femten. Då eg kom til tjue namn, starta eg å fjerna dei som ikkje hadde rett alder. Det var vanskelegare med desse. Eg måtte halda fram ganske lenge før eg hadde ein del namn att i rett alder, men eg fekk ei lita liste, og fekk tak i informantane eg trong. Dette gjekk òg føre seg på den måten at eg tok kontakt med ein informant som tok med ein kjenning.

#### **4.10 Innsamling av data**

Den vanlegaste metoden for innsamling av data er intervju eller samtale med lydopptak, slik at ein i etterkant kan lytta og transkribera. Det er òg slik eg har gjort det. Etter kvart intervju skreiv eg logg for å hugsa formalitetar, samtalen og situasjonen betre, og for å få skriva ned om det skjedde noko spesielt (sjå vedlegg 8). Etter kvart intervju fylte alle informantane ut eit skjema med nokre enkle og anonyme personopplysningar. Det er fordi det kan vera nyttig i samband med analysen å vita noko om arbeid, utdanning, bustad, fødselsår osb. Dette skjemaet er vedlegg 7.

#### **4.11 Samtalen**

Sjølve samtalane gjekk føre seg på skulen for yngre-gruppa (årsklasse IV), heime eller på arbeidsplassen for mellom- og eldre-gruppa (årsklassane I, III og III). Dei to eldste aldersgruppene fekk sjølve velja kor dei ville ha samtalen, for å i størst muleg grad etterleva prinsippet om at det skal vera ein naturleg situasjon. Kvar samtale varte i éin time, det vil seia at kvar informant ideelt sett har fått ein halv times taletid.

Samtalen var tredelt. I den første delen snakka me om nærmiljø, interesser og andre ting eg merka at informantane var opptekne av. Det vart før kvart intervju litt tid før eg sette på opptakaren, så då danna eg meg eit bilete av kva informantane var interesserte i å snakka om. Eg hadde laga ein intervjugaid (sjå vedlegg 6), og den var svært nyttig under elevintervjua, for informantane var av og til litt vanskelege å få i tale. I dei eldre gruppene var gaiden i dei fleste tilfella overflødig. Samtalen gjekk av seg sjølv.

Den andre delen av samtalen var ein folkelingvistisk del. Der fekk informantane spørsmål om språk og dialektar, både i Øygarden og andre stader i landet. I denne delen hadde eg òg eit perseptuelt kart over ytre Hordaland som dei fekk teikna på. Oppgåva var å merka av kor dei meinte dialektgrensene skulle vera. Her var diskusjonen og samtalen meir nyttig enn sjølve kartet, men det fungerte fint. Det er hovudsakleg i haldningsgranskinga for Øygarden dette skal brukast, så dette kan ein lesa meir om i Kathrine Aasmundseth (2010) si masteroppgåve.

I den tredje og siste delen av intervjuet brukte eg teikningar for å uteska visse variablar. Dei fleste informantane var svært bevisste om at dette handla om språk og dialekt. Me hadde i del to mellom anna snakka om korleis dialekten i Øygarden utviklar seg. Det førte til at dei aller fleste gav belegg på variablane fleire gonger, noko som til tider har gjort det vanskeleg for meg å avgjera kva dei "eigntleg" seier. Kva er deira naturlege, kvardagslege måte å seia det på? Kanskje bruker dei begge formene, kanskje ikkje. Konsekvensen av det er at denne delen ikkje har fungert så godt som eg hadde førespegla meg. Vala eg tok då eg laga gaiden, var baserte på kva som ville vera mest praktisk. Å starta med litt prat om kvardagslege ting såg eg for meg ville få i gang ein god samtale og løysa opp stemninga. At teikningane skulle koma til slutt, var òg noko eg såg for meg som veldig praktisk, som ein slags leik som avslutning. Eg ville nok i ein eventuell ny samtale tatt fram teikningane før eg starta ein samtale om språk og dialektar, slik at informantane ikkje var så medvitne om at dette handla om deira dialekt.

## **4.12 Handsaming av materialet**

Det innsamla materialet, som samla sett er på om lag 20 timar, har eg transkribert ortografisk i programmet Praat. Alle i prosjektet transkriberer ortografisk, fordi at det då vert mykje enklare å søkja opp variablane i ettertid. Alle transkripsjonar er på normert nynorsk, for at Nynorsktaggaren skal kunna gi alle ord rette grammatiske merke. Eg har òg behandla delar av Antonesen sitt om lag 13 timar store materiale på nytt etter retningslinjene for transkripsjon i prosjektet Dialektendringsprosessar. Etter at alle filene var transkriberte, har dei òg vorte

korrekturlesne. Likevel er dei slett ikkje perfekte. Småfeil vil alltid finnast, men av praktiske og tidsmessige årsaker må ein seia seg nøgd med at dei er vorte korrekturlesne ein gong. Filene har deretter vorte lagde inn i prosjektkorpuset, slik at eg lett kunne søkja opp dei variablane eg var interessert i.

Som nemnt i førre underkapittel snakkar informantane av og til om korleis dei seier ulike ting. Eg har under transkripsjonsarbeidet vore svært nøyen med å markera dei gongane informantane snakkar om korleis dei seier orda. Dei belegga det gjeld, har eg ikkje merkt og tatt med i analysen. I mitt materiale gjeld dette hovudsakleg tredje del av samtalen, altså den delen eg har kalla leik. I Antonesen sitt materiale gjeld det hovudsakleg i ungdomsintervjua, der han opererer med ei slags leseliste. Desse belegga er heller ikkje merkte og medrekna i analysen.

Nokre av variablane (til dømes V02 (dn>rn)) kan ikkje alltid ha den eldre forma i nye ord. Når eg merka variablane mine, fekk eg hjelp frå to vaksne strilar frå Radøy som sjekka at orda kunne ha begge variantane. Slik har eg unngått å merka ord som ikkje kan ha variasjon.

### **4.13 Språkhaldningar**

Som eg skreiv i kapittel 1.5, femnar Dialektendringsprosessar kring meir enn berre å undersøka faktisk språkbruk. Det har vorte gjennomført ein dialektmasketest i Øygarden i forkant av innsamlinga av det språklege materialet. Kathrine Aasmundseth skriv masteroppgåve om dette, men den er endå ikkje ferdig. Her vil eg svært kort gjera greie for kva som vart gjort. I kapittel 5 viser eg nokre resultat, og i kapittel seks gjer eg kort greie for korleis enkelte meiner underbevisste språkhaldningar kan vera med og forklara språkending. Det metodiske opplegget for undersøking av bevisste og underbevisste språkhaldningar er svært omfattande, men her har eg ikkje plass til meir enn å gi eit kort innsyn i det arbeidet som er lagt ned der. Ei utførleg beskriving, problematisering og argumentasjon finn ein i Aasmundseth (2010) si oppgåve. Masketesten har allereie vorte gjennomført fleire stader, men i denne oppgåva har eg fokus på opplegget i Øygarden.

Dialektmasketest er ei type undersøking som har vore godt utprøvd i Danmark, med Tore Kristiansen som drivande kraft. Bakgrunnen for at me i dette prosjektet har gjennomført ei liknande undersøking, er at ein i Danmark har funne svært klare mønster, som korrelerer med dei språkendingane som har skjedd. I og med at Danmark og Noreg er i to svært ulike dialektsituasjonar, så kunne det vera interessant å sjå om ein finn dei same mønstra i Noreg,

eller om ein finn andre interessante mønster. Spørsmålet er om, og eventuelt korleis, underbevisste språkhaldningar kan vera med og forklara dei endringane som faktisk skjer i språket.

Me har gjennomført ein haldningsdel der me ville freista å måla underbevisste haldningar, og ein del der det var dei bevisste språkhaldningane som skulle koma til uttrykk. Me har brukt skuleklassar frå ungdomsskulen, lærarar (som skal tilsvare midtgruppa (sjå kapittel 4.5.1 om informantutval)) og pensjonistar. Første oppgåva for respondentane var å evaluera ulike personar som me har gjort bandopptak med. Bandet vart spelt av, og der var det ulike talemålsvarietetar. Alle som snakkar, er jenter i tjuåra. Respondentane skulle kryssa av i åtte ulike skalaar, som gjekk frå slett ikkje til svært, og spørsmåla galdt personlege eigenskapar som til dømes: Er ho klok? Respondentane fekk ikkje opplyst føremålet i forkant, og dei fekk dårleg tid på å kryssa av. Når runde éin var ferdig, fekk informantane vita føremålet, og skulle så geografisk plassera varietetane dei hadde høyrte, i tillegg til å rangera dei. Først rangerte dei etter kva dei likte best, så etter kva for status dei trudde varietetane hadde allment i samfunnet. I plasseringsdelen vart varietetane avspelte på nytt. I rangeringsdelen fekk dei ei liste med namn på varietetane, som dei skulle skriva tal inn i.

Det er mykje ved dette ein kan problematisera, mellom anna at det var ulike stimuli under bevisst og ubevisst testing. I del ein fekk dei lytta, i del to fekk dei stikkordsliste. Ein annan ting er at me aldri heilt kan vita kva det eigentleg er me har målt. Me har òg hatt litt problem med dei eldste respondentane, for pensjonistane hadde litt problem med å følgja med, då det går relativt fort i den første delen.

I dei følgjande kapitla presenterer eg resultat, og deretter drøftar eg dei. Til slutt gjer eg meg nokre avsluttande refleksjonar i eit avslutningskapittel.

## 5. Resultat

### 5.1 Innleiing

Aller først i dette kapitlet kjem eg til å nemna aktuelle feilkjelder. Deretter presenterer eg hypotesane i stikkordsform. Etter at dei er repeterte presenterer eg resultatata ved å gå gjennom variabel for variabel. Eg deler granskinga inn i trend og panel. Først behandlar eg trendgranskinga og ser på alle informantane som trendinformantar, òg panelinformantane. Eg kommenterer undervegs, og til slutt oppsummerer eg alle resultatata frå trendgranskinga. Deretter kjem eg til å sjå på resultat frå fire panelinformantar. Det er to i kvar gruppe, altså to som var ungdomar då, men som er vaksne i dag (årsklasse III), og to som var vaksne då og er eldre i dag (årsklasse II).

### 5.2 Feilkjelder

I granskingar som denne vil det alltid vera mulege feilkjelder. For det første veit ikkje eg om det er informantane sin daglegtale eg har fått på band, men med dei vala eg har gjort, må eg gå ut i frå det (sjå kapittel 4.5.4 om samtalen). Eg har hatt parintervju for å prøva å unngå at informantane skal tilpassa seg ein fremmend intervjuar, men heller bruka sitt daglege talemål saman med ein kjenning. Når eg har lytta gjennom materialet for å merka variablane har eg måtta tolka lydsignal over til meiningar. Tolkingar er ikkje nokon objektiv storleik. Ein fordel er at eg har same talemålsbakgrunn som informantane, men likevel kan det vera at andre i enkelte tilfelle ville høyrte noko anna enn eg.

### 5.3 Repetisjon av hypotesar

Dei fem hypotesane eg presenterte i kapittel 3.6, repeterer eg her i stikkordsform.

1. Eg trur at trendstudien i større grad enn panelstudien vil påvisa språkending.
2. Dei yngre i Øygarden i 2009 har meir yngre former enn dei i midtgruppa og dei eldre i 2009 og alle informantane i 1983.
3. Strilemålet kan i stor grad delast i eldre og yngre stril, og eg trur det klåraste skiljet går mellom årsklasse III og IV (mellom-gruppa og yngre-gruppa i 2009).
4. Eg trur ikkje det er nokon signifikant skilnad mellom kjønna.

5. Eg trur at det er fleire førekomstar av yngre former sør i kommunen enn nord i 2009, og at skilnaden var mindre i 1983.

## 5.4 Resultat frå trendgranskinga

I presentasjonen av resultata har eg prioritert å få med dei resultata som er mest interessante i forhold til problemstillingane og hypotesane mine. Det har ført til at eg har slått saman ein del sosiale variablar i same tabellen, noko som kan gjera det litt vanskeleg å lesa. Eg kommenterer derfor kvar tabell grundig. Den sosiale variabelen kjønn har eg i stor grad valt vekk frå den vidare presentasjonen og drøftinga. Det er fordi at det er den variabelen som er minst relevant i forhold til det denne oppgåva handlar om, og det eg hovudsakleg søker å finna ut av. Kjønn er ein interessant variabel, men eg meiner at med den plassen eg har til rådvelde i ei slik oppgåve, kan eg ikkje behandla alt like grundig. Eg har derfor laga ein tabell som viser resultat med kjønnsvariabelen som vedlegg 9. Den er berre kort kommentert, og som ein kan lesa ut av han, er ikkje kjønnsforskjellane store eller sentrale i mine undersøkingar.

### 5.4.1 Variabel 01: Ò-Ø-Å

Denne første tabellen viser skilnaden mellom opptaksåra, uavhengig av kjønn, alder og lokalitet. Variantane er Å [ɔ], Ò [ò] og Ø [ø]. Å er rekna som den yngre forma, Ò som eldre form og Ø som ein mellomvariant.

**Tabell 5.1 Variabel 01 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**

Variabel 01				
År	Å	Ò	Ø	Sum
1983	17,8 (144)	81,0 (656)	1,2 (10)	100
2009	34,3 (602)	63,7 (1119)	2,0 (35)	100


Ser ein av denne tabellen, er ikkje skilnaden mellom 1983 og 2009 påfallande stor. Vel 80 % av førekomstane har den eldre forma (Ò) i -83, medan vel 60 % har den eldre forma i -09. Berre 18 % av førekomstane i -83 hadde den yngre forma, medan om lag 30 % av førekomstane i 2009 var den yngre forma. Samanliknar ein så dette med den neste tabellen, ser ein at yngre-gruppa i 1983 brukte den eldre forma i langt større grad enn yngre-gruppa i 2009.

I tabellen nedafor er aldersgruppene kombinert med opptaksår. Altså kan ein samanlikna yngre-gruppa i 1983 med yngre-gruppa i dag. Ver merksam på at tabellane med aldersgrupper gjenspeglar ulike livsfasar. Informantane som har vore med både i 1983 og 2009 er ikkje i den same gruppa dei to åra.

**Tabell 5.2 Variabel 01: opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa				Eldre-gruppa			
	Å	Ò	Ø	Sum	Å	Ò	Ø	Sum	Å	Ò	Ø	Sum
1983	21,0 (22)	77,1 (81)	1,9 (2)	100	20,3 (87)	78,0 (334)	1,6 (7)	99,9	12,6 (35)	87,0 (241)	0,4 (1)	100
2009	97,9 (237)	0,8 (2)	1,2 (3)	99,9	41,1 (289)	55,3 (389)	3,6 (25)	100	9,4 (76)	89,8 (728)	0,9 (7)	100,1

**Figur 5.2 Variabel 01, opptaksår og alder. Skåring i prosent (belegg).**



Denne tabellen viser aldersgruppene slik dei fordelte seg i 1983 og 2009. Aldersgruppene endrar seg jo litt frå 1983 og til i dag, men denne tabellen viser alder kryssa med opptaksår. Det betyr at her ser ein gruppene slik dei var i opptaksåret og kan samanlikna ungdomar i 1983 med ungdomar i dag.

Det ein kan lesa ut av denne tabellen er at den spesielle lyden Ò var mykje meir stabil mellom aldersgruppene i 1983 enn i 2009. I 2009 har han absolutt flest førekomstar, og den yngre forma Å er berre så vidt over 20 % i yngre- og mellom-gruppa, medan den er like over 10 % i eldre-gruppa. Ser ein derimot på tala frå 2009 ser ein at førekomstane av den eldre forma dalar med aldersgruppene, frå om lag 90 % i gruppe tre, til vel 53 % i mellom-gruppa og heilt ned til under 1 % hjå ungdomsskuleelevane. Med den yngre forma Å er det akkurat

motsett. Den aukar jamt frå gruppe 3 med berre 9 % av førekomstane til mellom-gruppa der 41 % av førekomstane er den yngre forma og til yngre-gruppa, som har like oppunder 98 % av førekomstane i yngre form.

Tabellen under viser lokalitet sett saman med aldersgrupper og opptaksår.

**Tabell 5.3 Variabel 01, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør				Yngre-gruppa, nord			
	Å	Ö	Ø	Sum	Å	Ö	Ø	Sum
<b>1983</b>	14,0 (7)	84,0 (42)	2,0 (1)	100,0	27,3 (15)	70,9 (39)	1,8 (1)	100,0
<b>2009</b>	99,2 (128)	0,0 (0)	0,8 (1)	100,0	96,5 (109)	1,8 (2)	1,8 (2)	100,1
	Mellom-gruppa, sør			Sum	Mellom-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	22,2 (67)	75,5 (228)	2,3 (7)	100,0	15,9 (20)	84,1 (106)	0,0 (0)	100,0
<b>2009</b>	41,7 (100)	53,3 (128)	5,0 (12)	100,0	40,8 (189)	56,4 (261)	2,8 (13)	100,0
	Eldre-gruppa, sør			Sum	Eldre-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	22,5 (22)	76,5 (75)	1,0 (1)	100,0	7,3 (13)	92,7 (166)	0,0 (0)	100,0
<b>2009</b>	6,8 (43)	92,2 (587)	1,1 (7)	100,1	19,0 (33)	81,0 (141)	0,0 (0)	100,0

Det er ikkje så veldig stor skilnad mellom nord og sør i Øygarden. Det er hovudsakleg skilnaden på aldersgruppene som gjev store utslag. Likevel kan ein lesa ut noko variasjon mellom lokalitetane. Mellom sør og nord i eldre-gruppa er det akkurat motsett med den nye forma. Eldre-gruppa i sør har meir Å i 1983 enn dei nord. I 2009 er derimot mønstret snudd. Då har eldre-gruppa i nord langt fleire førekomstar av den yngre forma Å enn dei sør. I mellom-gruppa er mønstret svært likt, og det same gjeld yngre-gruppa.

#### 5.4.2 Variabel 02: DN>NN>RN

Tabellen nedafor viser resultat frå dei to opptaksåra. Variantane er RN [rn], DN [dn] og NN [n].


**Tabell 5.4 Variabel 02 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**

Variabel 02				
År	RN (yngre form)	DN (eldre form)	NN(mellomvariant)	Sum
1983	13,2 (12)	71,4 (65)	15,4 (14)	100,0
2009	44,7 (194)	50,0 (217)	5,3 (23)	100,0

Det er tydeleg at førekomsten av RN har auka sidan 1983. I 1983 var RN og mellomvarianten NN ganske jamne, medan DN heilt klart dominerte. I dag ser ein eit anna mønster, og det er at RN nesten har tatt igjen DN. Lat oss sjå på korleis dette fordeler seg dersom ein kryssar aldersgrupper og opptaksår.

**Tabell 5.5 Variabel 02, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa				Eldre-gruppa			
	RN	DN	NN	Sum	RN	DN	NN	Sum	RN	DN	NN	Sum
1983	20,0 (3)	53,3 (8)	26,7 (4)	100,0	9,3 (4)	72,1 (31)	18,6 (8)	100,0	15,2 (5)	78,8 (26)	6,1 (2)	100,1
2009	100,0 (127)	0,0 (0)	0,0 (0)	100,0	22,7 (30)	76,5 (101)	0,8 (1)	100,0	21,1 (37)	66,3 (116)	12,6 (22)	100,0

**Figur 5.5 Variabel 02, opptaksår og alder.**

No ser biletet straks litt annleis ut. Mellom dei unge i 2009 er det ikkje ein einaste førekomst av den eldre forma, DN. I mellom-gruppa og eldre-gruppa, både i -83 og -09, er det DN som dominerer. Ein ser at DN i 1983 synk jamt med aldersfasane. Eldre-gruppa har mest eldre former og yngre-gruppa har minst. RN har veldig få førekomstar i alle aldersgrupper i 1983.

Det tyder på at dei unge står for storparten av den endringa ein ser frå 1983 og til 2009 i den første tabellen.

**Tabell 5.6 Variabel 02, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør				Yngre-gruppa, nord			
	RN	DN	NN	Sum	RN	DN	NN	Sum
<b>1983</b>	0,0 (0)	100,0 (4)	0,0 (0)	100	27,3 (3)	36,4 (4)	36,4 (4)	100,1
<b>2009</b>	100,0 (66)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (61)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
	Mellom-gruppa, sør			Sum	Mellom-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	7,4 (2)	70,4 (19)	22,2 (6)	100	12,5 (2)	75,0 (12)	12,5 (2)	100
<b>2009</b>	30,4 (24)	68,4 (54)	1,3 (1)	100,1	11,3 (6)	88,7 (47)	0,0 (0)	100
	Eldre-gruppa, sør			Sum	Eldre-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	28,6 (2)	42,9 (3)	28,6 (2)	100,1	11,5 (3)	88,5 (23)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	24,2 (31)	68,8 (88)	7,0 (9)	100	12,8 (6)	59,6 (28)	27,7 (13)	100,1

Om me startar med yngre-gruppa, ser ein at det eigentleg er ganske store skilnader. I 2009 var alle belegga i sør yngre former (RN). I 1983 var 100 % av belegga eldre former (DN). I nord er alle førekomstane i 2009 den yngre forma (som i sør), men i 1983 fordeler det seg derimot nesten heilt jamt mellom alle tre variantane. RN førekjem litt sjeldnare enn dei to andre formene, men det er ikkje tale om store skilnaden. I mellom-gruppa er resultatata relativt like mellom nord og sør. I sør vart det brukt noko meir RN enn i nord, som har litt fleire førekomstar av DN. I eldre-gruppa ser ein at i nord var det fleire eldre former i 1983 enn i sør. I sør er det faktisk fleire eldre former i bruk i eldre-gruppa i 2009 enn det var i 1983, men i 1983 må ein vera merksam på at det er svært fåe belegg.

Mellomforma (NN) har generelt sett få førekomstar i alle aldersgruppene.

### 5.4.3 Variabel 03: Palatalisering av velarar

Den første tabellen viser skilnad på palatalisering mellom 1983 og 2009 uavhengig av variabel. Her er palatalisering rekna som eldre form, ikkje palatalisering som yngre.

**Tabell 5.7 Variabel 03 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**


Variabel 03			
	+ palatalisering	-palatalisering	Sum
<b>1983</b>	87,5 (662)	12,5 (95)	100
<b>2009</b>	78,5 (1016)	21,5 (278)	100

Ut frå desse tabellane er det klart at førekomstane av palatalisering er mindre i det nye materialet, men skilnaden er ikkje så stor.

**Tabell 5.8 Variabel 03, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa			Mellom-gruppa			Eldre-gruppa		
	+palatal	-palatal	Sum	+palatal	-palatal	Sum	+palatal	-palatal	Sum
<b>1983</b>	75,6 (90)	24,4 (29)	100,0	84,1 (327)	15,9 (62)	100,0	98,4 (245)	1,6 (4)	100,0
<b>2009</b>	6,3 (13)	93,7 (192)	100,0	89,9 (456)	10,1 (51)	100,0	94,0 (547)	6,0 (35)	100,0

**Figur 5.8 Variabel 03, opptaksår og alder.**




Svært mange fleire førekomstar i yngre-gruppa i 2009 er ikkje palatale. I mellom- og eldre-fasen er det nokså lik tilstand i 1983 og 2009. Dette tyder på at den utviklinga me såg tendensar til i den første tabellen, er det omtrent dei unge i dag åleine som står for. I 1983 er skilnaden hovudsakleg at eldre-gruppa har litt meir palatalisering enn dei to yngre gruppene. Likevel er ikkje skilnaden så stor at han kan måla seg med skilnaden mellom dagens generasjonar i Øygarden. Ein ser tydeleg eit sprang mellom yngre-fasen og mellom-fasen i 2009.

I tabellen under har eg kryssa aldersgrupper med lokalitet og opptaksår. + står for palatal (eldre form), - står for ikkje palatal (yngre form).

**Tabell 5.9 Variabel 03, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør			Yngre-gruppa, nord		
	+	-	Sum	+	-	Sum
<b>1983</b>	87,9 (51)	12,1 (7)	100	63,9 (39)	36,1 (22)	100
<b>2009</b>	8,1 (7)	91,9 (79)	100	5,0 (6)	95,0 (113)	100
	Mellom-gruppa, sør		Sum	Mellom-gruppa, nord		Sum
<b>1983</b>	83,8 (232)	16,3 (45)	100,1	84,8 (95)	15,2 (17)	100
<b>2009</b>	90,5 (133)	9,5 (14)	100	89,7 (323)	10,3 (37)	100
	Eldre-gruppa sør		Sum	Eldre-gruppa nord		Sum
<b>1983</b>	97,6 (82)	2,4 (2)	100	98,8 (163)	1,2 (2)	100
<b>2009</b>	95,4 (454)	4,6 (22)	100	87,7 (93)	12,3 (13)	100

**Figur 5.9 Variabel 03, opptaksår, alder og stad.**



Ut frå denne tabellen kan ein lesa at det ikkje er store ulikskapane mellom nord og sør i kommunen. Det er framleis aldersgruppene (og opptaksår som følgje av det) som gjer utslaget, men innafor dei same aldersgruppene er det stort sett likt. Ein ser likevel at i yngre-gruppa i nord var det fleire førekomstar at yngre former i 1983 enn det var i sør. I mellom-gruppa og eldre-gruppa er det svært jamt.

#### 5.4.4 Variabel 04: Tre til to kjønn

Delt femininum fell bort, felleskjønnsystem overtek. /mʊ:rɛ/ > mʊ:rn/, /jɛntɔ/ > /jɛntɲ/ (mora, jenta).

Materialet til denne variabelen bør delast i to. Eg vil skilja mellom tabellar for sterke og svake hokjønns substantiv. Variantane for sterke substantiv er -Æ [ɛ], -Å [ɔ] og -EN [ɲ, ɛn].

Variantane for svake substantiv er -Å [ɔ], -O [u] og -EN [ɲ, ɛn].

Sterke substantiv:

**Tabell 5.10 Variabel 04 og opptaksår (sterke subst.). Skåring i prosent og (belegg).**

Variabel 04				
	Æ (eldre form)	A (eldre form, Vik)	EN (yngre form)	Sum
1983	65,6 (120)	13,1 (24)	21,3 (39)	100
2009	73,8 (211)	11,5 (33)	14,7 (42)	100

Ut frå denne tabellen kan ein lesa at det var fleire førekomstar av det som eg kallar yngre form (EN) i 1983 enn i 2009, nemleg 21,3 % mot 14,7 %.

Svake substantiv:

**Tabell 5.11 Variabel 04 og opptaksår (svake subst.). Skåring i prosent og (belegg).**


Variabel 04				
	Å (eldre form)	O (mellomform)	EN (yngre form)	Sum
1983	88,7 (110)	8,9 (11)	2,4 (3)	100
2009	69,7 (108)	17,4 (27)	12,9 (20)	100

Mellom dei svake substantiva ser ein at det er flest yngre former i 2009. Både i 1983 og i 2009 er det flest førekomstar av den eldre forma Å, så kjem O med høvesvis 8,8 % og 17,4 %. Den yngre forma /en/ har 2,4 % av førekomstane i 1983 og 12,9 % i 2009.

**Tabell 5.12 Variabel 04, opptaksår og alder (sterke substantiv). Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa				Eldre-gruppa			
	Æ	A	EN	Sum	Æ	A	EN	Sum	Æ	A	EN	Sum
<b>1983</b>	92,0 (23)	4,0 (1)	4,0 (1)	100	57,0 (49)	23,2 (20)	19,8 (17)	100	66,7 (48)	4,2 (3)	29,1 (21)	100
<b>2009</b>	20,0 (6)	10,0 (3)	70,0 (21)	100	90,2 (92)	0,0 (0)	9,8 (10)	100	73,4 (113)	19,5 (30)	7,1 (11)	100

**Figur 5.12 Variabel 04, opptaksår og alder (sterke substantiv).**




Yngre-gruppa i 2009 har det høgaste førekomsttalet for den yngre varianten EN, medan yngre-gruppa i 1983 har det høgaste talet på den eldre forma Æ. Mellom- og eldre-gruppa i 1983 har fleire yngre former enn mellom- og eldre-gruppa i 2009. Det som er mest interessant med dette resultatet er at eldre-gruppa i 1983 har heile 29,1 % yngre former (EN). I 2009 har eldre-gruppa 7,1 % yngre former. Dette kjem eg tilbake til i oppsummeringskapitlet (5.5).

**Tabell 5.13 Variabel 04, opptaksår og alder (svake substantiv). Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa			Sum	Eldre-gruppa			Sum
	Å	O	EN	Sum	Å	O	EN		Å	O	EN	
<b>1983</b>	85,7 (12)	14,3 (2)	0 (0)	100	86,8 (66)	11,8 (9)	1,3 (1)	99,9	94,1 (32)	0,0 (0)	5,9 (2)	100
<b>2009</b>	8,0 (2)	24,0 (6)	68,0 (17)	100	71,2 (37)	28,9 (15)	0,0 (0)	100,1	88,5 (69)	7,7 (6)	3,9 (3)	100,1

**Figur 5.13 Variabel 04, opptaksår og alder (svake substantiv).**



I yngre-gruppa har den yngre forma (EN) 68 % av førekomstane i 2009, medan ungdomane i 1983 ikkje hadde førekomstar av den yngre forma. Berre 8 % av førekomstane i yngre-gruppa i dag er den eldre varianten. I dei to eldre gruppene er det langt meir stabilt, men også her ser ein noko variasjon. Mellom-gruppa i 1983 har fleire førekomstar av den eldre varianten enn mellom-gruppa i 2009. Det same gjeld eldre-gruppa. Der var det noko meir førekomstar av den eldre varianten (Å) i 1983 enn i 2009. I eldre-gruppa er det fleire førekomstar av yngre form enn i mellom-gruppa.

**Tabell 5.14 Variabel 04, opptaksår, alder og stad (sterke substantiv). Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør				Yngre-gruppa, nord			
	Æ	A	EN	Sum	Æ	A	EN	Sum
<b>1983</b>	81,8 (9)	9,1 (1)	9,1 (1)	100	100,0 (14)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	16,7 (2)	25,0 (3)	58,3 (7)	100	22,2 (4)	0,0 (0)	77,8 (14)	100
	Mellom-gruppa, sør			Sum	Mellom-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	50,0 (32)	29,7 (19)	20,3 (13)	100	77,3 (17)	4,5 (1)	18,2 (4)	100
<b>2009</b>	92,1 (35)	0,0 (0)	7,9 (3)	100	89,1 (57)	0,0 (0)	10,9 (7)	100
	Eldre-gruppa, sør			Sum	Eldre-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	44,8 (13)	3,5 (1)	51,7 (15)	100	81,4 (35)	4,7 (2)	14,0 (6)	100,1
<b>2009</b>	66,1 (76)	26,1 (30)	7,8 (9)	100	94,9 (37)	0,0 (0)	5,1 (2)	100

Om ein startar med yngre-gruppa i sør, ser ein at det var langt fleire eldre former i bruk i denne gruppa i 1983 enn i 2009. I 2009 er 58,33 % av førekomstane yngre former, medan 16,67 % er eldre former. I nord er det fleire eldre former i bruk i 1983. Ein må rekna /a/ i sør som eldre form, noko som fører til at yngre isør totalt sett bruker fleire eldre former enn gruppe 1 nord i 2009. /a/ er meir brukt av yngre-gruppa i sør i 2009 enn i 1983. Dei yngre i nord i 1983 hadde berre eldre former.

Mellom-gruppa i sør og nord i 2009 er nesten heilt jamne. Ingen har varianten med /a/, og det er absolutt mest eldre former med 92,11 % /æ/ i sør og 89,06 % i nord. I 1983 har nord fleire eldre former enn sør, men medrekna /a/ er det ikkje store skilnaden. I begge mellom-gruppene var det fleire førekomstar av yngre form i 1983 enn i 2009.

I eldre-gruppa finn ein langt fleire førekomstar av eldre former (Æ) i nord i 1983 enn i sør (medrekna /a/). I sør var 51,72 % av førekomstane yngre form mot 13,95 % i nord. I 2009 er det meir jamt, og /a/ har mange fleire førekomstar i sør enn den hadde i 1983. Totalt sett var førekomsten av yngre former langt større i 1983 enn i dag. Det gjeld for både nord og sør, men spesielt sør har svært stor skilnad med 51,72 % i 1983 mot 7,83 % i 2009.

**Tabell 5.15 Variabel 04, opptaksår, alder og stad (svake substantiv). Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør				Yngre-gruppa, nord			
	Å	O	EN	Sum	Å	O	EN	Sum
<b>1983</b>	87,5 (7)	12,5 (1)	0,0 (0)	100	83,3 (5)	16,7 (1)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	9,1 (1)	18,2 (2)	72,7 (8)	100	7,1 (1)	28,6 (4)	64,3 (9)	100
	Mellom-gruppa, sør			Sum	Mellom-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	81,1 (30)	18,9 (7)	0,0 (0)	100	92,3 (36)	5,1 (2)	2,6 (1)	100
<b>2009</b>	67,9 (19)	32,1 (9)	0,0 (0)	100	75,0 (18)	25,0 (6)	0,0 (0)	100
	Eldre-gruppa, sør			Sum	Eldre-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	80,0 (8)	0,0 (0)	20,0 (2)	100	100,0 (24)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	87,3 (48)	9,1 (5)	3,6 (2)	100	91,3 (21)	4,4 (1)	4,4 (1)	100,1

I yngre-gruppa er førekomsten av yngre former langt større i 2009 enn i 1983. I 1983 hadde begge yngre-gruppene 0 % yngre former, medan sør i 2009 har 72,7 % og nord har 64,3 %. Begge gruppene har noko meir -O i 2009 enn i 1983.

Medrekna -O har mellom-gruppa både sør og nord nesten berre eldre former begge år. -O har auka i begge grupper sidan 1983, noko som har ført til at talet på -Å har gått litt ned. I 1983 hadde mellom-gruppa i nord 2,6 % yngre former, medan det i 2009 var 0 %.

I eldre-gruppa er det jamt mellom gruppene i sør og nord i 2009, medan ein ser at det var noko større skilnad i 1983. I sør var det 80 % eldre former mot 20 % yngre, medan det i nord var 100 % eldre former (-Å). Eldre-gruppa i nord har fått inn litt yngre former i 2009 (4,4 %). I sør har talet på yngre former minka frå 20 % i 1983 til 3,6 % i 2009.

#### 5.4.5 Variabel 05: Presens av verb

Variantane er -A [a], -AR [aR] og -E [ε]. Føresetnaden for varianten -AR er at ein har skarre-r, som er skriven [R].

**Tabell 5.16 Variabel 05 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**


Variabel 05				
	-A (eldre)	- E (yngre)	-AR (yngre)	Sum
<b>1983</b>	99,4 (338)	0,6 (2)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	75,4 (709)	20,2 (190)	4,4 (41)	100

Denne tabellen fortel at i 1983 brukte så godt som alle den eldre varianten -A. I 2009 har dei nye formene fleire førekomstar, og mellomvarianten -E som den som har auka mest.

**Tabell 5.17 Variabel 05, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa				Eldre-gruppa			
	A	E	AR	Sum	A	E	AR	Sum	A	E	AR	Sum
<b>1983</b>	98,6 (141)	1,4 (2)	0,0 (0)	100	100,0 (149)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (48)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	14,5 (39)	70,3 (189)	15,2 (41)	100	100,0 (303)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	99,7 (367)	0,3 (1)	0,0 (0)	100

**Figur 5.17 Variabel 05, opptaksår og aldersfase.**




Her går det heilt tydeleg fram at det er yngre-gruppa i 2009 som gjer heile utslaget mellom 1983 og 2009. Ungdomar i 2009 bruker i langt større grad enn ungdomar i 1983 -E i ending. I 2009 er det -E som dominerer, medan -AR er noko meir brukt enn -A. I 1983 var 98,6 % av førekomstane den eldre forma -A, medan 1,4 % var -E.

I mellom- og eldre-gruppa er variasjonen i og mellom dei omtrent ikkje eksisterande. Mellom-gruppa har både i 1983 og 2009 100 % førekomstar av den eldre forma -A. I eldre-gruppa er det omtrent likt.

**Tabell 5.18 Variabel 05, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør				Yngre-gruppa, nord			
	-A	-E	-AR	Sum	-A	-E	-AR	Sum
<b>1983</b>	100,0 (65)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	97,4 (76)	2,6 (2)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	9,9 (15)	67,6 (102)	22,5 (34)	100	20,3 (24)	73,7 (87)	5,9 (7)	99,9
	Mellom-gruppa, sør			Sum	Mellom-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	100,0 (93)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (56)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (129)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (174)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
	Eldre-gruppa, sør			Sum	Eldre-gruppa, nord			Sum
<b>1983</b>	100,0 (10)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (38)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	99,7 (298)	0,3 (1)	0,0 (0)	100	100,0 (69)	0,0 (0)	0,0 (0)	100

**Figur 5.18 Variabel 05, opptaksår, alder og stad.**



Her ser ein at den variasjonen som er mellom nord og sør, er i yngre-gruppa i 2009. I sør er det noko færre førekomstar av den eldre forma -A enn i nord, medan det er noko meir førekomstar av den yngre forma -AR. I nord er det færre av den yngre forma -AR, men desto meir av mellomforma, -E. -E er den varianten som har flest førekomstar i ungdomsgruppene i begge opptaksår.

#### 5.4.6 Variabel 06: Preteritum og perfektum partisipp

Variantane er -A [a] og -ET [et]. Først kan ein sjå på den samanlagte skilnaden mellom 1983 og 2009:

**Tabell 5.19 Variabel 06 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**


Variabel 06			
	-A	-ET	Sum
<b>1983</b>	98,6 (144)	1,4 (2)	100
<b>2009</b>	96,1 (346)	3,9 (16)	100

Tilsynelatande er skilnadane mellom 2009 og 1983 svært småe, men dette kan sjå annleis ut når ein koplår alder saman med opptaksår.

**Tabell 5.20 Variabel 06, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa			Mellom-gruppa			Eldre-gruppa		
	-A	-ET	Sum	-A	-ET	Sum	-A	-ET	Sum
1983	100,0 (24)	0,0 (0)	100	97,1 (66)	2,9 (2)	100	100,0 (54)	0,0 (0)	100
2009	76,7 (46)	23,3 (14)	100	100,0 (122)	0,0 (0)	100	100,0 (178)	0,0 (0)	100

**Figur 5.20 Variabel 06, opptaksår og alder.**




Her endrar biletet seg litt. Det er i yngre-gruppa ein finn den største skilnaden mellom dei to opptaksåra. I 1983 var alle førekomstar den eldre varianten -A. I 2009 er heile 23,3 % av førekomstane den nye forma -ET.

I mellom-gruppa i 1983 ser ein òg litt variasjon. Der er 2,9 % av førekomstane den nye forma. Her må ein merka seg at det er berre to belegg.

**Tabell 5.21 Variabel 06, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Gruppe 1 sør			Gruppe 1 nord		
	-A	-ET	Sum	-A	-ET	Sum
<b>1983</b>	100 (10)	0,0 (0)	100	100,0 (14)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	71,9 (23)	28,1 (9)	100	82,1 (23)	17,9 (5)	100
	Gruppe 2 sør		Sum	Gruppe 2 nord		Sum
<b>1983</b>	96,5 (55)	3,5 (2)	100	100,0 (11)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (64)	0,0 (0)	100	100,0 (58)	0,0 (0)	100
	Gruppe 3 sør		Sum	Gruppe 3 nord		Sum
<b>1983</b>	100,0 (11)	0,0 (0)	100	100,0 (43)	0,0	100
<b>2009</b>	100,0 (142)	0,0 (0)	100	100,0 (36)	0,0	100

**Figur 5.21 Variabel 06, opptaksår, alder og stad.**



Ein ser at den yngre forma har noko fleire førekomstar sør i kommunen enn nord. Mellom ungdomar i 2009 er 28,12 % av førekomstane på sørsida av den yngre forma -ET, medan 17,86 % av førekomstane på nordsida er av den yngre forma.

#### 5.4.7 Variabel 07: Infinitivsendingar

Infinitivar får -e som endingsvokal, som i /kɔma/ > /kɔme/. Variantane er -A [a] og -E [ɛ].

**Tabell 5.22 Variabel 07 og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).**

Variabel 07			
	A (eldre form)	E (yngre form)	Sum
<b>1983</b>	99,5 (635)	0,5 (3)	100
<b>2009</b>	92,6 (1186)	7,4 (95)	100

Skilnaden mellom dei to åra er ikkje spesielt stor, men like fullt er det skilnad. I 2009 var 7,4 % av førekomstane den yngre forma (-E), medan yngre former berre representerte 0,5 % av førekomstane i 1983.

**Tabell 5.23 Variabel 07, opptaksår og alder. Skåring i prosent (belegg).**


	Yngre-gruppa			Mellom-gruppa			Eldre-gruppa		
	-A	-E	Sum	-A	-E	Sum	-A	-E	Sum
<b>1983</b>	100,0 (100)	0,0 (0)	100	99,4 (354)	0,6 (2)	100	99,5 (181)	0,6 (1)	100,1
<b>2009</b>	61,5 (152)	38,5 (95)	100	100,0 (506)	0,0 (0)	100	100,0 (528)	0,0 (0)	100

Denne tabellen viser at det er yngre-gruppa i 2009 som står for heile utslaget mellom dei to opptaksåra. 38,5 % av førekomstane i dagens yngre-gruppe, er den yngre forma -E. I mellom-gruppa og eldre-gruppa i 1983 er det 0,6 % av førekomstane som har den yngre forma, men desse tala er så små at det ikkje er noko mønster å spora der. Dessutan er det berre eitt belegg på den forma, og eg vel derfor å oversjø det. Kryssar ein opptaksår og alder med lokalitet kan ein verta klokare på om dette føregår likt i heile kommunen, eller om der er nokon skilnad mellom nord og sør.

**Tabell 5.24 Variabel 07, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør			Yngre-gruppa, nord		
	A	E	Sum	A	E	Sum
<b>1983</b>	100,0 (64)	0,0 (0)	100	100,0 (36)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	66,0 (95)	34,0 (49)	100	55,3 (57)	44,7 (46)	100
	Mellom-gruppa, sør		Sum	Mellom-gruppa, nord		Sum
<b>1983</b>	99,2 (245)	0,8 (2)	100	100,0 (109)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (220)	0,0 (0)	100	100,0 (286)	0,0 (0)	100
	Eldre-gruppa, sør		Sum	Eldre-gruppa, nord		Sum
<b>1983</b>	100,0 (72)	0,0 (0)	100	99,1 (109)	0,9 (1)	100
<b>2009</b>	100,0 (443)	0,0 (0)	100	100,0 (85)	0,0 (0)	100

**Figur 5.24 Variabel 07, opptaksår, alder og stad.**



Det er skilnad mellom nord og sør i yngre-gruppa i 2009. 34 % av førekomstane i sør var yngre former, medan 44,7 % av førekomstane i nord var det.

## 5.5 Oppsummering av resultatata frå trendgranskinga

Hovudtendensen frå trendgranskinga er at det er yngre-gruppa i 2009 (IV) som har absolutt flest førekomstar av yngre former. I dei følgjande tabellane har eg slått saman alle variantane i det eg kallar eldre former, mellomformer og yngre former. Nokre variablar har berre to variantar. Det er til dømes V03 (palatalisering). Der kallar eg ingenting for mellomvariant, men plasserer palatalisering under eldre form og ikkje palatalisering under yngre.

**Tabell 5.25** Alt materialet og opptaksår. Skåring i prosent og (belegg).

	Eldre former	Mellomformer	Yngre former	Sum
<b>1983</b>	89,2 (2754)	1,2 (37)	9,7 (298)	100,1
<b>2009</b>	76 (4945)	4,2 (275)	19,8 (1286)	100

Av denne tabellen kan ein lesa at det er fleire yngre former i bruk i 2009 enn i 1983. Det er òg litt fleire mellomformer, men det har ikkje auka like mykje som dei yngre formene.

Kombinerer ein opptaksår med alder får ein eit slikt resultat (EF står for eldre form, MF står for mellomform og YF står for yngre form):

**Tabell 5.26** Alt materialet, opptaksår og alder. Skåring i prosent og (belegg).

	Yngre-gruppa				Mellom-gruppa				Eldre-gruppa			
	EF	MF	YF	Sum	EF	MF	YF	Sum	EF	MF	YF	Sum
<b>1983</b>	88,1 (480)	1,8 (10)	10,1 (55)	100	87,5 (1396)	1,5 (24)	11,0 (175)	100	92,5 (878)	0,3 (3)	7,2 (68)	100
<b>2009</b>	21,8 (236)	16,4 (198)	61,7 (744)	100	82,7 (2006)	1,7 (41)	15,7 (380)	100,1	93,1 (2676)	1,3 (36)	5,6 (162)	99,9

Her ser ein at dei to eldste gruppene er stabile, medan yngre-gruppa i 2009 har mange fleire yngre former og mellomformer enn yngre-gruppa i 1983. I eldre-gruppa aukar dei eldre formene medan dei yngre formene synk. I mellom-gruppa aukar dei yngre formene litt, dei eldre synk litt.

**Tabell 5.27 Alt materialet, opptaksår, alder og stad. Skåring i prosent og (belegg).**

	Yngre-gruppa, sør					Yngre-gruppa, nord				
	EF	MF	YF	Sum		EF	MF	YF	Sum	
<b>1983</b>	93,7 (253)	0,7 (2)	5,6 (15)	100		82,6 (227)	2,9 (8)	14,6 (40)	100,1	
<b>2009</b>	23,1 (146)	0,5 (3)	76,4 (482)	100		20,4 (117)	16,2 (93)	63,4 (364)	100	
	Mellom-gruppa, sør			Sum		Mellom-gruppa, nord			Sum	
<b>1983</b>	86,3 (953)	1,8 (20)	11,9 (131)	100		90,2 (443)	0,8 (4)	9,0 (44)	100	
<b>2009</b>	82,8 (782)	2,3 (22)	14,9 (141)	100		82,6 (1224)	1,3 (19)	16,1 (239)	100	
	Eldre-gruppa, sør			Sum		Eldre-gruppa, nord			Sum	
<b>1983</b>	85,7 (275)	0,9 (3)	13,4 (43)	100		96,0 (603)	4,0 (25)	0,0 (0)	100	
<b>2009</b>	94,4 (2166)	0,9 (3)	4,7 (108)	100		88,1 (510)	2,4 (14)	9,5 (55)	100	

I yngre-gruppa er skilnaden mellom nord og sør større i 1983 enn i 2009. I nord hadde dei fleire yngre former enn i sør i -83. Nord har i 2009 har færre yngre former enn sør, men fleire mellomformer. Mellomformene heldt seg på eit minimum i sør i begge opptaksåra. Den generelle tendensen på begge stader er at det minkar på dei eldre formene.


I mellom-gruppa er det som me har sett tidlegare, mindre skilnader mellom dei to opptaksåra, og det gjeld både nord og sør. Skilnaden mellom dei to stadene er heller ikkje stor. Nord hadde noko meir eldre former enn sør i 1983. I 2009 var det så godt som heilt likt med 82,8 % i sør mot 82,6 % i nord. Mellomformene er på begge stader i mindretal. Ein ser at dei yngre formene har auka noko på begge stader, og dei har auka meir i nord enn i sør.

Eldre-gruppene har fått noko ulik utvikling i sør og nord. I sør har bruken av eldre former auka frå 1983 til 2009, medan dei eldre formene i nord har minka. Mellomformene er òg i desse gruppene i mindretal på begge stader. I nord hadde eldre-gruppa i 1983 ingen yngre former. Det har auka til 9,5 % i 2009, noko som har ført til at det har vorte mindre av både dei eldre formene og mellomformene. I sør har talet på yngre former minka frå 13,4 % i -83 til 4,7 % i -09.


Fødselsårsklasse IV får eit nytt mønster. Folk endrar altså ikkje språket i takt med samfunnet. Det er det berre dei som har lært seg å snakka etter at samfunnet vart råka av endringane som gjer. Det fører til at om ein ser på alle variablane samla, viser det seg at det

var fleire førekomstar av eldre former 1983 på seks av sju variablar. Unntaket er dei sterke substantiva.

**Tabell 5.25 Skåringar eldre variantar i 1983.**



**Figur 5.26 Skåringar eldre variantar i 2009.**



Enkelte variablar har endra seg meir enn andre. V06 og V03 er dei som har halde seg mest stabile, medan V01, V02, V04 svake og V05 har endra seg rundt 20 %.

Variabel 04 (sterke substantiv) avvik frå det klare mønstret ein ser. Der viser det seg at eldre-gruppa i 1983 (årsklasse III) har heile 29,1 % yngre former, medan eldre-gruppa (årsklasse II) i 2009 har 7,1 % yngre former. Eldre-gruppa i 2009 (årsklasse II) har 7,1 % yngre former. Det vil seia at denne årsklassen (II) hadde fleire yngre former i 1983 enn i 2009 når det gjeld dei sterke substantiva. Dei eldre i 1983 har likevel fleire yngre former enn årsklasse II begge åra. Å forklara dette er ikkje enkelt. Dette var eit uventa resultat som ikkje passar inn i det mønstret som resten av variablane dannar. Likevel er det ikkje så veldig overraskande for meg med dette resultatet. Frå min eigen heimkommune, Radøy, kjenner eg til dette fenomenet. Når folk på Radøy (spesielt eldre) snakkar med folk frå byen eller andre stader er det ikkje uvanleg at dei legg litt om. Korfor det skjer med akkurat dei sterke

substantiva og ikkje dei svake, veit eg ikkje. Men eg hugsar frå min oppvekst at når vaksne og eldre folk vart engasjerte og snakka med folk frå andre stader, vart det ofte litt andre variantar enn det som var vanleg. På opptaka mine er svært mange av dei eldre og vaksne engasjerte i sine samtalar med Antonesen. Han pratar med dei om samferdsle, økonomi og fritid, og det var heilt tydeleg noko som engasjerte folk i 1983. Dei fleste kritiserar båt, ferje og buss for at dei går så sjeldan, og mange snakkar om den lange reisa til byen. Dei som jobba i byen snakka òg om kor lite fritid dei fekk. Dette fører til at dei snakkar fort og litt oppkava. Eg har ingen gode forslag til ei forklaring på dette, men eg kjenner det att frå Radøy. Kanskje har Antonesen med sitt bergenske talemål påverka dei? Uansett er det påfallande at det hovudsakleg er dei sterke substantiva som har fått yngre form.

## **5.6 Resultat frå panelgranskinga**

Til denne delen av granskinga skulle eg i utgangspunktet ha åtte panelinformantar. Her kan eg berre peika på nokre hovuddrag, slik at det vert ikkje fullt ut ei ordentleg kvalitativ gransking.

Eg har valt ut fire av dei panelinformantane eg har intervjuet, ei kvinne og ein mann frå mellom-gruppa (yngre-gruppa i 1983) og ei kvinne og ein mann frå eldre-gruppa (mellom-gruppa i 1983). Det er to grunnar til at eg ”berre” har fire. For det første er det nokre av panelinformantane eg har få belegg på, spesielt i materialet frå 1983. På nokre av variablane har dei ingen belegg. Då meiner eg at det ikkje er like gunstig å bruka dei som panelinformantar, men at dei likevel gjer god nytte i trendgranskinga.

Generelt sett er det slik at informantane har mange fleire belegg i 2009-materialet enn i materialet frå 1983. Det betyr ingenting for prosenttala.

### **5.6.1 Informant 1**

Dette er ein mann som er fødd i 1969. Han var i yngre-gruppa i 1983 og er i mellom-gruppa i dag (årsklasse III). Informanten har vidaregåande skule som høgaste utdanning. Han oppgir at han snakkar striledialekt, og seier at han av og til skiftar til bokmål i jobbsituasjonar når han føler at andre ikkje forstår. Han har budd i Bergen i 10 år og i Øygarden resten av livet. Han er svært positiv til lokalmiljøet og striledialekten. Han er negativ til Bergen og bergensk, og reiser ikkje til Bergen med mindre han må (møte med jobben).

**Tabell 5.28 Panelinformant 1, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg).**

	1983	2009
<b>Eldre former</b>	92,2 (71)	82,7 (244)
<b>Mellomformer</b>	1,3 (1)	2,7 (8)
<b>Yngre former</b>	6,5 (5)	14,6 (43)
<b>Sum</b>	100	100

Det er stort sett dei yngre formene som har auka og dei eldre formene gått tilbake. Mellomformer aukar litt. Likevel er det snakk om små skilnader mellom dei to åra. Dei variablane som har endra seg mest er 01, 02 og 04. Tabellen under viser kvar enkelt variabel kombinert med opptaksår.

**Tabell 5.29 Panelinformant 1, enkeltvise variablar. Skåring i prosent og (belegg).**

	V01			Sum	V02			Sum	V03		Sum
	Å	Ö	Ø		RN	DN	NN		Pal+	Pal-	
<b>1983</b>	26,7 (4)	66,7 (10)	6,7 (1)	100,1	0 (0)	100,0 (1)	0,0 (0)	100	96,0 (24)	4,0 (1)	100
<b>2009</b>	44,1 (30)	54,4 (37)	1,5 (1)	100	33,3 (7)	66,7 (14)	0,0 (0)	100	92,7 (51)	7,3 (4)	100

	V04, sterke subst.			Sum	V04, svake subst.			Sum
	-Æ	-A	-EN		-Å	-O	-EN	
<b>1983</b>	100,0 (8)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (4)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	84,6 (11)	0,0 (0)	15,4 (2)	100	36,4 (4)	63,6 (7)	0 (0)	100

	V05			Sum	V06		Sum	V07		Sum
	-A	-E	-AR		-A	-ET		-A	-E	
<b>1983</b>	100,0 (5)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (2)	0,0 (0)	100	100,0 (17)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (27)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (22)	0,0 (0)	100	100,0 (78)	0,0 (0)	100

Hjå denne informanten ser ein at variabel 05, 06 og 07 er heilt like i 1983 og 2009. Variabel 03 held seg svært stabil, men ein ser noko endring. I 1983 var 96 % av førekomstane palatale mot 92,7 % palatale i 2009.


Variabel 01 har noko auka førekomst av den yngre forma Å, samstundes som den eldre forma Ò ikkje førekjem like mykje som i -83. Mellomforma Ø førekjem ikkje like mykje i 2009 som i 1983.

Når det gjeld variabel 02, hadde informanten i 1983 100 % DN-former. I 2009 er 66,7 % av formene eldre (DN), medan 33,3 % av belegga har den yngre forma RN. Ver merksam på at det berre var eitt belegg i 1983.


Variabel 04 hadde i 1983 100 % av både sterke og svake substantiv den eldre forma, høvesvis -Æ eller -Å. I 2009 har førekomstane av sterke substantiv ei fordeling som gir den eldre forma 84,6 % og den nye forma -EN 15,4 %. Svake substantiv har i 2009 36,4 % eldre former (-Å) og 63,6 % av mellomforma -O.

Ser ein no på det samla resultatet for informant 1, ser det slik ut:

**Figur 5.27 Skåringar eldre former 1983, informant 1.**



**Figur 5.28 Skåringar eldre former 2009, informant 1<sup>14</sup>.**



<sup>14</sup> Når det gjeld V04 svake substantiv er det mellomforma -O som står for dei fleste belegga som ikkje er eldre.

Ser ein på resultatane, er han representativ for sin årsklasse. Dei fleste variablane er stabile, og er det noka endring i det heile, er det same mønster. Dei variablane som skil seg ut er V02 og V04.

For V02 har informant 1 fleire yngre former i 2009 enn i 1983, men det er i 1983 han avvik mest frå årsklassen sin. Den generelle tendensen for årsklassen er at dei har fleire eldre former i 2009. I tillegg har årsklassen langt fleire mellomformer (NN) i 1983 (26,7 % mot panelinformanten sine 0 %).

V04 sterke substantiv viser at både informant 1 og årsklassen generelt har noko mindre eldre former i 2009 enn i 1983. Det som skil seg mest her, er at informant 1 går frå å ha 100 % eldre former i 1983 til 84,6 % i 2009. Årsklassen generelt er meir stabil. For dei svake substantiva har informanten i 2009 langt fleire førekomstar av mellomforma –O, slik at det er ikkje den yngre forma –EN som gjer at talet på eldre former har minka så kraftig.

Eg meiner at informant 1 er representativ for årsklassen sin. Han har resultat som stort sett er like dei generelle resultatane for årsklassen. Avviket er to av sju variablar. Den eine har ein tidlegare sett er litt spesiell, og det er V04 og dei sterke substantiva. For dei aller fleste variablane har altså panelinformanten, akkurat som gruppa, svært jamne resultat.

### 5.6.2 Informant 2

Den andre panelinformanten er ei kvinne i årsklasse III. Ho er høgskuleutdanna, og har budd ulike stader i landet i 16 år. Resten av livet har ho budd i Øygarden og jobba som lærar der. Når det er tale om dialekt, seier ho at ho snakkar stril, og at ho aldri bruker ulike dialektar i ulike situasjonar. Ho er positiv til lokalsamfunnet, men meiner at det er lite viktig om det skjer ei språkending, at det er heilt naturleg. Ho uttrykkjer at ho synest sentrumsdialekten, gatespråket, i Bergen har sin sjarm, men det ”penare” talemålet i Bergen likar ho ikkje.

**Tabell 5.30** Panelinformant 2, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg).

	1983	2009
<b>Eldre former</b>	92,0 (69)	87,6 (312)
<b>Mellomformer</b>	0,0 (0)	1,7 (6)
<b>Yngre former</b>	8,0 (6)	10,7 (38)
<b>Sum</b>	100	100

Overvekta av eldre former er stor både i 1983 og 2009, men talet på yngre former har auka noko på dei åra som har gått. Likevel er ikkje skilnadane så store at ein ikkje kan kalla det for relativt stabilt.

Tabellane under viser kvar enkelt variabel kombinert med opptaksår.

**Tabell 5.31 Panelinformant 2, enkeltvise variablar. Skåring i prosent (belegg).**

	V01				V02				V03		
	Å	Ò	Ø	Sum	RN	DN	NN	Sum	Pal+	Pal-	Sum
<b>1983</b>	23,1 (10)	76,9 (10)	0,0 (0)	100	0 belegg	0 belegg	0 belegg	-	62,5 (5)	37,5 (3)	100
<b>2009</b>	26,5 (26)	69,4 (68)	4,1 (4)	100	14,8 (4)	85,2 (23)	0,0 (0)	100	91,7 (77)	8,3 (7)	100

	V04, sterke subst.				V04, svake subst.			
	-Æ	-A	-EN	Sum	-Å	-O	-EN	Sum
<b>1983</b>	100,0 (3)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	0 belegg	0 belegg	0 belegg	-
<b>2009</b>	94,4 (17)	0,0 (0)	5,6 (1)	100	66,7 (4)	33,3 (2)	0,0 (0)	100

	V05				V06			V07		
	-A	-E	-AR	Sum	-A	-ET	Sum	-A	-E	Sum
<b>1983</b>	100,0 (35)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (4)	0,0 (0)	100	100,0 (12)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (47)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (11)	0,0 (0)	100	100,0 (65)	0,0 (0)	100


Hjå denne informanten manglar det belegg på V02 og V04 frå 1983. Resultata frå 2009 viser at dei eldre formene har flest førekomstar. For V02 har DN 85,2 % og RN 14,8 %. For dei svake substantiva i V04 har -Å 66,7 % av førekomstane, medan -O har 33,3 %.

Som hjå informant 1 er V05, V06 og V07 uendra med 100 % eldre former begge år.


V01 ser ut til å halda seg ganske stabil. Den eldre forma Ò hadde 76,9 % av førekomstane i 1983 og 69,4 % i 2009. Den yngre forma Å har auka litt, men det har òg mellomforma Ø. Å har auka frå 23,1 % til 26,5 %, medan Ø har auka frå 0 % til 4,1 %.

For variabel V03 ser ein at det er fleire førekomstar av palatalisering i 2009 enn i 1983. Høvesvis er desse tala 62,5 % og 91,7 %.

Figur 5.29 Skåringar eldre former 1983, informant 2<sup>15</sup>.



Figur 5.30 Skåringar eldre former 2009, informant 2<sup>16</sup>.



For gruppa generelt har talet på eldre former minka meir mellom 1983 og 2009 enn hjå informant 2. Elles er mønstret heilt likt (manglar belegg frå 1983 på to variablar hjå informant 2), og informanten er derfor representativ for sin årsklasse.

### 5.6.3 Informant 3

Informant 3 er ein mann som no er i eldre-gruppa, årsklasse II. Han har fagskule som høgaste utdanning og har jobba som fiskar. Yrket har medført ein del reising, og kontaktflaten til informanten har nok derfor vore ein del utafor kommunen. Han har hatt bustad i Øygarden heile livet, og uttrykkjer at han aldri ville budd nokon annan plass. Det er ingenting anna enn positive formuleringar om Øygarden i intervjuet frå 2009. I 1983 er han litt negativ til den dårlege kommunikasjonen til fastlandet og nabokommunane. Informanten seier at han snakkar stril, og at han ikkje bruker ulike dialektar i ulike situasjonar. Han meiner det er naturleg at

<sup>15</sup> Ingen belegg på V02 og V04.

<sup>16</sup> Informanten har ingen yngre former på V04 svake. Andre førekomstar er mellomforma –O.

ungdomane i Øygarden endrar talemålet. At språket forandrar seg, er ikkje noko nytt, og det må ein godta. Så lenge alle forstår kvarandre, betyr det ikkje så mykje. Han likar ikkje den finare varianten av bergensk.

**Tabell 5.33 Panelinformant 3, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg).**

	1983	2009
<b>Eldre former</b>	93,9 (77)	97,9 (331)
<b>Mellomformer</b>	0,0 (0)	0,0 (0)
<b>Yngre former</b>	6,1 (5)	2,1 (7)
<b>Sum</b>	100	100

Denne informanten har ingen mellomformer. Talet på eldre former har auka noko frå 1983 til 2009. Det vil seia at prosenttalet på eldre former har gått opp, medan talet på yngre former har gått ned.

**Tabell 5.32 Panelinformant 3, enkeltvise variablar. Skåring i prosent og (belegg).**

	V01				V02				V03		
	Å	Ö	Ø	Sum	RN	DN	NN	Sum	Pal+	Pal-	Sum
<b>1983</b>	20,0 (4)	80,0 (16)	0,0 (0)	100	0 belegg	0 belegg	0 belegg	-	100,0 (18)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	1,0 (1)	99,0 (101)	0,0 (0)	100	60,0 (9)	40,0 (6)	0,0 (0)	100	100,0 (56)	0,0 (0)	100

	V04, sterke subst.				V04, svake subst.			
	-Æ	-A	-EN	Sum	-Å	-O	-EN	Sum
<b>1983</b>	25,0 (2)	62,5 (5)	12,5 (1)	100	100,0 (4)	0,0 (0)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	33,3 (6)	66,7 (12)	0,0 (0)	100	100,0 (8)	0,0 (0)	0,0 (0)	100


	V05				V06			V07		
	-A	-E	-AR	Sum	-A	-ET	Sum	-A	-E	Sum
<b>1983</b>	100,0 (5)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (3)	0,0 (0)	100	100,0 (24)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (31)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (30)	0,0 (0)	100	100,0 (78)	0,0 (0)	100

Som ein kan lesa ut av slutten på denne tabellen, gjeld akkurat det same for V05, V06 og V07 her som for dei føregåande informantane. Det er ingen skilnad mellom 1983 og 2009, informanten har 100 % eldre former. Ein ser òg at denne informanten har 100 % eldre former begge åra under variabel 03 og 04 (dei svake substantiva).


For variabel 01 har denne informanten 20 % yngre former i 1983 mot 1 % i 2009.

Den delen av variabel 04 som gjeld sterke substantiv viser litt endring. I 1983 Hadde informanten 25 % eldre former, medan han i 2009 har 33,3 %. Den yngre varianten –EN stod for 12,5 % av førekomstane i 1983, men har 0 % i 2009 (ver merksam på få belegg). –A-endinga som finst enkelte stader i kommunen held seg relativt stabil, med 62,5 % i 1983 og 66,7 % i 2009. Denne informanten har altså vorte meir konsekvent i bruken av hokjønn.

**Figur 5.31 Skåringar eldre former 1983, informant 3<sup>17</sup>.**



**Figur 5.32 Skåringar eldre former 2009, informant 3.**



For informant 3 er mønstret tilnærma likt som for gruppa generelt. Han har 100 % palatalisering begge opptaksår, medan årsklassen har 84,1 % i 1983 og 94 % i 2009. Når det gjeld svake substantiv har årsklassen generelt noko mindre eldre former enn informanten, men

<sup>17</sup> Ingen belegg på variabel 02.

både årsklassen og informanten er stabile. Bortsett frå desse to småe avvika er det same mønster for årsklassen og informant 1, og eg vil derfor rekna han som representativ. Nokre individuelle avvik er det alltid.

#### 5.6.4 Informant 4

Den siste panelinformanten er ei kvinne fødd i 1924. Ho er i 2009-materialet i eldre-gruppa, årsklasse II. Ho har ungdomsskule som høgaste utdanning, og har budd i Bergen i eitt år i løpet av livet. Elles har ho budd i Øygarden og vore husmor. Som dei andre panelinformantane oppgir ho at ho snakkar stril. Ho speler nei på spørsmål om ho bruker andre dialektar i ulike situasjonar, men meiner det ikkje gjer noko at det skjer ei språkending i Øygarden. Ho meiner at det er dei unge som forandrar seg, og at det går mot bergensk, men ho likar ikkje bergensdialekten noko særleg.

**Tabell 5.34 Panelinformant 4, samanlagt resultat. Skåring i prosent og (belegg).**

	1983	2009
<b>Eldre former</b>	93,8 (167)	93,9 (341)
<b>Mellomformer</b>	2,8 (5)	1,1 (1)
<b>Yngre former</b>	3,4 (6)	5,0 (21)
<b>Sum</b>	100	100

Legg ein saman alle resultata for denne informanten er skilnaden mellom 1983 og 2009 minimal. Einaste som skil seg, er at i 1983 brukte ho litt mellomformer. I 2009 har ho noko meir førekomst av yngre former enn i 1983, men dei eldre formene er heilt jamne.

Tabellen under viser kvar enkelt variabel kombinert med opptaksår.

**Tabell 5.35 Panelinformant 4, enkeltvis variablar. Skåring i prosent og (belegg).**

	V01				V02			V03			
	Å	Ò	Ø	Sum	RN	DN	NN	Pal+	Pal-	Sum	
<b>1983</b>	7,8 (4)	88,2 (45)	3,9 (2)	99,9	0,0 (0)	100,0 (5)	0,0 (0)	100	94,9 (37)	5,1 (2)	100
<b>2009</b>	9,0 (7)	89,7 (70)	1,3 (1)	100	25,0 (8)	75,0 (24)	0,0 (0)	100	96,9 (95)	3,1 (3)	100

	V04, sterke subst.				V04, svake subst.			
	-Æ	-A	-EN	Sum	-Å	-O	-EN	Sum
<b>1983</b>	100,0 (3)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	66,7 (6)	33,3 (3)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	88,9 (16)	0,0 (0)	11,1 (2)	100	90,9 (10)	0,0 (0)	9,1 (1)	100

	V05				V06			V07		
	-A	-E	-AR	Sum	-A	-ET	Sum	-A	-E	Sum
<b>1983</b>	100,0 (9)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (17)	0,0 (0)	100	100,0 (45)	0,0 (0)	100
<b>2009</b>	100,0 (50)	0,0 (0)	0,0 (0)	100	100,0 (21)	0,0 (0)	100	100,0 (55)	0,0 (0)	100

Som for dei tre andre er det heller ikkje her nokon skilnad mellom 1983 og 2009 på dei tre siste variablane.


Variabel 01 heldt seg ganske stabil med berre småe skilnader mellom opptaksåra. Førekkomsten av mellomformer (Ø) er litt større i 1983, medan førekkomsten av eldre former (Ò) er noko større i 2009. Bruk av den nye forma (Å) aukar òg litt frå -83 til 09.

For V02 ser ein at alle førekomstane i 1983 var den eldre forma DN. I 2009 er 25 % av førekomstane den nye forma RN, resten har eldre form.


Når det gjeld variabel 03 er det svært liten skilnad mellom opptaksåra. Det var noko meir bruka av yngre form (ikkje palatal) i 1983 enn i 2009.

For dei sterke substantiva i V04 ser ein at det var 100 % eldre former i 1983, medan belegga i 2009 deler ser med 88,9 % eldre former (-Æ) og 11,1 % yngre former (-EN). Ser ein på dei svake substantiva, legg ein merke til at bruken av den eldre forma (-Å) er større i 2009 enn i 1983. I -83 hadde 66,7 % av førekomstane eldre form, medan 33,3 % hadde mellomforma (-O). I 2009 var førekkomsten av eldre former på 90,9 %. Førekkomsten av -O var 0 %, men førekkomsten av den yngre forma -EN var 9,1 %.

Figur 5.33 Skåringar eldre former 1983, informant 4<sup>18</sup>.



Figur 5.34 Skåringar eldre former 2009, informant 4.



Informant 4 har noko mindre auke i eldre former frå 1983 til 2009 enn resten av årsklassen, men ho har fleire eldre former enn årsklassen i 1983. For dei sterke substantiva har ho motsett mønster enn årsklassen. Ho har 100 % eldre former i 1983 mot 88,9 % i 2009. Resten av variablane er relativt jamne med årsklassen.

### 5.6.5 Oppsummering av panelresultata

Mønstret mellom panelinformantane er at det ikkje er nokon store endringar. Noko naturleg variasjon må ein rekna med, og tala som skil dei to åra er generelt sett småe. Det som avvik mest frå det generelle mønstret, er at informant 3 (årsklasse II) har meir eldre former for variabel 01 og 04 i 2009 enn i 1983. Det er det same som ein ser igjen for denne årsklassen i trendgranskinga.

<sup>18</sup> Resten av belegga på V04 svake substantiv er mellomforma –O.

For variabel 1 og 2 har informant 1 noko fleire yngre former i 2009 enn i 1983. For informant 2 har mellomformene auka meir enn dei yngre formene for variabel 01, medan det ikkje er belegg frå 1983 for denne informanten når det gjeld variabel 02. Informant 4 er svært stabil når det er tale om variabel 01, men har noko meir yngre former i 2009 enn i 1983. Variabel 02 hadde i 1983 berre eldre former, medan det fordeler seg med høvesvis 25 % og 75 % for nyare og eldre former i 2009. Informant 4 har ingen belegg på variabel 02 i 1983, men i 2009 har han fleire yngre enn eldre former. På variabel 01 har han fleire eldre former i 2009 enn i 1983.

For alle dei fire panelinformantane er variablane 05, 06 og 07 stabile. Alle har 100 % eldre former både i 1983 og 2009.

Variabel 03 er svært stabil hjå informant 3 og 4, altså dei som var i mellom-gruppa i 1983 og er i eldre-gruppa i dag. Hjå informant 1 og 2 er det derimot litt variasjon. Hjå informant 1 har talet på palatale førekomstar minka litt. Hjå informant 2 har talet på palatale førekomstar auka mykje mellom opptaksåra.

Når det gjeld variabel 04 er det litt variasjon. Informant 1 har i 1983 berre eldre former både for sterke og svake substantiv. I 2009 hadde han 63,6 % mellomformer av svake substantiv og ingen nye former. Av sterke substantiv hadde han 15,4 % nye former, ingen mellomformer. Informant 2 har òg berre eldre former av sterke substantiv i 1983. I 2009 har det derimot minka noko, og talet på yngre former har stige litt. Ho har ingen belegg på svake substantiv i 1983, men i 2009 er det slik at ho har ein del mellomformer (ingen yngre former). Informant 3 har berre eldre former begge år når det gjeld dei svake substantiva. Denne informanten har den –A-endinga som finst enkelte stader i kommunen, og den må reknast som eldre form. Derfor har informanten noko mindre eldre former i 1983 og berre eldre former i 2009. Informant 4 hadde berre eldre former av sterke substantiv i 1983 mot 80,9 % i 2009. Dei svake substantiva har fleire eldre former i 2009 enn i 1983. I 1983 hadde ho litt mellomformer, men ingen av desse i 2009. Yngre former har ho litt av i 2009 og ingen i 1983.

Dei unge i 1983 snakka altså så likt dei vaksne at når dei går inn i same stabile masse.

### ***5.7 Reliabilitet og validitet***

Som ein ser av tabellane, er det i mange tilfelle svært få belegg frå 1983 samanlikna med 2009. Det gjeld resultata frå både trend- og panelgranskinga. Det fører til noko svekka reliabilitet og validitet. Likevel er det resultat, og eg har valt å ha det med. Sjølv om det ikkje er heilt reliabelt, kan det vera med på å gi ein peikepinn på korleis språket var. Og det som eg

meiner er det viktigaste resultatet, det nye mønstret mellom ungdom i 2009, er det ingen tvil om. Ein ser tydeleg frå resultatata at det er avgrensa kor misvisande det kan vera. Samla sett er det liten tvil om at språkutviklinga har tatt ei ny retning. Det var langt meir stabile tilhøve mellom alle årsklassar i 1983, og det er meir stabile tilhøve mellom årsklasse II og III i dag enn det er mellom årsklasse I og II/III. Sjølv om ikkje dataa frå 1983 heilt oppfyller krava for å svara på problemstillinga, og ikkje er identiske med dei frå 2009, så er mønstret tydeleg.

### 5.7.1 Signifikans

Eg har testa signifikans på nokre av resultat mine. Eg har testa om det er signifikant forskjell på yngre-gruppene, mellom-gruppene og eldre-gruppene dei to opptaksåra.

Eg har tatt utgangspunkt i Haugen (2004:153) for å finna ut kva for signifikansgrenser eg opererer med.

**Tabell 5.37 Signifikansgrenser.**

Probabilitetsnivå	Tyding
$0,01 < p < 0,001$	Svært høg signifikans
$0,05 < p < 0,01$	Høg signifikans
$0,01 < p < 0,05$	Signifikans
$0,05 < p < 0,10$	Tendens
$p > 0,10$	Ikkje signifikant

Testen ANOVA samanliknar alle dei seks gruppene med kvarandre og finn signifikante forskjellar mellom ei eller fleire av gruppene for seks av dei sju variablane mine (altså ikkje for variabel 07)<sup>19</sup>. Dersom ein samanliknar dei tre aldersgruppene på dei to måletidspunkta, får ein signifikante<sup>20</sup> forskjellar mellom dei yngre i 1983 og dei yngre i 2009 for fem av dei sju (åtte) variablane. For mellomgruppa i 1983 og 2009 finn ein signifikant forskjell for variabel 1, men ikkje for dei andre variablane. Ein finn ingen signifikante forskjellar for nokon av dei sju variablane når ein samanliknar dei eldre i 1983 med dei eldre i 2009:

<sup>19</sup> Sjø vedlegg 11.(ANOVA).

<sup>20</sup> For signifikansverdiar, sjå vedlegg 12 (Tukey HSD).

**Tabell 5.36 Signifikans**

	yngre 1983 ≠ yngre 2009	mellom 1983 ≠ mellom 2009	eldre 1983 ≠ eldre 2009
V01	p≤0,001	p≤0,05	ikkje signifikant
V02	ikkje signifikant	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V03	p≤0,001	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V04st	tendens	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V05sv	p≤0,001	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V05	p≤0,001	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V06	p≤0,05	ikkje signifikant	ikkje signifikant
V07	ikkje signifikant	ikkje signifikant	ikkje signifikant

## 6. Drøfting av resultatata

Gjennom presentasjonen av resultatata har eg til dels svart på den første problemstillinga (sjå kapittel 1.3). Det skjer noko med språket i Øygarden, og det skjer hovudsakleg hjå dei unge informantane i 2009. Dei yngre formene veks fram i stor fart. Det språklege generasjonsskiljet mellom yngre-gruppa og mellom-gruppa i 2009 er langt større enn dei andre ein finn i materialet. Panelinformantane er med og underbyggjer dette. Hjå dei ser ein at dei held seg relativt stabile mellom dei to opptaksåra. Gjennom desse får ein òg eit anna perspektiv på det eg har vist mellom gruppene i trendgranskinga, og dei må sjåast ut frå eit livsfaseperspektiv. Panelinformantane kompletterer det biletet ein får på språkending i trendgranskinga. Der ser ein korleis språket endrar seg mellom årsklassane (men det er ikkje dei same informantane). Altså er ikkje yngre-gruppa i 1983 og 2009 den same, men dei er i same aldersfase i opptaksåret. Panelinformantane er i ulike aldersfasar dei to opptaksåra.

Nokre av dei formene eg kallar for yngre, vil eg definera som bergenske. Det kallar eg dei dersom dei ikkje finst i andre dialektar på Vestlandet.

Kapitlet er oppbygd slik at eg først diskuterer resultatata opp mot hypotesane mine. Deretter ser eg på ulike aktuelle årsaksforklaringar og drøftar resultatata med desse som utgangspunkt.

### 6.2 Resultata i høve til hypotesane

#### 6.2.1 Alder og opptaksår: hypotese nr. 2 og 3

Av resultatata har ein sett at variasjonen mellom aldersgruppene i dag er større enn han var i 1983, og at skilnaden mellom 1983 og 2009 er liten i dei eldste aldersgruppene, men at yngre-gruppa i 2009 på omtrent alle variablane har langt fleire yngre former. Det er berre denne aldersgruppa som har forandra seg. Som eg skriv i kapittel 2, har samfunnet Øygarden forandra seg mykje på dei 26 åra mellom 1983 og 2009, og kanskje spesielt etter 1986 då den siste brua kom. Det er berre dei som er i yngre-gruppa i dag, som har tileigna seg og utvikla språket sitt i det "nye" samfunnet. Alle andre informantar var vaksne på dette tidspunktet, og hadde tileigna og utvikla språket i ei langt meir stabil tid.

Når det gjeld mellom-gruppa i 2009, ser det ut som den har vore stabil gjennom livsfasane. Medlemmane der bruker omtrent like mange yngre former i 2009 som dei unge i 1983 gjorde. No er det altså tale om akkurat den same årsklassen. Det same kan ein seia om årsklasse III. Ser ein på desse resultatata, viser dei at det i denne gruppa også er svært jamne tal for dei to opptaksåra. I nokre variablar kan det sjå ut som dei bruker fleire eldre former i 2009

enn dei gjorde i 1983, men endringane er små samla sett, og det er derfor dristig å kalla dei for ei livsfaseendring. Likevel kan det vera slik at ein må sjå på dei eldre som dei som skal vidareføra det tradisjonelle strilemålet. Kombinerer ein det med utsegner frå den folkelingvistiske delen av intervjuet, så er det noko med dette biletet som ikkje heilt stemmer. Der uttalar jo dei fleste eldre at det ikkje gjer så mykje at ikkje alle snakkar tradisjonell dialekt. Likevel må eg her peika på at svært mange er negative til eldre og vaksne som ikkje held på dialekten. Det er hovudsakleg dei unge dei viser forståing for.

Det er lita endring i aldersgruppene frå opptaksår til opptaksår, og det er lita endring i årsklassane i ulike generasjonar. Denne påstanden underbyggjer òg panelgranskinga, som viser små endringar hjå den enkelte informant som har bevega seg mellom livsfasane.

Hypotesen er styrkt. Dei yngre i Øygarden i 2009 har fleire yngre former enn alle andre informantar, og strilemålet kan i stor grad delast i eldre (tradisjonell) og yngre stril (jf. diskusjonar i kapittel 6.3.4 og 6.3.6).

**Tabell 6.1      Tabell med resultat for årsklassane. Resultat i prosent og (belegg).**

	<b>Eldre former</b>	<b>Mellomformer</b>	<b>Yngre former</b>	<b>Sum</b>
<b>1890-1919 (årsklasse I)</b>	92,5 (878)	0,3 (3)	7,2 (68)	100,0
<b>1920-1949 (årsklasse II)</b>	91,1 (4072)	1,3 (60)	7,5 (337)	100,0
<b>1950-1979 (årsklasse III)</b>	83,6 (2486)	1,7 (51)	14,6 (435)	99,9
<b>1980-2009 (årsklasse IV)</b>	21,8 (263)	16,4 (198)	61,7 (744)	99,9

Denne tabellen viser same resultat som eg har vist i kapittel fem, men den er ein god illustrasjon på variasjonen mellom årsklassane. I resultatpresentasjonen har hovudvekta lagt på livsfaseresultat, men med denne tabellen vert det enklare å samanlikna dei ulike årsklassane uavhengig av opptaksår. Det er framleis ingen tvil om at det er årsklasse IV som er avvikarane frå det generelle mønstret i Øygarden. Det er litt variasjon mellom årsklasse III og I/II, men det er under 10 % som skil, og det kan derfor ikkje samanliknast med den enorme endringa ein ser i årsklasse IV. Det skal òg poengterast at skilnaden mellom 1983 og 2009 for årsklasse III, er jamt over like liten som skilnaden mellom opptaksåra i årsklassane I/II.

### **6.2.2 Opptaksår og lokalitet: hypotese nr. 5**

Sjølv om det viser seg i resultatata at det enkelte gonger er ein viss skilnad mellom nord og sør i kommunen, er det ikkje muleg å spora noko mønster i det. Enkelte gonger er det fleire yngre førekomstar i nord, andre gonger i sør. Det gjeld begge opptaksåra.

Dei fleste som flyttar til Øygarden, flyttar til søre delen av kommunen. Det er bakgrunnen for hypotesen, og ein skulle kunna førestella seg at det ville ha innverknad på språket. Barneskular og barnehagar finst det fleire av både nord og sør, og derfor ville det vore nærliggjande å tenkja seg at barn frå sør har meir omgang med innflyttarar enn barn frå nord. Likevel viser ikkje resultatata mine noko som kan underbyggja denne hypotesen, og han er derfor svekt.

Når det gjeld variabel 04 (felleskjønn, sterke substantiv), som viser eit noko spesielt resultat for yngre former i eldre-gruppa og mellom-gruppa i 1983, så kan ein her spora skilnad mellom nord og sør. Dei to mellom-gruppene er jamne mellom nord og sør, men eldre-gruppa i sør hadde heile 51,7 % førekomstar av yngre former mot eldre-gruppa i nord, som hadde 14 % yngre former. Det kan ikkje åleine styrka hypotesen, men det kan vera interessant å ta det med vidare.

### **6.2.3 Trend og panel: hypotese nr. 1**

Som ein har sett i resultatpresentasjonen, viser trendgranskinga språkending. Det er likevel ikkje slik at den generelle endringa uavhengig av aldersgruppe er så stor. Det var først når tabellen med aldersgruppene vart presentert, at ein såg tydeleg kva for gruppe som var den viktigaste for endringsprosenten. Det var dei unge i 2009. Dei eldre aldersgruppene begge opptaksår heldt seg stabile, noko som panelgranskinga underbyggjer. I panelgranskinga ser ein at det er svært liten skilnad mellom opptaksåra. Resultata mine styrkjer derfor delvis denne hypotesen. Trendgranskinga viser større skilnader mellom opptaksåra enn panelgranskinga. Når alt kjem til alt, er det ikkje før ein tar med aldersvariabelen at skilnaden er spesielt stor.

### **6.2.4 Kjønn: hypotese nr. 4**

Hypotesen om at eg ikkje trur det er nokon skilnad mellom kjønna, vert styrkt. Resultata viser at det er svært småe differansar mellom menn og kvinner. Eg kjem ikkje til å vektleggja kjønn vidare i drøftinga, men tabell over resultatata er vedlegg nr. 9.

### **6.2.5 Oppsummering**

Resultata sett opp mot dei andre hypotesane viser at dei fleste er styrkte. Variasjon og endring. Kort oppsummert ser ein at dei yngre i 2009 har langt fleire førekomstar av yngre former enn nokon av dei andre gruppene. Det ser ut til at strilemålet kan delast i yngre og eldre stril, men at dette endå ikkje er ”etablert.” Skiljet går mellom årsklasse IV (dei unge i 2009) og resten. Ei følgje av dette er naturleg nok at trendgranskinga i større grad enn panelgranskinga viser språkendring. Mellom nord og sør er forskjellane små og varierende, så denne hypotesen kan ein ikkje seia er styrkt. No når dette er på plass (jf. problemstilling 1, kapittel 1.3), er det på tide å finna ut noko om korfor det er slik (jf. problemstilling 2, kapittel 1.3). Korleis kan ein forklara dei resultata som er presenterte?

## **6.3 Årsaksforklaringar**

### **6.3.1 Innleiing**

I eit sosiologisk perspektiv har ein no sett på tilstandar og forskjellar i form av mønster og korleis desse endrar seg over tid. Ein har sett på samanhengar og korleis desse verkar inn på kvarandre. Altså kva av dei språklege og sosiale variablane som korrelerer. Til dømes ser det ut til at låg alder samsvarar med høg prosent av yngre former. No er det årsakene som står for tur, og eg skal prøva å diskutera meg fram ei forklaring på korleis desse mønstra vert danna, og korleis samanhengar oppstår. (Schiefløe 2003:122f.)

### **6.3.2 Indre årsaker: Forenkling**

Årsakene til språkendring kan òg vera i språket sjølv. Som vist i teorikapitlet i denne oppgåva er det ei kjend sak at når fleire varietetar møtest, fører det ofte til grammatisk forenkling. Når eit barn lærer språk, må det systematisera det frå grunnen av for å utvikla sin personlege grammatiske kompetanse. Grammatiske reglar er generaliseringar over det som er akseptabel språkbruk, og barn lærer dei enklaste generaliseringane først (jf. 3.4.1). Dermed ligg det ei drivkraft i språket sjølv. Forenkling i generaliseringane kan altså vera med på å forklara overgangen til yngre former.

Det er ikkje enkelt å dra eit klart skilje mellom indre og ytre faktorar for språkendring. Eg trur at dei heng tett saman, men i dette underkapitlet vil eg først og fremst konsentrera meg om dei indre. På sett og vis skjer jo alle språkendingar både innanfrå og utanfrå, men ikkje alle i kraft av språket sjølv. Likevel meiner eg at språket sjølv alltid spelar ei viss rolle, for

som Sandøy (1996:130) skriv, så har eit levande språk ein kime i seg til forandring. Det vil seia at ein må sjå på språkending som noko vedvarande. Språket er mottakeleg for endringar, men noko må utløysa det. Utløysinga skjer ved at ein bruker språket i interaksjon med andre. Så kan det skje endringar i språkbruken. Då vil desse igjen verta tatt med ut i det sosiale rommet språkbrukaren opererer i, verta nye språknormer, og såleis vert dei (kanskje) spreidde til andre. Papazian (2007) drøftar indre og ytre faktorar til språkending. Han skriv at det tidlegare var vanleg å sjå det slik at det eine utelukka det andre, men at det i seinare tid har vorte meir vanleg å sjå på det slik at språkendingar kan ha både indre og ytre forklaringar. Dei indre faktorane er dels språkssystemet og dels menneskenaturen, men dei kan ikkje forklara korfor språkendinga skjer akkurat der og då. Læringsvanskane er dei same for kvar generasjon, og dermed forklarar ikkje dei tidspunktet for at innovasjonane spreier seg og vert til endring. Då må ein gå til ytre faktorar for å prøva å finna forklaringa. (Papazian 2007:166f.)

I ei drøfting av mulege årsaker er det teneleg å skilja mellom dei to typane årsaksforklaringar. Derfor skal eg først sjå på dei indre faktorane. Eg tar føre meg variabel for variabel, og ser i kva grad dei nye variantane kan seiast å vera forenklingar<sup>21</sup>.

Variabel 01 (Ò>Ø>Å) fører til at det vert færre vokalar i språkssystemet, noko som gjerne vert oppfatta som ein forenklingstendens. Norsk språk (spesielt dialektane) har mange vokalar i forhold til kva som er vanleg i verda, noko som fører til ein ”overkapasitet” ved at ikkje alle vokalfonema har stor funksjonell tyngd (jf.3.4.1). At Ò vert til Å, fører ikkje til mange ordsamanfall. (Munnleg opplysning, Helge Sandøy 2010.) Her har det skjedd ei stor omlegging. Resultata viser at årsklasse IV (yngre-gruppa i 2009) har 0,8 % av Ò-forma, medan alle dei andre årsklassane har fleire førekomstar av denne forma enn dei andre formene.

I variabel 02 (DN>NN>RN) representerer DN>RN ei forenkling ved at ein slepp den fonologiske regelen som finst i tradisjonelt strilemål om at DN skal forenklast til NN når det kjem annan konsonant etterpå. Når det gjeld DN som vert til RN, kan ein ikkje tala om forenkling. Her må ytre press seiast å vera viktigare. (Munnleg opplysning, Helge Sandøy 2010.) Førekomstane av DN ligg på mellom 50 % og 80 % i alle årsklassar utanom årsklasse IV. Der er det 0 % førekomstar av DN. Det er ikkje forenklinga NN som er mest utbreidd, men den yngre forma RN. Det er generelt svært få førekomstar av NN.

---

<sup>21</sup> Referanse for store delar av underkapitlet er Sandøy (1985:230.267).

Avpalatalisering fører til at ein komplisert palataliseringsregel fell vekk, og dette må i stor grad seiast å vera forenkling. Det ser ut til at det er ein avpalataliseringsprosess i gang i Øygarden. Berre 6,3 % av førekomstane i årsklasse IV er palatale, medan dei fleste førekomstane i dei andre klassane er det.

Dei sterke og dei svake substantiva som får felleskjønn, representerer òg ei forenkling. Det er kort og godt samanfall av to formelle kategoriar, som ikkje fører til noka innhaldsendring eller samanfall i innhald. Her er òg den yngre forma –EN hyppigare i årsklasse IV enn i dei andre klassane, men eldre-gruppa og mellom-gruppa i 1983 hadde fleire førekomstar av den yngre forma enn eldre- og mellom-gruppa i 2009.

For variabel 05 (*kasta>kaste>kastar*) representerer –e òg eit kategorisamanfall ved at ending vert som i til dømes dømme-klassen. Ein får éi presensending i svake verb. Formelt sett er det to kategoriar, men no kan det sjå ut til at dei fell saman til éin. Forutan å vera ei forenkling aukar det funksjonaliteten. Det skapar ein skilnad mellom presens og preteritum, som er dei to finitte formene i språket vårt. *Kasta* i begge dei to finitte formene – slik det er i tradisjonelt strilemål – er eigentleg eit svakt punkt funksjonelt sett. –AR-endinga kan derimot ikkje forklarast innanfrå. Det har med ytre påverknad å gjera. Det er berre årsklasse IV som har førekomstar av –AR. Likevel er det –E det er mest av i den årsklassen. Heile 70 % av førekomstane på denne variabelen er mellomforma og forenklinga –E. Dei andre årsklassane har stort sett ingen skilnad, og det gjeld òg for variabel 06 og 07.

Variabel 06 (*kasta>kastet*) kan ikkje forklarast internlingvistisk. Her er det utelukkande tale om ytre påverknader. Den yngre forma –ET står for 23,3 % av førekomstane hjå ungdom i 2009. Den eldre forma står altså sterkast i ungdomsgruppa.

Det som gjeld V07 (infinitivsending). Her er det heller ikkje tale om forenkling. 38,5 % av førekomstane i årsklasse IV var den yngre forma –E.

Altså kan ein seia at fire av dei sju variablane (V01, V03, V04, V05) kan forklarast eller delforklarast internlingvistisk.

### **6.3.3 Ytre påverknader**

#### **6.3.3.1 Språkhaldningar**

Tore Kristiansen meiner at det er dei undermedvitne språkhaldningane som styrer språkendringa fordi resultat frå Danmark viser at der er det slik (til dømes Kristiansen 1996). Der viser det seg eit hierarki med københavnsk på topp. Språkendringa i Danmark går i

retning av københavnsk. Viss dette skulle gjelda for Øygarden og Noreg, skulle ein sett at det var austlandsk som spreidde seg i Øygarden.

Tabellen under viser resultatata frå masketesten i Øygarden (jf. 4.13).

**Figur 6.1** Rangering av stemmene i masketesten i Øygarden - samla for alle gruppene.

Rangering	Samla resultat, Øygarden
1	Austlandsk
2	Bergen høg
3	Bergen låg
4	Stril yngre
5	Stril eldre

(Aasmundseth 2010)

**Figur 6.2** Rangering av stemmene i masketesten i Øygarden – etter respondentgrupper.

Rangering	Elevar	Lærarar	Pensjonistar <sup>22</sup>
1	Austlandsk	Austlandsk	Stril yngre
2	Bergen høg	Bergen høg	Stril eldre
3	Bergen låg	Stril eldre	Austlandsk
4	Stril yngre	Bergen låg	Bergen låg
5	Stril eldre	Stril yngre	Bergen høg

(Aasmundseth 2010)

Som ein ser, er austlandsk på topp hjå både elevane og lærarane. Som resultatata viser, er det hovudsakleg dei unge som endrar språket, og derfor er det den som er mest interessant. Ein skulle altså ut frå dette tru at det var austlandske språkdrag som spreier seg i Øygarden, men slik er det ikkje. Dei nye språkdraga kan stort sett koma frå kor som helst i landet, og det danske mønstret ser såleis ikkje ut til å vera brukande på norsk utvikling. Bergensk må derimot tillegkast ei vekt.

Det som skjer i Øygarden, ville vore enklare å forklara med alt som kjem under førsteplassen, bortsett frå høgbergensk. Det er ingen enkeltvariabel som eintydig tyder på påverknad frå austlandet, så det kan ikkje bevisast at austlandsk påverkar (jf. figur 6.3). Det er

<sup>22</sup> Det var svært få pensjonistar som fylte ut skjema. Derfor vert ikkje det kommentert vidare.

heller ikkje råd å påvisa at det er den høgare bergensvarieteteten som påverkar. Dersom ein skal lokalisera språkdraga på nokon måte, er det nærmaste ein kjem, bergensk gatespråk (Bergen låg). For å underbyggja dette kan ein sjå på nokre av språkdraga. *Kasta* som vert til *kastar* fell saman med gatespråket i Bergen. I det som er omtala som høgbergensk, heiter det *kaster*. Infinitivsending og avpalatalisering kan vera austlandsk, men det kan òg vera bergensk. Dette er trekk som dominerer i heile Noreg, og som ein finn over alt. Preteritum og perfektum partisipp, som vert til *kastet*, kan koma i frå høgare austlandstalemål, men det kan òg koma frå bergensk gatespråk eller høgare talemål. Felleskjønn for substantiv kan gjerne vera frognermål, men det er meir sannsynleg at det er bergensk. I dag er det ein del hokjønnsord endåtil i fint bokmål, medan bergensk ikkje har hokjønnsord i det heile. Dette trekket kjem derfor mest truleg frå bergensk.

Bergen, regionscenteret, ser altså ut til å vera meir aktuell som påverknadskraft enn det nasjonale sentret (og då talar eg om gatespråket i regionscenteret). Det tyder på at det anten er lågbergensk, bergensk generelt eller Noreg generelt som påverkar språket i Øygarden.

Ein kan òg snu på flisa og spørja seg om ikkje ein like gjerne kan seia at den konkrete språkbruken og språkendinga kan vera med og påverka haldningane? Det er jo slik at dei varietetane ein er utsett for og høyrer ofte, vil ein akseptera i stor grad. Og det kan kanskje vera med og forklara at til dømes austlandsk kjem svært høgt opp i dei fleste resultatata frå dialektmasketesten i Øygarden. For ein høyrer jo den dialekten i radio og fjernsyn kvar dag, men det betyr ikkje at ein legg om til austlandsk av den grunn.

Sjølve haldningane skal eg ikkje gå nærmare inn på her. Det gjer oppgåva til Aasmundseth (2010), som utelukkande handlar om språkhaldningar. At både bevisste og underbevisste språkhaldningar kan vera ein forklaringsfaktor når det gjeld faktisk språkbruk, skal ikkje eg utelukka. Men det fell utafør området for denne oppgåva.

### **6.3.3.2 Kontakt og språksamfunn**

Det finst mange typar kontakt. Ein har den direkte og konkrete kontakten, som til dømes at folk flyttar, men ein kan òg ha ei meir vag form for kontakt. Mykje av det eg meiner med vag kontakt, har vorte viktigare og viktigare i den seinare tid. Til dømes er media viktige, skriftmålet og sosiale medium. Det er ikkje berre den direkte kontaktflata som har vorte større. Dei siste åra har sosiale medium vorte svært utbreidde. Det er nettsamfunn (som til dømes Facebook og andre chattesider) der ungdom (og vaksne) kan snakka med kvarandre. Eit kjent fenomen er at den skriftlege kommunikasjonen i slike nettsamfunn føregår på eit

talemålsnært skriftspråk. Her møtest menneske frå heile landet (og gjerne verda). Mange ungdomar bruker ein del timar framføre datamaskina, og eg vil tru at dette er ei muleg påverknadskjelde. Ein får nye impulsar, og det vert vel ein slags kontakt når mange ulike dialektar møtest, sjølv om det ikkje er ansikt til ansikt.

Media spelar ei viktig rolle i samfunnet vårt. Aviser, nettaviser, radio, nettradio, fjernsyn og nettfjernsyn vert dei aller fleste eksponerte for kvar dag. I lokalavisa i Øygarden, Vestnytt, får journalistane sjølve velja om dei vil skriva nynorsk eller bokmål. Avisa har til saman sju journalistar. Av desse nyttar fem nynorsk og to bokmål. Forutan Vestnytt abonnerer dei fleste på Vestlandet på Bergens Tidende, som er ei regionsavis med Hordaland og delar av Sogn og Fjordane som hovudområde. Der er det òg valfritt for journalistane om dei vil skriva nynorsk eller bokmål, men sidan 1990 har nynorskprosenten lagt på mellom 7 % og 10 %. Det er altså overvekt av bokmål. (Nordvik 2010.)

Eg kan vanskeleg seia noko om i kva grad aviser og skriftmål spelar inn på språkbruken. Det har ikkje vore eit mål, men det kan vera ein påverknadsfaktor som må takast med for å få eit fullstendig bilete av dei ulike årsaksforklaringane. Utan å avvise det heilt trur eg intuitivt ikkje at det spelar så stor rolle, fordi eg har meir trua på kontakt heller enn einvegskommunikasjon.

Eg trur i all hovudsak at fjernsyn påverkar haldningane våre heller enn språkbruken (om haldninga igjen kan forklara språkbruk, er ein annan diskusjon, jf. 6.3.3.1). Ein vert meir akseptierende til varietetar som ein vert utsett for ofte. Det trur eg nok kan ha vore utslagsgivande i til dømes masketesten (sjå Aasmundseth 2010), men eg stiller meg tvilande til at det direkte påverkar språkbruken. I så tilfelle måtte det vera ord som er framande for individet som bruker dei, og som fører til at dersom det skal seiast, så vert det sagt slik som ein har høyrte det. Eg trur at i forhold til kommunikasjon (direkte og indirekte kontakt) så er dette mindre viktig. Det er i samspelet med andre at føresetnaden for språkleg endring og variasjon ligg. Derfor vil eg ikkje avvise at desse nettsamfunna kan vera ein påverknadsfaktor, men det vert vanskeleg for meg å seia noko om i kva grad andre medium påverkar språket vårt.

I kapittel 3.4.2.3.3 om språksamfunn viser eg korfor eg vil kalla Øygarden eit meir ope og diffust språksamfunn i dag enn i tida før 1986. Eit resultat av eit meir diffust språksamfunn er at det er langt meir heterogent og har fleire ulike språknormer. Det er ikkje lenger slik i Øygarden at den tradisjonelle dialekten vert følgd fullt ut av alle. Likevel har dei fleste, både gamal og ung, ei klar meining om kva som er den tradisjonelle dialekten. Gjennom nokre folkelingvistiske spørsmål i intervjuet kjem det fram at storparten av ungdomane synest det er

dumt at ikkje alle snakkar tradisjonell dialekt, medan dei aller fleste vaksne og eldre synest det er heilt greitt. Dei seier at språket forandrar seg, og det kjem det alltid til å gjera. I tillegg peikar mange av informantane på andre ting enn språket som har forandra seg. Dei fortel om eit heilt anna samfunn med ein heilt anna kultur. Det er klart at når eit (språk)samfunn endrar seg så fort, vil normsetta òg endra seg fort. Og innovatørane er dei som lærte å snakka etter at dei store demografiske omkalfatringane var godt i gang.

Ungdomane i Øygarden har gått i barnehage og på skule med barn frå andre stader enn Øygarden, og hovudsakleg Bergen. Det fører til ei slags språkleg smeltegryte innafor barnehageportane, og tilpassing og gjensidig påverknad er naturlege utfall av det. Som eg skriv i kapittel 3.4.2.1.1.3 om alder og tilpassing, er det slik at barn bruker den dialekten som venene bruker, ikkje den som foreldra bruker. (Trudgill 1986:31). Då er det slett ikkje unaturleg at ein ser den utviklinga ein gjer i Øygarden, i og med at det hovudsakleg er folk mellom 25 og 45 år som flyttar inn i kommunen (jf. 2.2). Eg går ut ifrå at mange av desse er familiar med barn eller folk som vil starta familie. At barn tar språket til venene, gjeld hovudsakleg i heterogene språksamfunn. I meir homogene språksamfunn vil ofte ein av, eller begge, foreldra ha same dialekten som vert snakka elles i samfunnet, og barna vert utsett for det same talemålet både heime og ute. Og årsklasse III (fødde 1950-1979) er ei stabil gruppe i Øygarden, noko som kan vera med og underbyggja at det tidlegare var eit meir homogent språksamfunn. Det talemålet barna fekk høyra i heimen, var det same som læraren, venene og andre vaksne snakka.

Når nye normer kjem inn i eit språksamfunn, får det som tidlegare var den internaliserte norma i Øygarden, konkurranse. Norma for alle gruppene i språksamfunnet Øygarden er ikkje lenger åleine om å vera verkeleg. I kapittel 5 viser resultata at det nye mønstret som utviklar seg, avvik frå det tradisjonelle talemålet som alle årsklassar utanom den yngste har. Og det betyr at det må ha skjedd noko. Nye språknormer<sup>23</sup> har vorte internaliserte hjå dei unge i Øygarden i dag (dei som er fødde etter 1980) gjennom dageleg interaksjon mellom individ. Eg trur at dei vaksne og eldre har akseptert og godtatt at det har kome nye språknormer inn i deira kultur og samfunn. Det verkar som det er akseptert at dei eksisterer i kraft av seg sjølve. Alle informantane er svært bevisste på at talemålet endrar seg, og alle har ei meining om korfor. Det er på grunn av innflyttarborn som går saman med barn frå Øygarden som skal læra seg å snakka. Eg vil seia at Øygarden har kome til objektiviseringsfasen, men ikkje lenger. Dei veit om og aksepterer den nye språkrøynda, men dei nye normene er berre internaliserte hjå

---

<sup>23</sup> Eg konsentrerer meg av opplagde grunnar om språknormer i denne oppgåva.

dei unge. For dei er det sjølvsagt at det er slik. Dei merkar at dei eldre i kommunen snakkar meir tradisjonelt, men dei har ikkje opplevd noko anna. Dei nye normene er derfor ei sjølvsagt sanning for dei. Dei er oppvaksne med at det er slik, og det er derfor ikkje noko rart eller unaturleg med at dei følgjer dei normene som er i det samfunnet dei veks opp i. Dette viser seg, som me har sett i kapittel 5, tydeleg i språkbruken.

No skal ikkje eg påstå at det berre er strilebarna som har fått ein annan dialekt enn den tradisjonelle dialekten på heimstaden. Det kan like gjerne vera slik at barn frå til dømes Bergen har fått eit mindre bergensk talemål av å bu i Øygarden, men det er spenningsfeltet mellom dei ulike varietetane som er interessant her. Og det er jo ikkje slik at alle ungdomar i Øygarden snakkar bergensk. Talemålet til dei unge i kommunen er akkurat no nokså heterogent og vanskeleg å definera, men at det ikkje kan kallast tradisjonell øygardsdialekt, trur eg ein kan fastslå.

Pendlingsmønsteret for sysselsette i Øygarden har òg endra seg mykje på dei åra som har gått etter brua. Kontaktflata for mange av dei som bur i Øygarden, er endra. Likevel ser ikkje dette ut til å ha hatt nokon stor innverknad på språkbruken. Det er hovudsakleg årsklassane II og III som er råka av det nye mønstret, og som har arbeid andre stader enn i Øygarden. Resultata frå desse gruppene viser minimale endringar i språket mellom dei to opptaksåra, noko som tyder på at denne kontakten ikkje har hatt den effekten at det har ført til språkendring.

I enkelte av dei eldre og vaksne gruppene ser ein derimot at noko av det som faktisk har endra seg, er at det i enkelte tilfelle har vorte meir eldre former i 2009 enn det var i 1983. Det kan òg vera på grunn av dei store endringane som har skjedd i kommunen, men på ein annan måte. Det kan ha ført til at dei vaksne og eldre ser det som ekstra viktig å halda på strilemålet. Tidlegare var forholdet mellom bergensar og stril slik at strilane var stigmatiserte, litt undertrykte. No er det ikkje slik. Dei fleste i øygarden gir uttrykk for å vera stolte av at dei er strilar. Det kan vera ein medverkande faktor til at det vert ekstra viktig for strilar å halda fast på strileidentiteten sin. Det verkar på informantane som dei vil unngå å verta tatt for å vera bergensar. Strileidentiteten kan ha vorte viktigare for øygardsfolket etter at det kom eit innrykk med innflyttarar og kontakten med Bergen vart langt større enn han har vore tidlegare.

### **6.3.3.3 Tilpassing og nivellering**

Når språk og menneske møtest på den måten som dei no gjer i Øygarden, vil det vera gode vilkår for tilpassingar som kan føra til variasjon eller språkending. Dette gjeld hovudsakleg dei unge, då det er hjå dei ein kan sjå eit nytt mønster. Som eg har skrive i avsnittet over, kan det vera at noko av dette handlar om identitet (sjå kapittel 6.3.3.4 for vidare drøfting av dette). Det er ikkje utenkjeleg at dei unge i Øygarden identifiserer seg meir med tilflyttarane og storbyen Bergen. Det same gjeld hin vegen, slik at dei eldre og vaksne ikkje identifiserer seg med dei nye tilflyttarane. Dei eldre og vaksne har i enkelte tilfelle fleire eldre former i 2009. For dei vaksne vert det då tale om divergens mot bergensk, medan det er konvergens som er aktuelt for dei yngre. Det er vanskeleg å påvisa noko om dette, for dreg ein inn omgrepet nivellering, så synest eg det eignar seg vel så bra. Når bergensk og strilemål møtest, er det nærliggjande å tru at det må skje ein reduksjon i talet på markerte former. Det går mest ut over den tradisjonelle striledialekten. Men det er slett ikkje slik at alle dei yngre formene utelukkande er bergensformer. Fleire av dei er meir allmenne i Hordaland og Noreg. Mange av dei yngre formene er det eg vil kalla for mindre markerte former, både når det gjeld bergensk og øygardsk. Derfor er det heller ikkje sikkert at det er bergensk som ”overtar”, slik mange gjerne snakkar om. Det kan like godt enda opp med eit talemål som ligg ein stad mellom stril og bergensk, der dei mest markerte formene frå kvart av talemåla er vekke (jf. 3.5).

I ein regionaliseringsprosess (jf. 3.7) er det ofte tale om at byen dominerer og påverkar bygdene rundt. Likevel viser til dømes Helge Omdal (1994:225) si gransking at det ikkje er slik for setesdølar som flyttar til Kristiansand. Han peikar heller på ei nivellering av språket, slik at språktrekka som spreier seg, er regionalt og nasjonalt utbreidde språktrekk, noko resultata frå Øygarden er med og byggjer opp under. Språktrekk som er ein del av det allmennorske talemålet, har langt fleire prosent yngre former hjå ungdom i Øygarden i dag enn språktrekk som er typisk bergenske (sjå 6.3.4).

### **6.3.3.4 Identitet**

I og med at ein ser at nye trekk spreier seg både nord og sør, er det ikkje usannsynleg at identitetsomgrepet kan koma til nytte her. Språksamfunnet har endra seg, og ungdomar søker gjerne det meir urbane for å passa inn i mengda, og for å ikkje gjera avstanden til Bergen

større enn han er. Trass i at storparten av ungdomane har tillagt seg mange av dei yngre formene, spelar dei aller fleste at dei synest det er dumt at strilemålet vert utvatna. Tittelen på denne oppgåva illustrerer det fint: ”Da hadde vært kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år.” Likevel er det ikkje dette språkutviklinga gjenspeglar. Som eg nemner i kapittel 3.4.2.2 om identitet, er det slik at Øygarden som språksamfunn har fått fleire grupper ein kan identifisera seg med. Dei nye sosiale gruppene og mønstra gjer at det for dei unge vert meir å velja mellom – fleire alternativ å identifisera seg med. Den tradisjonelle strileidentiteten er ikkje berre forbunden med språk, men òg med klede, bondekultur osb. Og eg vil tru at ungdomar i dag er opptatt av å følgja med på det som skjer i samfunnet elles. Dei følgjer motar og nye trendar som oppstår, og korfor skulle det ikkje vera slik med språket òg? Det er slik at ein kan seia ein ting og vera stolt av det, men det er likevel ikkje noka oppskrift for handling. Skiljet mellom rapporterte oppfatningar og handlingsmønster er ofte ulikt. Eg trur nok at øygardsungdomen er stolt av å vera frå Øygarden og stolt av å vera strilar, men det finst ei mulegheit for at det likevel ikkje kjem til uttrykk gjennom til dømes faktisk språkbruk. Det er gjerne ikkje bevisste val, men ein kunne tenkja seg at påverknad gjennom kontakt (som eg skriv om over) kan føra til at språket si naturlege utvikling er at det vert fleire mindre markerte former (det gjeld òg dei bergenske formene. Sjå kapittel 6.3.3.3). For mange ungdomar er det å passa inn og ikkje skilja seg ut på nokon måte viktig. Det gjeld ikkje berre klede og frisyre, men òg språk. I tillegg til det som skjer når ulike varietetar møter kvarandre, kunne ein òg sjå føre seg at dette kan vera ein viktig faktor. For er ein litt vaken på kva som skjer i samfunnet, får ein med seg at det i veldig mange tilfelle er viktigast å passa inn. Det kan gjerne vera i ulike grupper med ulike stilar, men å passa inn i den fellesskapen ein vil høyra til i, er det viktigaste. Eg trur at for mange er ikkje det noka spesiell gruppe, men det handlar om å vera ”normal” og skli rett inn i den store massen med folk utan å verta lagt særleg merke til.

For dei eldre i Øygarden er mønstret noko annleis. Ein må sjølvsgt ta med i resonnementet at språkending skjer langt seinare med vaksne folk som har lært å snakka og tileigna seg ein dialekt.

### **6.3.3.5 Dominans**

Det kan altså verka som dei vaksne og eldre i Øygarden i nokon grad er opptekne av å vera tradisjonsberarar. Som nemnt er det i enkelte tilfelle slik at dei har fleire eldre former i 2009 enn i 1983. Slik eg legg det fram i kapittel 3.4.2.3.4, er det allment kjent at Bergen sosialt,

kulturelt og økonomisk dominerer over Øygarden. Det kjem mange tilflyttarar frå Bergen, og ein kan sjå på det dei har med seg som noko øygardsfolket kan ta imot på ulike måtar. Strilesamfunnet var stigmatisert tidlegare, og bergensarar og strilar hadde til tider eit anstrengt forhold. Eg vil tru at noko av dette heng igjen, og at strilane ikkje ville ta imot dei nye impulsane til samfunnet sitt med opne armar. Det ville vore svært merkverdig om vaksne og eldre i Øygarden endra talemålet sitt på grunn av denne dominanssituasjonen, men det er likevel eit faktum at språkdrag med låg prestisje i ein del tilfelle må vika for språkdrag med høgare prestisje (jf. 3.4.2.3 og 3.4.2.5). Og det talemålet som har høgast prestisje i denne situasjonen, er vel bergensk. Tradisjonelt sett har prestisje hatt noko å bety for språket, og ser ein på resultatet av masketestane, viser den bevisste delen at folk i Øygarden trur at andre vurderer deira dialekt lågt, medan dei sjølve vurderer han høgt. Den underbevisste delen viser derimot at øygardsfolket vurderer austlandsk og penbergensk svært høgt. Dette vil eg, som tidlegare nemnt, ikkje drøfta her, då det vert skrive ei eiga masteroppgåve om masketestane i Øygarden (jf. 6.3.3.1). Eg meiner at Øygarden no går inn i rekkja som indikasjon på at språkdrag med høg prestisje ikkje alltid vinn fram. Sjølv om det tradisjonelt sett er slik at det høgare talemålet i byane er det som har høgast prestisje, finst det ein skala imellom. I denne situasjonen må gatebergensk seiast å ha høgare prestisje enn strilemålet. Då skulle ein tru at det ville vera naturleg å tolka resultata mine som ei form for gatebergensk (jf. –AR i V05). Men eg meiner at det generelt ikkje er det som er omtala som gatespråk, som vinn fram. Ein kan ikkje seia noko om det før det har gått nokre år, og før ein kanskje kan tala om ei faktisk språkending (jf. 6.3.3.6).

I intervju mine seier mange av informantane at dei ikkje synest det gjer noko at ungdomane ikkje snakkar tradisjonell striledialekt, men det kjem tydeleg fram at det er noko anna for vaksne og eldre. Dei fleste uttalar at det ikkje er greitt med vaksne og eldre som endrar på språket sitt og gjer det ”finare”. Altså er dei vaksne både opne for at språkending er naturleg, men dei er ikkje opne for at folk som lærte å snakka stril i det homogene språksamfunnet, no begynner å endra på talemålet. Slik er det heller ikkje teikn til at det er i Øygarden.

### **6.3.3.6 Variasjon og endring**

I denne oppgåva har eg til tider vore borti to ulike fenomen. Desse er variasjon og endring. Ein seier gjerne at langtidstilpassing er det som fører til språkending. På bakgrunn av påstanden min om at det slett ikkje er sikkert at bergensk overtar (jf. 6.3.3.3), vil eg her

presentera ei anna muleg forklaring. Det er ikkje slik at det eg viser i denne oppgåva, er det endelege resultatet av noka språkending. Eg kjem inn og undersøker språket tidleg i endringsprosessen, og derfor kan ikkje eg fastslå at det i dette tilfellet er tale om langtidstilpassing. Tala som viser at dei vaksne og eldre held striledialekten stabil, er solide og tydelege, men det er òg tala som viser at dei yngre har eit språk som er langt rikare på yngre former. Å dra ei slutning om at dette er språkending, er likevel for enkelt. Språkending vil alltid føregå i ulike fasar, men eg kan ikkje på bakgrunn av mine funn i Øygarden seia at der har det skjedd ei språkending. Dei yngre formene har berre så vidt fått fotfeste hjå ungdomen, og det er ikkje slik at denne språkendinga no har stansa. Eg trur at det fenomenet ein ser i Øygarden, framleis er variasjon. På alle variablane (bortsett frå palatalisering og differensiasjon) er det alltid førekomstar av eldre former mellom ungdomane. Og dei variablane som har variantar som er markerte bergensstrekk, viser at unge slett ikkje har like mange yngre former her som dei har på mindre markerte yngre variantar.

Ein kunne tenkja seg at bergensvariantane hadde fleire førekomstar sør i kommunen enn nord. Men det er ikkje råd å finna noko mønster som viser det. Variantane av dei ulike variablane ligg ganske likt både i nord og sør, og det er ingenting som tyder på at det til dømes er fleire bergensvariantar i sør enn i nord. Dette slår meg som litt merkeleg. Ein skulle tru, viss kontakt er ei medverkande årsak, at det skulle gå an å sjå eit mønster som viste at det er fleire yngre former i sør (i årsklasse IV) enn i nord. For når tilflyttarane til Øygarden hovudsakleg kjem til områda sør i kommunen og går på skule og i barnehage der, skulle ein tru at desse fortare ville plukka opp dei nye trekka. Mot dette kan ein argumentera med det som eg sjølv har lagt til grunn for å definera språksamfunnet, nemleg at dei har felles lag og organisasjonar og dermed vil verta ”blanda”. Eg meiner at når dette er viktig for definisjonen av språksamfunnet, er det òg viktig å ha med her. Likevel er det slik at i barnehagen og på skulen bruker barna svært mykje av si vakne tid. På symjetrening eller korpsøving er dei gjerne eit par timar nokre kveldar for veka. Sjølv om det absolutt er interaksjon og noko som gjer at samhaldet innover i kommunen vert styrkt, så vil eg anta at den språklege påverknaden vil vera langt større i den daglege interaksjonen enn på desse samlingane. Eit anna aspekt ved dette er at barn får seg vener, og dei kan dei like gjerne få på trening som på skulen. Eg veit ikkje meir om dette enn det eg kan tenkja meg til, og ifølgje resultatata er ikkje dette nord/sør-biletet så svart/kvitt som eg hadde førestelt meg i utgangspunktet.

### **6.3.3.7 Ein spesiell variabel: V04**

Variabel 04 og dei sterke substantiva samsvarar ikkje med mønstret for resten av variablane. I 1983 var det i eldre-gruppene høge prosenttal for førekomstar av yngre former. Det var stor skilnad mellom nord og sør i 1983. I sør var førekomstalet på yngre former heile 51,7 %, medan det i nord var 14 %. Dette slår meg som litt rart. Eg har til no bygd resonnementet mitt om at eg forventar skilnad på alle innflyttarane som er komne til sørsida. Men dette var i 1983, og då var ikkje tilflyttinga til Øygarden spesielt stor. Altså må det vera andre forklaringar på dette fenomenet. Som eg skriv i kapittel 5.5, er det ikkje enkelt å forstå korfor det er slik, men eg kjenner att trekka frå min eigen heimkommune, Radøy. Kanskje er det ein stilistisk variant som var vanlegare eller meir utbreidd tidlegare (jf. 3.4.2.1)? Det er allment kjent at dialektane i dag har langt større aksept enn før, og det gir oss ei naturleg forklaring på korfor det er langt mindre førekomstar av den yngre forma mellom eldre i dag. I tillegg har strilane alltid vore stigmatiserte, og når det då kom ein intervjuar med talemål frå Bergen, er det kanskje ikkje så rart at dei kan ha endra litt på talemålet.

Ein kan sjå spor av det same hjå årsklasse II, som var mellom-gruppa i 1983. Der er 19,8 % av førekomstane i 1983 den yngre forme –ET mot 7,1 % i 2009 hjå den same årsklassen. I denne gruppa er førekomstane mykje meir jamt fordelte mellom nord og sør, men sør har nesten 2 % fleire førekomstar.

For å komplettera dette biletet må ein gå til panelgranskinga og sjå på dei enkeltinformantane som er med både i 1983 og 2009. Informant 3 (kapittel 5.6.3) passar inn i mønstret som trendgranskinga viser. Han hadde 12,5 % yngre former i 1983 mot 0 % yngre former i 2009. Her skal det seiast at det var få belegg på sterke substantiv i 1983, og berre eitt av dei var yngre form. Derfor kan prosenttala her lura oss litt. Informant 4 (jf. 5.6.4) viser motsett mønster. Ho hadde 0 % yngre former i 1983 mot 11,1 % yngre former i 2009. Det som er viktig å merka seg her, er at det er berre to belegg som har yngre former i 2009, og reliabiliteten er derfor ikkje så høg. I tillegg var det totale talet på belegg i 1983 berre 3. På grunn av så få belegg vil eg ikkje leggja for mykje i desse resultata. Tre belegg totalt er for lite til å kunna seia noko sikkert om språket til informanten.

### **6.3.3.8 Livsfasespråk og språkending**

I resultatkapitlet mitt har eg presentert resultata med vekt på livsfaseending. Eg har sett opp tabellane slik at ein får samanlikna yngre-gruppa i 2009 med både mellom- og yngre-gruppa i 1983 osv. Då kan ein lesa ut livsfaseendingar frå det, for yngre-gruppa i 1983 vil vera komne

i mellom-fasen i 2009. Resultata mine viser at livsfaseendring ikkje er noko fenomen å merka seg i Øygarden. Dei vaksne og eldre gruppene er jamne, og det verkar ikkje som det er noko mønster for språkleg variasjon som samsvarar med ulike livsfasar. Når ein ikkje kan tala om det, vil eit alternativ vera å spørja seg om det då er slik at det har skjedd ei språkendring. Det ein ser i Øygarden, kan vera første fase i ei språkendring. Dei unge har fått eit nytt talemålmønster enn det som er omtalt som tradisjonell dialekt. Men ei språkendring vil femna om noko større enn at berre ungdomane på ein stad ikkje lenger held på det tradisjonelle talemålet. Det ”nye” språket er nytt for alle i Øygarden. Eg meiner det er legitimt å kalla det ei begynnande språkendring, fordi det er lite sannsynleg at alle ungdomane vil endra språket sitt til tradisjonelt strilemål seinare i livet. Likevel er det ikkje sannsynleg at akkurat det som resultata viser i dag, vert resultatet av den eventuelle språkendringa. Ei språkendring føregår over lang tid, og det endelege resultatet (om ein i det heile kan snakka om noko slikt i og med at språket er levande og alltid endrar seg) treng slett ikkje å verta det ein ser tendensar til i dag. Det er på grunn av at mest truleg vil ikkje tilflyttinga til Øygarden halda fram å vera så stor som ho har vore dei siste åra, og det vil føra til at språksamfunnet stabiliserer seg (jf. 6.3.3.2).

#### **6.3.4 Retninga i språkutviklinga**

På bakgrunn av dette vil eg no trekkja den slutninga at dei yngre har meir bergenske former enn dei eldre, og at det i 2009 er fleire bergenske former enn i 1983. For ikkje å trekkja konklusjonar for tidleg har eg ikkje brukt desse nemningane i resultatpresentasjonen. Men former som /kastet, kastar, jentn, soln/, som ikkje finst i andre målføre på Vestlandet enn det bergenske, meiner eg at det er legitimt å kalla for bergensformer. Dette vert yttarlegare legitimert av kapittel 2 i denne oppgåva. Der viser eg kor stor kontakten med Bergen har vorte i åra etter 1983. Saman med utviklinga i språket meiner eg at det er eit bevis for at mange av dei formene eg til no har kalla yngre, faktisk er bergensformer. Andre former kan ein ikkje seia det same om. Det gjeld til dømes avpalatalisering. Det er eit så utbreitt fenomen etter kvart at ein kan ikkje utelukkande kalla det for bergensk. Det same gjeld bortfall av differensiasjon. Dette vil eg framleis kalla yngre former. Ein kan snakka om generell nivellering, som ofte er eit resultat når dialektar møtest (at formene vert forenkla).

No er det slik at den vidare retninga er vanskeleg å spå. Dei siste åra har det skjedd utruleg mykje i Øygarden. Spørsmålet er om det vil halda fram å skje like mykje? Det er usannsynleg.

Mest truleg vil ikkje innflyttinga til Øygarden vera like stor i åra som kjem. Det er vanskeleg å tru at folketalet i Øygarden kjem til å auka med nye 60 % dei neste 26 åra. Kommunen begynner å verta svært folketett, og ein gong må eit slags mettingspunkt verta nådd. Folketalsframskrivingane tyder på noko mindre folketilvekst (innflytting) i åra fram mot 2030, men framskrivingane er baserte på den veksten som har vore dei siste åra. Øygarden kommune (2010) skriv i forslaget til ny kommuneplan at folketalet hadde samanheng med næringsutbygging (Sture og Kollsnes) og betre kommunikasjon til nabokommunane og fastlandet (jf. 2.1). Det same utkastet til kommuneplan viser at folketalet auka kraftig frå 1980 til 2007, men at det etter det har stabilisert seg (Øygarden kommune 2010 og Statistisk sentralbyrå 2010).

Med noko mindre innflytting og mindre geografiske og næringsmessige omkalfatringar kan ein sjå for seg at språksamfunnet no vil stabilisera seg med nye felles normer. Altså vil språksamfunnet framleis vera meir heterogent enn det var før, men sjølve endringane vil verta mindre. Det kjem mest truleg ikkje til å skje like mykje som påverkar samfunnet.

Om det no er slik at språksamfunnet stabiliserer seg igjen, er det ikkje sikkert at alle dei formene som så vidt har fått fotfeste i årsklasse IV, vert med vidare. Nokre av dei typiske bergenske formene, til dømes presens, preteritum og perfektum partisipp av verb (kastet, kastar), er det ikkje sikkert ein finn att i talemålet i Øygarden om 30 år. Desse formene har langt mindre førekomstar mellom yngre-gruppa enn dei meir generelle yngre formene, til dømes avpalatalisering og bortfall av differensiasjon.

I tabellen under har eg sett opp kva for variantar eg meiner er bergenske, og kva som finst i allmennorsk.

**Figur 6.3 Geografisk karakteristikk av variantane.**

Variabel	Eldre form	Mellomform	Yngre form
01 (Ö>Ø>Å) <sup>24</sup>	Strileform	Hallingdal	Allmennorsk
02 (RN>NN>DN)	Sørvestlandsk	Nordvestlandsk og austlandsk	Bymål og ekspansiv i heile landet
03 (palatalisering)	Vestlandsk og midlandsk	-	Allmennorsk
04 sterke (felleskjønn. Æ/A>EN)	Strileform	-	Bergensk og Oslo vest
04 svake (felleskjønn. Å>O>EN)	Strileform	Sunnhordlandsk	Bergensk og Oslo vest
05 (ending i presens. A>E>AR)	Vestlandsk	Finst i Rogaland	Bergensk gatespråk, Ryfylke, Telemark
06 (ending i pret. og perf.part. A>ET)	Allmennorsk	-	Bergensk og Oslo vest
07 (infinitivsending. A>E)	Sørvestlandsk	-	Bergensk og nokså dominerande i norsk.

Som figuren over viser, er det nokre fleire av dei yngre formene som går inn under kategorien bergensk. Men ser ein på resultatane, viser dei at dei unge har (med eitt unntak) høgast skåringar på yngre former i dei tilfella dei ikkje kan kallast bergenske. På variablane 01, 02 og 03 ligg dei nært opptil 100 % på yngre former, medan yngre førekomstar ligg på 15,2 % for presens av verb, 23,3 % for preteritum og perfektum partisipp og 38,5 % for infinitivsending. Dei bergensformene som skil seg ut, er substantiva. Der ligg yngre førekomstar på 70 % for dei sterke substantiva og 68 % for dei svake. Dette støttar opp om eit regionaliseringsomgrep der byen spelar ei rolle, men allmenne språktrekk er minst like viktige.

Eit oversyn over ungdomane sine resultat viser det, samstundes som det viser at ungdomsgruppa er relativt homogen.

**Tabell 6.2 Individuelle resultat, årsklasse IV. Resultat i prosent og (belegg).**

	V01			V02			V03	
	Ö	Ø	Å	DN	NN	RN	Pal+	Pal-
<b>Informant 1</b>	0 (0)	0 (0)	100 (4)	0 (0)	0 (0)	100 (17)	16,7 (1)	83,3 (5)
<b>Informant 2</b>	0 (0)	0 (0)	100 (24)	0 (0)	0 (0)	100 (19)	0 (0)	100 (20)
<b>Informant 3</b>	0 (0)	0 (0)	100 (29)	0 (0)	0 (0)	100 (14)	0 (0)	100 (23)
<b>Informant 4</b>	0 (0)	0 (0)	100 (18)	0 (0)	0 (0)	100 (17)	5,6 (1)	94,4 (17)
<b>Informant 5</b>	0 (0)	0 (0)	100 (15)	0 (0)	0 (0)	100 (9)	17,2 (5)	82,8 (24)
<b>Informant 6</b>	0 (0)	0 (0)	100 (32)	0 (0)	0 (0)	100 (21)	0 (0)	100 (29)
<b>Informant 7</b>	0 (0)	1,7 (1)	98,3 (57)	0 (0)	0 (0)	100 (16)	24 (6)	76 (19)
<b>Informant 8</b>	3,2 (2)	3,2 (2)	93,5 (58)	0 (0)	0 (0)	100 (14)	0 (0)	100 (55)

<sup>24</sup> 534 av 2767 belegg på denne variabelen er ord som ikkje kan koma frå bymål (t.d. vore, skore, hovudet, stova, bora, torv). Det tyder på at det ikkje har med leksikon å gjera, men ei forenkling i vokalsystemet.

	V04 st			V04 sv		
	-Æ	-A	-EN	-Å	-O	-EN
<b>Informant 1</b>	0 (0)	0 (0)	100 (2)	0 (0)	50 (2)	50 (2)
<b>Informant 2</b>	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)
<b>Informant 3</b>	0 (0)	0 (0)	100 (7)	0 (0)	0 (0)	100 (7)
<b>Informant 4</b>	50 (1)	50 (1)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	100 (1)
<b>Informant 5</b>	40 (2)	0 (0)	60 (3)	0 (0)	100 (1)	0 (0)
<b>Informant 6</b>	0 (0)	0 (0)	100 (7)	0 (0)	16,7 (1)	83,3 (5)
<b>Informant 7</b>	33,3 (1)	66,7 (2)	0 (0)	33,3 (1)	66,7 (2)	0 (0)
<b>Informant 8</b>	50 (2)	0 (0)	50 (2)	33,3 (1)	0 (0)	66,7 (2)

	V05			V06		V07	
	-A	-E	-AR	-A	-ET	-A	-E
<b>Informant 1</b>	15,4 (2)	84,6 (11)	0 (0)	100 (12)	0 (0)	100 (6)	0 (0)
<b>Informant 2</b>	17,9 (7)	82,1 (32)	0 (0)	100 (5)	0 (0)	89,5 (17)	10,5 (2)
<b>Informant 3</b>	0 (0)	0 (0)	100 (34)	0 (0)	100 (9)	6,2 (3)	93,7 (45)
<b>Informant 4</b>	20 (7)	80 (28)	0 (0)	100 (8)	0 (0)	100 (26)	0 (0)
<b>Informant 5</b>	10 (2)	90 (18)	0 (0)	85,7 (6)	14,3 (1)	94,1 (16)	5,9 (1)
<b>Informant 6</b>	16,7 (8)	83,3 (40)	0 (0)	75 (3)	25 (1)	43,2 (19)	56,8 (25)
<b>Informant 7</b>	2,3 (1)	97,7 (42)	0 (0)	100 (10)	0 (0)	96,1 (49)	3,9 (2)
<b>Informant 8</b>	32,4 (12)	48,6 (18)	18,9 (7)	40 (2)	60 (3)	44,4 (16)	55,6 (20)

**Tabell 6.3** Snitt tradisjonelle (eldre) former i årsklasse IV.

Informant	Snitt tradisjonelle former
<b>Informant 1</b>	29 %
<b>Informant 2</b>	25,9 %
<b>Informant 3</b>	0,8 %
<b>Informant 4</b>	34,5 %
<b>Informant 5</b>	30,1 %
<b>Informant 6</b>	16,9 %
<b>Informant 7</b>	36,1 %
<b>Informant 8</b>	25,4 %

Dei fleste ungdomane ligg på rundt 30 % tradisjonelle former. Det er to som skil seg ut, og det er informant 3 med 0,8 % eldre former og informant 6 med 16,9 % eldre former. Altså har seks av dei åtte ungdomane omtrent same resultat for eldre former. I og med at det er denne gruppa som viser eit nytt mønster i språkbruken, er det interessant å sjå at den er så homogen. Eg har argumentert for eit meir heterogent språksamfunn, og det held eg fast ved. Sjølv om desse ungdomane (som går på ungdomsskule i lag no, og mange av dei har gått på barneskule/i barnehage saman) ikkje viser så ujamne resultat, så betyr ikkje det at språksamfunnet som heilskap er homogent. Dei andre gruppene (vaksne og eldre bergensarar, strilar og andre) utgjer ein større del av samfunnet samla sett enn desse ungdomane. Det dette

resultatet derimot kan seia oss noko om, er korleis språket kjem til å sjå ut i framtida. At den gruppa som står for den største endringa er så homogen, tyder på at ein ikkje skal oversjå desse resultata. Dei er så jamne, at det kan vera med å underbyggja ein påstand om at dette er ei verkeleg språkendring i startfasen. Ein kan ikkje sjå vekk ifrå at (mange av) desse formene vil følgja med vidare.

Dersom det no er slutt på den store innflyttinga til Øygarden og samfunnet (annleis enn tidlegare, men meir homogent enn no) gjenvinn eit stabilt og normalt aukande folketal, kan det vera at denne stabiliseringa fører til at bergensformene vert pressa ut igjen. Det er ikkje slik at eit innrykk frå Bergen fører til at talemålet i Øygarden går under så fort. Det er framleis strilemålet (eldre former) som dominerer øygardssamfunnet, og det ville vera underleg om det gjekk under så fort.

Eg meiner likevel det er opplagt at det tradisjonelle strilemålet (slik det er beskrive i grammatikkskissa) i stor grad vil forsvinna frå kommunen med årsklasse II (mellom-gruppa i 2009). Dei yngre formene som ikkje er bergensk, har fått godt fotfeste mellom dei yngste informantane, og eg trur at desse meir moderate yngre formene (som ein kan kalla yngre strilemål) vil få større utbreiing i kommunen. Det burde òg diskuterast om ikkje barn frå Bergen som kjem til Øygarden, får strileformer inn i sitt språk. Det ville vore spesielt dersom ei gruppe med barn og ungdomar som har bergensk som sitt mål, ikkje endra på dette i det heile i løpet av ein viss periode i Øygarden. Denne gruppa ville det vore svært interessant å undersøkje og samanlikna med ungdom frå Øygarden. Då ville ein gjerne fått eit litt anna perspektiv på språkendringa.

## **6.4 Tilbakeblikk på problemstillingane og samling av trådar**

Som eg har vist i dei siste underkapitla, finst det mange alternativ til forklaringar på språkendring. Og det er ikkje ein gong heilt sikkert at ein kan kalla det som har skjedd i Øygarden, for ei språkendring. At noko skjer, er det ingen tvil om, men kva som skjer, må tida få visa. Å laga ein eintydig konklusjon på bakgrunn av resultata mine er inga enkel oppgåve, og derfor skal eg heller ikkje prøva på det. Det er svært mange faktorar som spelar og har spelt inn på samfunnet og dermed òg språket og språknormene. Men eg skal samla litt trådar og forsøkja å laga ei konkluderande oppsummering.

Problemstillinga mi var delt i to delar. Den første delen var deskriptiv. Dei tradisjonelle dialektformene heldt seg godt mellom alle innbyggjarane inntil brua kom, men det er ein klar tendens til at dei unge i Øygarden i dag ikkje bruker desse formene i like stor grad som dei

eldre og vaksne. Ser ein samfunnet (alle informantane) under eitt, viser det seg at språkbruksmønsteret ikkje er slik i dag som det var i 1983. Auken i bruk av yngre former er ikkje så stor i alle variablane, men han er der. Deler ein informantane inn i årsklassar, viser det seg at det hovudsakleg er årsklasse IV (fødd etter 1980) som bruker yngre former. Dei eldre held på målet, og i enkelte tilfelle har eldre-gruppene fleire førekomstar av eldre former i 2009 enn i 1983.

Den andre problemstillinga gjeld forklaring. Eg har peika på mange mulege forklaringar til det mønstret resultatata viser. Sett under eitt er desse forklaringane i kombinasjon best. Eg trur at i mange av tilfella er forenkling ein faktor som kan vera utløysande, men at dette ikkje i seg sjølv er forklaring nok, spesielt ikkje når ein ser at det er dei unge som får eit nytt mønster, og det er nettopp dei som har vakse opp etter at språksamfunnet Øygarden vart råka av store geografiske og sosiale endringar. Endringane har ført til flyttingar, utvida kontaktflate, møte mellom kulturar, nye interaksjonar og endringar i samspelet mellom ulike individ og mellom individ og samfunn. Dette ser ut til å påverka talemålet til barn som skal læra språk, men ikkje dei vaksne og eldre. Dei nye pendlingsmønstra og endra kontaktane ser ikkje ut til å ha noko å seia for språket deira.

Nye tilflytta menneske med anna talemål fører til ny kontakt, og språksamfunnet er i dag meir heterogent. Påverknaden utanfrå (barnehage og skule hovudsakleg) er ein annan enn han var for 30 år sidan. Bergen som regionssenter står sterkt, og etter at Øygarden kom nærmare byen, har kanskje regionsidentiteten vorte forandra. Dette har eg ikkje materialgrunnlag for å finna ut av. Eg har tru på at eit nytt normsett er under utvikling. Men eg trur ikkje at strilemålet, strileidentiteten og strilekulturen forsvinn. Han vil derimot eksistera i ei nyare form.

## 7. Avslutning

### 7.1 Oppsummering av arbeidet

Arbeidet med denne masteroppgåva vart større enn venta. Metoden med panel- og trendgransking har vore spanande å utforska, men òg utfordrande. Å gjera ei slik gransking gir oss eit godt bilete på språkending og språkleg variasjon, men samstundes tenkjer eg at det kunne vore tenleg å gjennomføra to granskingar der ei var ei trendgransking og reint kvantitativ, medan ei anna kunne vera panelgransking og meir kvalitativ. Deretter kunne ein jamføra desse to. Panelgranskinga har fått liten plass i denne oppgåva. Det synest eg ikkje er bra, men eg har måtta prioritert ut frå kva eg meinte var interessante resultat i høve til problemstillingane og hypotesane mine.

Å læra seg eit nytt program for merking og statistikk var òg ei utfordring. Det var ikkje berre eit nytt program for meg, men det vart nylaga til prosjektet. Det har som dei fleste andre nyskapingar ikkje alltid fungert feilfritt, og det har ført til ein del usikkerheit rundt arbeidet med merking og resultat. Når det begynte å fungera, viste det seg å vera eit svært nyttig og effektivt program.

Som tidlegare nemnt er denne oppgåva ein del av eit større prosjekt, Dialektendringsprosessar. Når eg no avsluttar dette arbeidet kan det vera med å belysa hovudproblemstillinga for prosjektet, som er ”å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsending og språkending” (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2008:1). Eg har vist ein klar samanheng mellom samfunnsending og språkending. Det vert spanande å sjå om resultatata frå dei andre stadene viser like stort samsvar mellom samfunnsutvikling og språkutvikling, og i kva grad haldningsgranskingane samsvarer med språkutviklinga.

### 7.2 Vidare arbeid

På grunn av dei enorme mengdene med materiale som prosjektet har, ligg det godt til rette for meir forskning i det. Som eg viser i kapittel 2.6, har eg valt ut variablar med hard hand. Det er mange språklege variablar som kan og bør undersøkjast. Alt materialet er ferdig behandla, så det ligg klart til bruk. Mellom anna kan eg nemna at alle dei fire variablane om segmentasjon og differensiasjon burde vore utførleg analyserte, og det same gjeld alle dei morfologiske variablane.

Panelinformantane mine er svært verdifulle, og om tjue til tretti nye år kan ein faktisk få panelinformantar gjennom tre generasjonar. Då kan ein jamføra materiale frå 1983, 2009 og eit seinare år for å sjå vidare på utviklinga. Ein får då òg sjekka dagens ungdom som panelinformantar, og det kan verta svært interessant i og med at dei er den gruppa som har eit endra talemålmønster. Det ville vore interessant å sjå kva som skjer med språksamfunnet og kva det eventuelt vil ha å seia for språket.

Skarre-r-en har, som så mange andre stader, kome til Øygarden. Det som kunne vore interessant å finna ut av, er skilnaden mellom nord og sør. Tradisjonelt har dei sør i kommunen hatt rulle-r mykje lenger og i langt større utbreiing enn dei nord i kommunen. Det verkar som dette skiljet oppstår i det som i dag er mi vaksne aldersgruppe, og at det kan ha samanheng med det gamle kommuneskiljet.

I denne oppgåva har eg skrive ein del om språksamfunnet og nye normer. Mykje av materialet handlar om nettopp dette. Som eg har skrive var del to av intervjuet ein folkelingvistisk del, og den er interessant på fleire måtar. Gjennom å analysa det kan ein få djupare innsyn i informantane sine (bevisste) haldningar til språket, lokalsamfunnet, storbyen Bergen, regionen osv. Det kunne kasta lys over språkendinga på ein annan måte enn det mi gransking har gjort.

Dette er ei gransking av det generelle talemålet i Øygarden, og eg var derfor opptatt av å ha relativt mange variablar og informantar. Ein konsekvens av det er at eg ikkje har hatt mulegheit til å gå inn på kvar enkelt. Ein grundig analyse av kvar variabel ville vore interessant for å kasta lys over korfor dei utviklar seg slik dei gjer. Då kunne ein funne ut av den spesielle V04, og ein ville fått eit meir detaljert bilete på korfor språket endrar seg som det gjer i dei ulike årsklassane og aldersgruppene. Kva er det som endrar seg først når bergensk møter stril, og korfor er det slik?

Ei gransking av talemålet til barn over 6 år som flyttar frå Bergen til Øygarden, ville vore interessant for å sjå om dei endrar talemålet sitt til noko nærmare striledialekten. Som eg skisserar i kapittel 6.3.12, ville det vore noko rart om dei ikkje endrar talemålmønster i det heile, og ei gransking av det som kunne jamførast med denne (eller ei meir inngåande gransking av ungdomar i Øygarden), ville gjerne fortalt noko om korleis og korfor det nye talemålet vert som det vert.

## Samandrag

Tittel: *"Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år." Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden.*

Student: Silje Villanger

Rettleiar: Professor Helge Sandøy

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

30.august 2010.

Denne sosiolingvistiske oppfølgingsgranskinga er ein del av prosjektet Dialektendringsprosessar og tar føre seg variasjon og endring i talemålet i Øygarden. Granskinga byggjer på eit datamateriale som var innsamla av Vidar Antonesen i 1983 og av meg sjølv hausten 2009. Materialet til Antonesen har vorte behandla på nytt, og eg har undersøkt sju språklege variablar ved å samanlikna materialet frå dei to opptaksåra. Eg har brukt 24 informantar, der fire av desse er panelinformantar som òg var med i Antonesen sine opptak frå 1983. Metodisk er ikkje granskingane frå -83 og -09 like, og det er derfor eg har handsama Antonesen sitt materiale på nytt.

Undersøkinga er både synkron og diakron, då ho tar føre seg både variasjon i dag og endringar som har skjedd i løpet av dei 26 åra. Eg beskriv kva som har skjedd med talemålet og testar det opp mot fem hypotesar. Det har eg gjort ved å systematisera alt materialet og samanlikna det. Deretter har eg forsøkt å forklara korfor språket har utvikla seg slik det har, og korfor den variasjonen som er eksisterer. Vidare forsøker eg å diskutera retninga i språkutviklinga, altså kva retning språket har tatt og kva som ser ut til å skje med talemålet i Øygarden i framtida. Det gjer eg hovudsakleg ved å sjå på samfunnsmessige endringar som har skjedd i åra mellom opptaka. Eg supplerer med litt informantkommentarar.

Dei viktigaste funna eg har gjort er at dei yngste i 2009 (ungdomsskuleelevar) har langt fleire førekomstar av yngre former enn dei vaksne og eldre. Dei to vaksen-gruppene har svært høge prosenttal for tradisjonelle former både i 1983 og i 2009. Ein ser tendensar til eit nytt mønster mellom dei yngste språkbrukarane. Nokre av endringane kan delvis forklarast som språklege forenklingar, men der har òg skjedd store samfunnsmessige omkalfatringar i Øygarden på dei 26 åra som er mellom granskingane. Mellom anna har det kome mange nye

tilflyttarar og kommunen har fått ferjefritt samband til fastlandet. Det har ført til større sosial mobilitet, nye språklege påverknader og generelt store endringar i språksamfunnet. Dei som var yngre i 1983 har tatt med seg språket dei hadde då til 2009 (når dei er vaksne), og det tydar på ei språkleg generasjonsendring ("verkeleg" språkendring).

## Abstract

Title: “ *It would have been cool if we spoke “strilsk”<sup>25</sup> in a hundred years from now.*” A sociolinguistic longitudinal study of the spoken language in Øygarden.

Student: Silje Villanger

Supervisor: Professor Helge Sandøy

Department of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies

University of Bergen

30.8.2010

This sociolinguistic follow-up study is part of the project “Dialektendringsprosessar”, and the topic is variations and changes in the spoken language in Øygarden. The study is based on material gathered by Vidar Antonesen in 1983, and by me in the autumn of 2009. Antonesen’s material has been reviewed, and I have studied seven spoken variables by comparing the material from the two studies. I have had 24 informants, of which 4 are panel informants who also took part in Antonesen’s study in 1983. The methods used in the two studies are different, and I have therefore re-processed Antonesen’s material.

The study is both synchronic and diachronic as I have investigated both contemporary variations and changes that have taken place during the 26 years between the studies. I describe how the spoken language has changed and verify 5 hypotheses. This has been done by systemizing and comparing all the material. Next I have tried to explain why the language has changed the way it has, and why the contemporary variations occur. Furthermore I have discussed the tendencies in the changes, and what changes that most likely will take place in the spoken language in Øygarden in the future. I do this by investigating social changes that have taken place in the period between 1983 and 2009. This is supplied by remarks given by the informants.

I have found that the youngest informants in 2009, 13 to 15 year olds, have much younger variations of words in their spoken language than grown ups and the elderly. The two groups of grown ups have a very high percentage of traditional variations both in 1983 and in 2009. You can also find an emerging new pattern of changes in the youngest group. Some of the

---

<sup>25</sup> ”Strilsk” is a very local word for the people who could row to Bergen in one day.

changes can be explained by a simplification of the language, but great social changes have taken place in Øygarden in the 26 years between the studies. There has been an influx of new habitants, and the community is now connected by bridge to the mainland. This has led to a greater social mobility, and the spoken language has to a greater extent been influenced by other dialects. Those who were young in 1983 have not changed their spoken language in these 26 years. This indicates that there is now a language gap between the generations.

## Litteratur

- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune.* (Doktorgradsavhandling). Bergen: Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum. 2003. "Sosiolingvistisk metode". I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.* Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 71-86.
- Akselberg, Gunnstein. 2003. "Talevariasjon i Noreg". I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.* Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 145-166.
- Antonesen, Vidar. 1988. *Fonologien i Øygardsdialekten. En argumentativ beskrivelse.* Bergen. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Birkeland, Mariann. 2008. *"Dei e teite og dei e mæer stril enn oss." Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i nordhordlandskommunane Meland og Radøy.* (Mastergradsoppgåve). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Bleikli, Cathrine. 2005. *"Da har ingenting med identiteten te vaksdølingane å gjera – da e eg sikker på": ei sosiolingvistisk undersøking av lokal identitet, språknormer, haldningar og språkbruk på Vaksdal.* (Mastergradsoppgåve). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Ertresvaag, Egil. 2001. *Strilesoga. Nord- og midhordland gjennom tidene. Frå 1914 til i dag.* Bergen. Eide Forlag.
- Grønmo, Sigmund. 1996. "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i samfunnsforskningen". I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.); *Kvalitative metoder i samfunnsforskning.* Oslo: Universitetsforlagets Metodebibliotek. 73-108.
- Grønmo, Sigmund. 2004. *Samfunnsvitenskapelige Metoder.* Bergen. Fagbokforlaget.
- Haugen, Ragnhild. 2004. *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal.* (Doktorgradsavhandling). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hernes, Reidunn. 2006. *Talemål I endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os.* (Doktoravhandling). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hudson, Richard A. 1996: *Sociolinguistics.* Cambridge: Cambridge University Press.
- Holmes, Janet. 1996. Review. I: *Language in Society.* Vol. 25, No.2. Juni 1996. 301-305.
- Kerswill, Paul. 1994. *Dialects Converging. Rural Speech in Urban Norway.* Oxford: Clarendon Press.

- Kerswill, Paul og Ann Williams. 2002. "Creating a New Town koine. Children and language change in Milton Keynes". *Language in Society* 29: 65-115.
- Kerswill, Paul. 2002. "Koineization and Accommodation". I: J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes (red.); *The Handbook of Language Variation and Change*. Oxford, Massachusetts. Blackwell Publishers. 669-702.
- Kristiansen, Tore. 1996. "Sprogholdninger og sprogpolitik." I: Gregersen, Frans m.fl.; *Dansk Sproglære*. Dansk lærerforening. 315-337.
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change. Volume 1: Internal Factors*. Oxford: Blackwell.
- Labov, William. 2001. *Principles of Linguistic Change. Volume 2: Social Factors*. Oxford: Blackwell.
- Labov, William. 2003. "Some Sociolinguistic Principles". I: Paulston, Christina Bratt og G. Richard Tucker (red.); *Sociolinguistics*. Oxford: Blackwell.
- Le Page, Robert B. og André Tabouret-Keller 1985: *Acts of identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Marøy, Beate Husa. 1998. *Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet på vestlandsøya Fedje*. (Hovudfagsoppgåve). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Milroy, Lesley og Matthew Gordon. 2003. *Sociolinguistics. Methods and Interpretation*. Oxford: Blackwell.
- Milroy, Lesley. 1992: *Linguistic variation and change: on the historical sociolinguistics of English*. Oxford: Blackwell.
- Milroy, Lesley, 1987: *Observing and analysing natural language : a critical account of sociolinguistic method*. Oxford: Basil Blackwell.
- Mæhlum, Brit. 1996. "Norsk og nordisk sosiolingvistikk – en historisk oversikt". I: Henriksen, C. et al. (red.): *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Oslo: Novus Forlag. 175-225.
- Mæhlum, Brit. 2003. "Språk og indetitet". I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 104-124.
- Mæhlum, Brit. 2003. "Normer". I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 87-103.

- Nordvik, Bernt Eirik. 2010. *Lokalavisa – nynorskbastion under press. Eit språkkulturelt blikk på avisene Vestnytt og Os og Fusaposten.* (Mastergradsoppgåve.) Bergen: Universitetet i Bergen.
- Omdal, Helge. 1994. *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand.* (Doktorgradsavhandling.) Uppsala: Institutionen för nordiska språk vid Uppsala Universitet.
- Papazian, Eric. 2007. ”Indre og ytre årsaker til språkendring – ei drøfting.” I: Akselberg, Gunnstein og Johan Myking (red.); *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.07.* Oslo: Novus forlag. 161-168.
- Rundhovde, Gunnvor. 1964. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål.* Hamre Folkeopplysningsråd.
- Rundhovde, Gunnvor. 1976. ”Målføra eller dialektane i hordalandsbygdene og i Bergen by”. I: Gunnar Hagen Hartvedt (red.); *Bygd og by i Norge. Hordaland og Bergen.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. 394-408.
- Røyneland, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset.* (Doktorgradsavhandling). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap.* Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål.* Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 2003. ”Kontakt og spreining”. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik.* Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 225-247.
- Sandøy, Helge. 2003. ”Språkendring”. I: Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik.* Oslo. Cappelen Akademisk Forlag. 197-224.
- Sandøy, Helge. 2006. ”Språk og region i historisk perspektiv”. I Jan Ragnar Hagland (red.). *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.-15. Oktober 2005.* (Skrifter 2006-1.). Trondheim: DKNVS. 20-39.
- Sandøy, Helge, Gunnstein Akselberg og Gjert Kristoffersen. 2008. *Dialektendringsprosessar. Prosjektskisse.* Bergen: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske stadium, Universitetet I Bergen.
- Schiefloe, Per Morten. 2003. *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse.* Bergen: Fagbokforlaget.

- Selback, Bente. 2006. "Skisse over grammatikken i øygardstalemålet". Upublisert.
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Statistisk Sentralbyrå. 1981. "Folke- og bustadteljing 1980. 1259 Øygarden". Kommunehefte. Kongsvinger: Statistisk Sentralbyrå.
- Toreid, Trude. 1999. "Frå badnahagje til barnehage": *Ei sosiolingvistisk gransking av jondalsmålet*. (Hovudfagsoppgåve). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Trudgill, Peter, 1986: *Dialects in contact*. Oxford: Basil Blackwell.
- Venås, Kjell. 1991. *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag.
- Øygarden kommune. 2006. "Kommuneplan for Øygarden. Langsiktig del med arealdel 2006-2014". Øygarden: Øygarden kommune.
- Øygarden kommune. 2010. [Kladd til ny kommuneplan. Ikkje vedteken.]
- Aasmundseth, Kathrine. 2010, under utarbeiding. (Mastergradsoppgåve.) Bergen.

### **Internettider:**

Altaposten: <http://www.altaposten.no/meninger/leder/article353086.ece> (lese: 18.8.10).

Bergensavisen: <http://www.ba.no/nyheter/politikk/article3387057.ece> (lese: 18.8.10).

Hordaland Fylkeskommune: <http://statistikk.igest.no/hf/> (lese: 18.8.10).

Norsk Nettskole:

<http://www.norsknetskole.no/fag/ressurser/itstud/fuv/cathrinesnipsoyr/mariakirken4.htm>.

(lese: 18.8.10).

Norsk talespråkskorpus - Oslodelen, Tekstlaboratoriet, ILN, Universitetet i Oslo.

<http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html> (lese: 18.8.10).

Regjeringa: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/aktuelt/nyheter/2009/navarsete-vil-ha-motmakt-mot-oslo-domina.html?id=587495> (lese: 18.8.10).


Petroleumskartet: <http://www.histos.no/oljemuseet/vis.php?kat=3&id=25> og <http://www.histos.no/oljemuseet/vis.php?kat=3&id=27> (lese: 18.8.10).

Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/fobpend> og <http://www.ssb.no/kommuner/1259> (lese: 18.8.10).

Store Norske Leksikon: <http://www.snl.no/soveby> (lese: 31.8.10).

Øygarden kommune: [oygarden.kommune.no](http://oygarden.kommune.no) (lese: 18.8.10).

## Vedlegg 1: Kart over busetnadsmønsteret i Øygarden.



([http://www.ssb.no/kommuner/kart\\_bosetting/1259-bosetting.jpg](http://www.ssb.no/kommuner/kart_bosetting/1259-bosetting.jpg))

## Vedlegg 2: Dialektbakgrunn

### Dialektbakgrunn, Øygarden

Nr. 99

#### A Du

1. Fødselsår: \_\_\_\_\_
2. Kjønn: \_\_\_\_\_
3. Kvar bur du no? (Skriv namnet på f.eks. bygda.) \_\_\_\_\_
4. Kor lenge har du budd i Øygarden? \_\_\_\_\_
5. Kva fer studieretning har du planar om å ta på vidaregåande skule?  
\_\_\_\_\_
